



Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

**Vern av Breheimen – Mørkridsdalen.
Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø**

Utgave: 3
Dato: 2008-04-19

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver: Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Raporthavn: Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø
Utgave/dato: 1 / 2008-05-19
Arkivreferanse 516378

Oppdrag: 516378 – Konsekvensutredning for vern av Breheimen - Mørkridsdalen
Oppdragsbeskrivelse: Beskrivelse
Oppdragsleder: Jan Martin Ståvi
Fag: Kulturminner
Tema Kulturminner og Kulturmiljø
Forfatter: Astrid Storøy
Faglig bistand: Kjell Arne Valvik og Annette Booth
Asplan Viak AS www.asplanviak.no

KVALITETSKONTROLL

Utført av: Jan Martin Ståvi
Dato: 2008-05-18



Mørkridsdalen (Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Foto: Vatne Vision.

INNHOLD

1	SAMANDRAG	6
2	INNLEIING.....	13
2.1	Bakgrunn og formål	13
2.2	Utgreiingsområdet	13
3	UTGREIINGSPROGRAMMET	15
3.1	Utdrag frå utgreiingsprogrammet og utgreiingsalternativa	15
3.2	Omfang av arbeidet og innhaldet i rapporten.....	16
3.3	Avgrensing mot andre fagtema.....	16
4	METODE	17
4.1	Val av metode.....	17
4.2	Definisjon av kulturminne og kulturmiljø	17
4.3	Vurderingar av verdi.....	17
5	NATURLANDSKAP OG NATURFORHOLD.....	19
6	KULTURHISTORIE OG BRUK	20
6.1	Eldre steinalder (ca. 8000 - 4000 f.Kr.)	20
6.1.1	Kulturminne frå eldre steinalder.....	21
6.2	Yngre steinalder (ca. 4000 - 1800 f.Kr.) og bronsealder (ca. 1800 - 500 f.Kr.)	23
6.2.1	Jordbruk.....	23
6.2.1.1	Skålgröpsteiner.....	23
6.2.2	Jakt og fangst/ veidemannskultur	24
6.2.2.1	Elgfangst.....	24
6.2.2.2	Villreinfangst.....	24
6.2.3	Buplassar/ hellarar/ holer.....	27
6.2.4	Kulturminne frå yngre steinalder og bronsealder	28
6.3	Jernalderen (500 f.Kr. - 1030 e.Kr.)	29
6.3.1	Utmarksbruk av jordbrukskarakter.....	29
6.3.2	Utmarksbruk av annen karakter	30
6.3.2.1	Villreinfangst.....	31
6.3.2.2	Jernutvinning.....	31
6.3.2.3	Ferdsel.....	32
6.3.2.4	Gravfunn.....	32
6.3.3	Kulturminne frå jernalder	32
6.4	Mellomalder (1030 -1536/37 e.Kr.)	36
6.4.1	Stølsdrift.....	36
6.4.2	Jakt og fangst.....	38
6.4.2.1	Falkefangst.....	38
6.4.3	Segn	39
6.4.4	Jernvinneanlegg og tjæremiler	40
6.4.5	Kulturminne frå mellomalder	40
6.5	Etterreformatorisk tid (1536/37 e.Kr. - vår tid).....	40
6.5.1	Jakt og fangst/ veidemannskultur	40
6.5.1.1	Falkefangst.....	40

6.5.1.2	Den eldre geværjakta på rein.....	41
6.5.1.3	Tamreindrift.....	41
6.5.1.4	Samiske kulturminne.....	41
6.5.1.5	Nyare buer.....	42
6.5.2	Jordbruk.....	43
6.5.2.1	Vassvegar.....	43
6.5.2.2	Stølsdrift.....	45
6.5.3	Skogbruk	47
6.5.4	Segn	47
6.5.5	Ferdsel.....	49
6.5.5.1	Driftevegar.....	49
6.5.5.2	Stølsvegar.....	50
6.5.5.3	Verna vegrar.....	51
6.5.6	Reiseliv.....	53
6.5.6.1	Den Norske Turistforening.....	53
6.5.7	Kulturlandskap Bøverdalen	54
6.5.8	Kulturminne frå nyare tid	55
6.5.8.1	Vassvegar.....	55
6.5.8.2	Stølar.....	56
6.5.8.3	Gamle ferdelsvegar.....	62
6.5.8.4	Gamle bruar i Luster	63
6.5.8.5	Falkefangaranlegg	63
7	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	64
7.1	Inndeling i kulturmiljø	64
7.2	Kulturmiljø i Mørkridsdalen, Luster (A).....	66
7.2.1	Overordna kulturmiljø	66
7.2.2	Lokale kulturmiljø i Mørkridsdalen	67
7.2.3	Vurdering av verneverdi	68
7.3	Kulturmiljø i Vigdalen, Luster (B)	70
7.3.1	Overordna kulturmiljø.....	70
7.3.2	Lokale kulturmiljø i Vigdalen.....	70
7.3.3	Vurdering av verneverdi	71
7.4	Kulturmiljø i Høydalsvatnet med Krosshø og Sognefjellsvegen, Lom (C)	72
7.4.1	Overordna kulturmiljø	72
7.4.2	Lokale kulturmiljø i Høydalsvatnet med Krosshø og Sognefjellsvegen	73
7.4.3	Vurdering av verneverdi	73
7.5	Kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk (D)	74
7.5.1	Overordna kulturmiljø	74
7.5.2	Lokale kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk	76
7.5.3	Vurdering av verneverdi	77
7.6	Kulturmiljø i Breheimenmassivet, Luster, Skjåk og Lom (E)	78
7.6.1	Overordna kulturmiljø	78
7.6.2	Lokale kulturmiljø i Breheimenmassivet, Luster, Skjåk og Lom	79
7.6.3	Vurdering av verneverdi	83
8	VIRKNING OG KONSEKVENS.....	85
8.1	Vern generelt	86
8.2	Forskriftsmalar og alternative verneformer	86
8.3	0-alternativet.....	86
8.3.1	Eksisterande planar og trugsmål mot kulturminne/kulturmiljø.....	86

8.3.1.1	Motorferdsel.....	86
8.3.1.2	Jordbruk og stølsdrift.....	87
8.3.1.3	Skogbruk.....	87
8.3.1.4	Masseuttak grus.....	87
8.3.1.5	Kraftressursar.....	88
8.3.1.6	Reiseliv/ friluftsliv.....	88
8.3.1.7	Veidemannskulturen.....	89
8.3.1.8	Samla virkning og konsekvens av 0-alternativet.....	90
8.4	Alternativ 1A	90
8.4.1	Nasjonalpark som hovedverneform	90
8.4.1.1	Virkning - nasjonalpark som verneform	92
8.4.2	Landskapsvernområde som verneform	93
8.4.2.1	Virkning - landskapsvernområde som verneform.....	94
8.4.3	Naturreservatreglar.....	96
8.4.4	Samla virkning alternativ 1A.....	97
8.5	Alternativ 1B	97
8.5.1	Nasjonalpark som hovedverneform	97
8.5.1.1	Virkning - nasjonalpark som verneform	97
8.5.2	Landskapsvernområde som verneform	97
8.5.3	Samla virkning alternativ 1B.....	97
8.6	Alternativ 2.....	98
8.6.1	Landskapsvernområde som hovedverneform	98
8.6.1.1	Virkning - landskapsvernområde som verneform.....	98
8.6.2	Samla virkning alternativ 2	108
8.7	Samla konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.....	108
9	AVBØTANDE TILTAK	101
9.1	Skjøtsel/ restaurering/ tilrettelegging.....	101
9.2	Justering av vernegrense	101
10	VURDERING AV GRUNNLAGSMATERIALE OG BEHOV FOR VIDARE ARBEID.....	102
	KJELDER	104
	VEDLEGG	107

1 SAMANDRAG

Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane forbereder eit forslag til vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Det skal nyttast tre sett med verneregler i utgreiinga; nasjonalpark, landskapsvern-område og naturreservatreglar.

Utgreiinga er ei samanfatning av dei opplysningane det er offentleg tilgang på i høve til kjente kulturminne og -miljø i utgreiingsområdet. Kartlegginga av kulturminne er basert på tidlegare kjende registreringar. Det er ikkje føretatt synfaringar i felten. Analysen er gjennomført i høve til metodikk for vurdering av ikkje prissette konsekvensar beskrive i Vegvesenets Handbok 140, samt Riksantikvarens rettleiar om "Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar".

Breheimen er eit høgfjellsområde der store delar av området består av høgareliggjande fjellparti med varierande topografi. Det er få innsjøar i området, men mange isbrear. Landskapet pregast av fleire lange og trонge dalføre med bratte dalsider. Det er store klimatiske forskjellar med oseanisk klima i vest, og kontinentalt klima i aust.

Reinen har gjennom ein lang utviklingsprosess tilpassa seg dei karrige tilhøva og ressursane i høgfjellet. I løpet av tida mellom år 7500-7000 f.Kr. trekte den store innlandsisen seg attende. På grunnlag av buplassfunn på Hardangervidda og i Lærdalsfjella kan vi rekne med at delar av Breheimen innan år 7000 f.Kr. var leveleg område for menneska som baserte seg på reinsjakt. Spor etter villreinfangsten finn vi både som lausfunn og som permanente jakt- og fangststinnretningar. Det er først og fremst dyregravene som skil seg ut. Skinntelt eller enkle torvgammer har truleg vore vanlegast husly i eldre steinalder, i tillegg til hellarar og holer. Skiljet mellom eldre og yngre steinalder er sett til år 4000 f.Kr då ein finn dei første spora etter husdyrhald og åkerdyrking.

Tidsalder	Periode	kalenderalder
Eldre steinalder	Tidligmesolittikum (TM)	9200 - 8050 f.Kr
	Mellommesolittikum (MM)	8050 - 6400 f.Kr
	Senmesolittikum (SM)	6400 - 4000 f.Kr
Yngre steinalder	Tidligeolittikum (TN)	4000 - 3300 f.Kr
	Mellomneolittikum A (MNA)	3300 - 2800 f.Kr
	Mellomneolittikum B (MNB)	2800 - 2400 f.Kr
	Senneolittikum (SN)	2400 - 1800 f.Kr
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	1800 - 1000 f.Kr.
	Yngre bronsealder (YBA)	1000 - 500 f.Kr
Jernalder	Førromersk jernalder (PRJA)	500 - Kr.f.
	Romertid (RT)	Kr.f - 400 e.Kr
	Folkevandringstid (FVT)	400 - 570 e.Kr
	Mcrovingertid (MVT)	570 - 800 e.Kr
	Vikingtid (VT)	800 - 1030 e.Kr
Mellomalder	(MA)	1030 - 1537 e.Kr
Nyare tid		1537 e.Kr -

Tidsperiodar omtala i rapporten.

Perioden **yngre steinalder (4000-1800 år f.Kr.)** og **bronsealder (ca. 1800- 500 f.Kr.)** er ei brytingstid mellom fangst og jordbruk. Med jordbrukskulturen vart menneska meir bufaste. Mykje tydar på at det tidlege jordbrukskulturen vart ei tilleggsnærer til jakt og fangst. Innslag av jordbruk er påvist på Lesja innafor perioden 2500-2000 f.Kr. på grunnlag av pollenanalyse. Når dei første permanentebygningane vart sett opp er noko uvisst, men truleg går det attende til perioden 1200 – 400 f.Kr. På Høgdegarden Ormelid i Fortunsdalen i Luster er et avdekka ein klar samanheng mellom garden og bruken av fjellområda. Spor


etter helleristningslokalitetar (bergkunst) i form av skålgroper eller offergroper er registrert i Luster, m.a. på stølen Åsete. Den vanlege oppfatninga er at skålgropene truleg er i bruk frå bronsealderen.

Fangstmetodane for rein og elg vart utvikla i denne perioden. Registreringar viser at fangstfolka har vore framragande planleggarar, og hadde ein eineståande kunnskap om vanane og handlemåten til dyra. Det er grunn til å tro at fangst av elg har gått føre seg like lenge som villreinfangsten. Gravfangst av elg har vore omfattande i Skjåk, og den store konsentrasjonen av anlegg omkring Tundramoen i Skjåk er eineståande. Dyregravene som fangstinnretning var basert på trekkevegane til reinen. Fangstfolka brukte leiegjerder som kunne strekke seg fleire kilometer frå fangstanlegg for å auke moglegheita for fangst. Funn av pilspissar tyder på at jakt med pil og bøge i store system av bogestelle kan vere ei like gammal jaktform som bruk av dyregraver. Plassering av buplassar hadde nært samband til fangstanlegg og gode beiteområde, og vart bygd av steinmurar (tørrmurar) i kopling med naturlege terrengformasjonar som søkk i bakken, berghamarar, flyttblokker eller hellerar/overheng i terrenget. Kring Styggevatnet/Austevatnet er det registrert i alt ni hellerar. I fire av desse er det klåre spor etter busetnad i steinalderen.

Utviklinga av jordbruket ekspanderte ut over i **jernalderen (500 år f.Kr – 1030 e.Kr.)**, og omfatta to driftsformer; åkerbruk og husdyrhald. Innafor åkerbruket utvikla det seg to typar knytt til jordbruket og anna ressursutnytting i utmarka, som t.d. jakt, fangst, jernvinne, tjøreproduksjon og steinbrot. I Breheimen er det klåre spor etter alle desse typane åkerbruk. Gjennom arkeologiske registreringar og undersøkingar har ein i Jostedalen funne spor etter austestølar, med tufter som er radiologisk datert til yngre jernalder og fram til og med 1300-talet. Dette tyder på bruk av område i samband med husdyrhald attende til overgangen mellom bronsealder og jernalder. Hellarar er også i bruk i denne perioden. Den sesongmessige bruken av fjellet i jordbruksamanheng i eldre jernalder tyder på ein fast gardsbusetnad i låglandet. I tillegg til aktivitet knytt til jordbruksdrifta, som t.d. stølsdrift, beite og försanking, har ressursutnytinga også omfatta anna bruk av utmarka. Dette gjeld mellom anna jakt, fangst, sinking, fiske, jernvinne og tjørebrenning. Det er i Jostedalen, Dalsdalen og Fortunsdalen gjort funn som tydar på ei fastare busetnad attende til bronsealder. Funn innafor utgreiingsområdet tydar også på fastar busetnad i fjelldalane opp mot Breheimen.



Moldulhøi, i Lom kommune. Foto: Bjørn Dalen.



Skjåk kommune si utmarksplan – kulturminne

Mykje tyder på at gravene ved Styggevatn ikkje kan vere eldre enn eldre jernalder, og arkeologiske undersøkingane viser at det har vore sesongmessig busetnad i hellarane. Dette tyder på at dyregravene berre vart nytta ein kort periode på seinsommaren og tidleg på hausten. Ei meir intensiv utnytting, truleg med fast busetting, er det ikkje prov for før ved slutten av vikingtid/ tidleg mellomalder.

Breheimenundersøkingane (Randers 1982-84) viser at bruken kan ha strekt seg fram til tamreindrifta ved Geisdalsvatnet på 1800-talet.

Det har eksistert ferdsselsårer så lenge det har vore menneske i Noreg. Ferdsla gjekk mellom bustadar, jaktområde, fiskeplassar etc. Ut over i jernalderen vart det større trond for betre ferdslivegar til transport av ulike varer. Ferdsel over fjellovergangane mellom aust og vest var stor. Handel og varebytte med folk frå fjordbygdene og kysten var viktig.

I mellomalder (1030-1536/37 e.Kr) førte Svartedaudens herjingar, saman med dårlige klimatiske vilkår, til at mange av stølane vart liggjande aude. Undersøkingar i fjellområda på vestlandet viser at nokre av gardane som vart lagt aude seinare vart tekne opp att som stølsområde. Dei som overlevde hadde nesten uavgrensa tilgang på jord og beiteareal for husdyra. Daterte dyregraver for fangst av rein kan tyde på at Svartedauden også reduserte fangsten mykje. Før Svartedauden var det ei omfattande og intensiv bruk av utmarka og fjellområde, både med omsyn på husdyrhaldet og i samband med jakt og fangst. Dei mange funna av kulturminne knytt til både husdyrhald og fangst syner dette.

Fangstanlegga for villrein i høgfjellet og fangstanlegga for elg nede i fjelldalane er saman med tufter dei vanlegaste kulturminnetypane i Breheimenområdet. Vegetasjonshistoriske undersøkingar i Breheimen syner også til ei kraftig intensivering i bruken av utmarka og fjellområda i høve til husdyrhaldet. Etter Svartedauden ser tradisjonen med store fangstanlegg ikkje ut til å ta seg opp att.

I etterreformatorisk tid (1536/37 e.Kr – vår tid) var jordbruk og skogbruk av dei viktigaste elementa i den økonomiske tilpassinga. Åkerbruket dekkja først og fremst eige forbruk, noko som kunne vere sårbart i forhold til frost og uår. Husdyrhaldet utvikla seg difor til å bli den viktigaste næringsvegen.

Jordsmonnet gav grunnlag for gode høyavlindar og utmarka i fjellet gav gode beitetilhøve. Samtidig var jakt og fangst fortsett ei viktig tilleggsnæringskilde.

Stortida for falkefangsten var i perioden frå midten av 1700-talet og fram til 1800-talet. Overgangen frå armbrøst til geværfjell over en periode frå 1550 til 1700. På midten av 1800-talet var Skjåkfjella, som elles i Sør-Noreg, utsett for eit jaktpress som etterkvart kunne ført til fullstendig utrydding. I 1927 var reinen på det nærauste ute i store delar av Sør-Noreg.

Det er ikkje per i dag registrert spor etter samisk busetting eller reindrift i utgreiingsområdet, men det er heller ikkje gjennomført systematiske registreringar etter samiske kulturminne i utgreiingsområdet. Funn frå Aursjøen i Lesja kan vera med å trekke grensene for samisk reindrift lengre søraust.

Jordbruk og husdyrhald har vore det viktigaste næringsgrunnlaget i Skjåk, Lom og Luster gjennom tidene. Fjellområda gav godt vinterfôr og beite, men vart og brukta til jakt og fangst. I eldre tider hadde kvar gard sine reinsgraver. Rundt 1800 var det stor naud i området grunna uår, kragsår og Stor-Ofsen (storflom) i 1789. Tida rundt 1850 derimot, vart ei økonomisk blomstringstid. Bakgrunnen for dette var betre klima, såmaskinene som kom i 1820-åra, og framifrå vatningsanlegg. Kunstig vatning har lange tradisjonar i Lom, Skjåk og Luster. Vi veit ikkje kor gammal den kunstige vatninga i Ottadalen er. I Skjåk har vi skriftlege kjelder frå 1598, men kunstig vatning har truleg vore brukta mykje lengre attende i tid.

Det er ingen som med full vissa veit kor lenge det har vore stølsdrift i utgreiingsområdet, men truleg er dette ei driftsform som går mange hundre år attende i tida. Kvar gard kunne ha fleire setrar, og det var tre hovudtypar; heimestol (vårstol), midtsstol (tidleg sommar og haust) og fjellstol (sommarstol). På Ormelid i Luster er denne driftsforma, med tredeling av stølsdrifta, dokumentert attende til mellomalderen. Dei fleste av dei om lag 150 stølsområda, med i underkant av 300 stølshus, frå Luster frå før 1900-talet er registrert i SEFRAK (Sekretariatet for registrering av kulturminne). Stølane hadde ei stordomstid gjennom hundre år frå midten av 1800-talet til ut på 1950-talet. Då vart stølane nytta til å skaffa ekstra fôr, og til mjølkeproduksjon med foredling av mjølka til ost og smør. Etter 1950 har stølane stort sett vore nytta som utgangspunkt for tilsyn med dyr på beite og til fritidsføremål.

Det har opp gjennom tidene berre blitt teke ut små mengder tømmer i utgreiingsområdet. Det meste har gått til oppføring og vedlikehald av stølhusa og bjørkeved til bruk på stølane.

Det er knytt mange ulike segn og tradisjonar til spesielt jakt og støling innanfor utgreiingsområdet.

Det finst fleire viktige ferdslevegar i Skjåk i samband med utgreiingsområdet, m.a. frå Bråtdalen gjennom Raudalen til Sunndalen i Stryn. Ein annan veg gjekk om Sota og Mysubytta til Stryn og Jostedalen. Vegen til Sogn gjekk gjennom Tundradalen til Fortunsdalen. Jostedalen hadde ferdsel over breen til Nordfjord og over Handspikje til Skjåk om Syrtbytdalen og Sota. Om folk frå Jostedalen skulle til fjorden var det i vanlegast å gå via Vigdalen og Dalsdalen til Luster (Bispevegen). Det gjekk også ei drifterute mellom Fåberg i Jostedalen, nord om Spørteggbrean gjennom Martadalen mot Arentzbu (Rausdalsete) og Mørkridsdalen mot Skjolden i Luster. Ferdsla over fjellet tok i hovudsak slutt på 1920-talet. Dei gamle stølsvegane minner om den tunge transporten over lange avstandar i eit vanskeleg terren. I og like utanfor utgreiingsområdet finst det to vegstrekningar - Gamle Strynefjellsveg og Sognefjellsvegen - som er verna gjennom Nasjonal verneplan for vegar, bruver og vegrelaterte kulturminne.

Etter 1850 vart bygda og fjellområda i Skjåk og Lom "oppdaga" av utlendingar og byfolk. Gjennom laksefiske i vestlandselvane kom dei tilreisande, som oftast dei velsituerte, i kontakt med dei lokale

reinjegerane. Dei fyrste jegerane som kom utanfrå bygda og utlandet kom til Breheimen allereie i 1845-50, og dei auka i tal i åra utover. Den 21. januar 1868 vart "Den Norske Turistforening" skipa.

I følgje Kulturhistorisk rapport nr 3 - 2004 ligg ingen av dei registrerte kulturminna i det nasjonale verdifulle kulturlandskapet i Bøverdalen innanfor utgreiingsområdet.

Kulturminne i Breheimen - Mørkridsdalen

Førhistoriske Kulturminne	Tal	Fangst	Husdyrhald/jordbruk	Anna utmarksbruk
Dyregraver (rein)	278	x		
Bogestille	239	x		
Dyregrav/fangstgrav (elg)	45	x		
Ledegjerde/mur	8	x		
Kjøttlager	1	x		
Falkefangarbu	4	x		
Bjønnagilder	5	x		
Tuft/steinbu	110	x	x	
Hellar/buplass	60	x	x	
Stølsanlegg	28		x	
Kokegrop/kolgrop	135	x	x	
Lausfunn	51	x	x	x
Kleberbrot	3			x
Jernvinne	2			x
Tradisjon	4	x	x	x
Skålgrøpførekommstar	28		x	
Dyrkingsflate	3		x	
Grav/gravfelt	11	x	x	x
Kullflak/kullhorisont	8	x	x	x
Varderekke	14	x	x	x
Samla tal kulturminne	1040			

Tabellen syner automatisk freda kulturminne fordelt på type kulturminne og funksjon i og like ved utgreiingsområdet.

Som vi ser av tabellen er det eit stort tal kjende automatisk freda kulturminne i og like utanfor utgreiingsområdet. I fjellet er hovudvekta av kulturminna knytt til jakt og fangst på rein, medan det nede i dei austlege fjelldalane også er innslag av fangstgraver for elg. Ei anna hovudgruppe kulturminne i Breheimen er knytt til husdyrhaldet. Det er registrert mange kulturminne som er knytt til denne bruken av utmarka, som til dømes stølsvollar med tufter, innhegningar, helleristningslokaltetar (skålgrøper) og kokegropar. Samla sett viser oversynet over kulturminna i Breheimen til ei variert utnytting av utmarksressursane. Dei registrerte kulturminna strekkjer seg over ein lang tidsperiode, fra eldre steinalder og fram i nyare tid. Alle periodane i førhistorisk og historisk tid er representert. Ut frå tilgjengeleg dateringsmateriale i Breheimenområdet kan hovudvekta av kulturminna truleg plasserast i tid til jernalder og mellomalder. Fleire kulturminne kan tidfestast til eldre og yngre steinalder, samt bronsealder. Mange av kulturminna kan ikkje daterast nærmare enn til førhistorisk tid utan ei grundigare undersøking, og kan såleis skrive seg frå fleire periodar av førhistoria.

Talet på enkeltkulturminne i Breheimen er mykje høgare enn det tabellen syner. På mange av dei kjende lokalitetane er det berre oppgjeve om det er eitt eller fleire kulturminne på lokaliteten. Til dømes kan lokalitetar registrert som stølsanlegg innehalde fleire kulturminne; slik som tufter, kokegropar og skålgrøper. Vi har difor ikkje nøyaktige tal på kulturminna innanfor utgreiingsområdet. Dette gjeld særleg

dyregraver, bogestille og kokegropes/kolgropes. Når det gjeld ledegjerde og murar syner tabellen berre lokalitetar der desse er skildra nærmere. Det er eit stort tal ledegjerde knytt til fangstanlegga og dyregravene utan at dette kjem fram i registreringane. Det er ikkje mogleg å få eit meir nøyaktig oversyn over mengda kulturminne utan synfaring av lokalitetane i terrenget. I tillegg er det eit stort potensiale for å finna fleire kulturminne i heile Breheimenområdet. Dette går også fram av registratorane som gjer merksam på at fleire område berre er punktvis registrert.

Med bakgrunn i den kulturhistoriske gjennomgangen og skildringa av kjende kulturminne innanfor utgreiingsområdet, har vi definert 5 overordna kulturmiljø. Med overordna kulturmiljø meiner vi områder der kulturminna inngår i ein større samanheng. Det er gjort følgjande samla verdivurdering av desse kulturmiljøa:

- Kulturmiljø i Mørkridsdalen, Luster (A) er av stor verdi.
- Kulturmiljø i Vigdalen, Luster (B) er av stor verdi.
- Kulturmiljø ved Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom (C) er av stor verdi.
- Kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk (D) er av middels til stor verdi.
- Kulturmiljø i Breheimenmassivet, Luster, Skjåk og Lom (E) er av stor verdi.

0-alternativet er ei skildring av forventa utvikling dersom det ikkje blir vern, og vil ikkje føre til større endring i kulturlandskapet ut i frå i dag. For dette alternativet vert dagens situasjon lagt til grunn, det vil seie dagens aktivitets-, plan- og vernestatus, jf. blant anna bruken av plan- og bygningslova. Vurderinga av 0-alternativet er gjort med utgangspunkt i gjeldande kommuneplan for kvar av dei tre kommunane. Hovudtrekk i alle dei tre kommuneplanane er ein arealbruk som legg til rette for utbygging nede i dalane, og der høgareliggende område er LNF1-område. Innafor LNF-områda er det i sin heilskap forbod mot bygging som ikkje er knytt til primærnæringa. Ut over kommuneplanane finst det nokre planer for ny aktivitet og utviding av eksisterande verksemder i utgreiingsområdet; m.a. motorisert ferdsel, stølsdrift, reiseliv og friluftsliv, masseuttak grus samt uttak av kraftressursar. Samla konsekvens av 0-alternativet er liten negativ virkning som samanhilde med stor verdi gir **liten negativ konsekvens (-)**.

Alternativ 1A legg opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreiast: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernombord i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster, og Naturreservat i følgjande område: Røykjeskålvatnet i Skjåk, Mørkrid i Luster og Høyrokampen i Lom. Samla konsekvens av alternativ 1A er stor positiv virkning som samanhilde med stor verdi gir **stor positiv konsekvens (+++)**.

Alternativ 1B legg opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreiast: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernombord i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster. Samla konsekvens av alternativ 1B er stor positiv virkning som samanhilde med stor verdi gir **stor positiv konsekvens (+++)**.

I alternativ 2 inngår standard forskriftsmål for landskapsvernombord for heile utgreiingsområdet. Samla konsekvens av alternativ 2 er middels til stor positiv virkning som samanhilde med stor verdi gir **middels til stor positiv konsekvens (++/+++)**.

Den største trusselen for kulturminna i Breheimen er mest truleg den därlege kartfestinga. Dette kan skape ueheldige situasjonar der kulturminne går tapt i samband med nye tiltak i Breheimenområdet, som til dømes hyttebygging, kraftutbygging, vegbygging, men også landbruksrelaterte tiltak.

Som avbøtande tiltak bør det difor lagast ein eigen handlingsplan, saman med eit konfliktkart, for å samle og registrere alle kulturminna som finst i dette området, og sikre desse uansett vern eller ikkje. Det vert vidare anbefalt å utarbeide ein skjøtselsplan for automatisk freda kulturminne, i samanheng med skilting av valde kulturminne/-miljø som preventive tiltak. Skjøtsel og skilting må skje i samråd med kulturminnestyresmaktene. For å ivareta den lokale byggeskikken i stølsdalane vert det rådd til å utarbeide ein eigen rettleiar for både restaurering av eksisterande bygg og nybygging. Det vert vidare rådd til ei justering av vernegrensene slik at viktige kulturmiljø, som ligg i grensa til verneområdet, vert liggande innanfor. Dette gjeld Vigdalen (B1), Krosshøe (C2), Tundradalen (D2), Smørvevatn (E2), Geisdalvatnet (E4), Sandhaugedalsvatnet (E5), Holmevatnet (E6), Vetlestølsdalen (E7), Sprongdalen (E9), Høglunden/Åndfjellet (E14), Gjuvkampen (E16), Rausdalsvatn (E18) og Øvste Stølsdalen/Øvstestølen (E22).

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn og formål

Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane forbereder eit forslag til vern for Breheimen – Mørkridsdalen på oppdrag frå Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning. Utgreiingsområdet ligg i kommunane Skjåk og Lom i Oppland fylke, og Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke. Målet med konsekvensutgreiinga er å få fram viktige konsekvensar av eit vern på miljø, naturressursar og samfunn. Utgreiinga skal sikre at verknadene av eit vern blir vurdert under planlegginga og når avgjerd vert teken i saka. Den skal også sjå til at interessene til lokalbefolkninga og ressursane i område kjem godt fram.


Verneforslag om vern av nasjonalparkar og andre verneområde etter naturvernlova omfattast i visse tilfeller av forskrift om konsekvensutgreiing. Dette gjeld dersom verneområdet er større enn 500 km², eller dersom verneområdet er større enn 250 km² og vernet fører til vesentlige endringar for dagens bruk for primærnæringane eller reiseliv i lokalsamfunnet. Utgreiingsområdet omfattar eit totalareal på 1820 km². Det er aktuelt å verne området som nasjonalpark eller landskapsvernombjøde, eventuelt i kombinasjon med naturreservat. Forslag til avgrensing av verneområda vil bli gjort på grunnlag av delutgreiingane i konsekvensutredninga. Nasjonalpark og landskapsvernombjøde er aktuelle verneformer i området. I tillegg kan naturreservat vere aktuelt i nokre mindre område.

Asplan Viak er engasjert til å utarbeide ein fagrappo om kulturminne og kulturmiljø. Denne er utarbeid av sivilarkitekt Astrid Storøy med uvurderleg hjelpe av arkeolog Kjell Arne Valvik hausten 2007 fram til våren 2008. Arkeolog Annette Booth har også medverka. Hovudmålet med rapporten er å gje eit oversyn over dei kulturminna og kulturmiljøa som finst i området i samband med føreståande verneplan for området.

2.2 Utgreiingsområdet

Det er sett ei arbeidsgrense for utgreiingsområdet som i hovudsak går over skoggrensa. I Luster kommune er det austsida av Jostedalen og områda nord for Vigdalen, Dalsdalen, Luster, Skjolden, Fortun og vestsida rundt til austsida av Fortunsdalen. I Skjåk kommune er det sørsida av hovuddalføret frå fylkesgrensa til Sogn og Fjordane i Breidalen til kommunegrensa til Lom på Lomseggen som grensar til utgreiingsområdet. For Lom kommune strekk utgreiingsområdet seg frå kommunegrensa mot Skjåk til Bøverdalen.

Område der ein ventar at kulturminne og kulturhistoriske verdiar kan bli påverka av verneforslaget, er definert som influensområdet i denne utgreiinga. Influensområdet vert påverka m.a. av tiltakets lokalisering og utforming, visuelle samanhenger, vegetasjon og landskap. For å kunne sjå heilskapen i den kulturhistoriske utviklinga og i bevarte kulturmiljø er disse områda omtalt.



Kart som viser utgreiingsområdet

3 UTGREIINGSPROGRAMMET

3.1 Utdrag frå utgreiingsprogrammet og utgreiingsalternativa

Utgreiingsprogrammet blei fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 27. februar 2007. Eit av faga i utgreiingsprogrammet er Kulturminne og kulturmiljø der programmet set følgjande krav til utreiinga:

"1. Utreiinga skal beskrive kulturminne og kulturmiljø i utgreiingsområdet på ein heilsakleg måte og få fram det historiske spennet i kulturminna. Den skal vidare klargjøre status/ tilstand for kjente kulturminne, og knytte disse til den historiske bruken av området. Det skal gjerast ei verdivurdering av kulturminne og kulturmiljø. Følgjande skal verdsetjast: kunnskapsverdi, opplevingsverdi, pedagogisk verdi og bruksverdi, samt samla verdi. Verdiskalaen er liten, middels og stor. Dagens kulturutøving knytt til utmarks bruk (med stølsdrift), næringar og oppleveling av fortid, kunnskap og levemåte skal også beskrivast. Arbeidet skal syne høva for restaurering/ rekonstruksjon av kulturminne/ kulturmiljø eventuelt om kulturminna bør ligge som dei er.

Innafor kulturhistorie skal følgjande tema skildrast kort; segn, veidemannskultur/ villreinfangst, jordbruk, skogbruk, setring, ferdsle (vegfar osv.) og friluftsliv.

Oversikt over registrerte og kjente kulturminne og kulturmiljø frå førhistorisk tid og nyare tids kulturminne etter fast busetjing skal framstilla på kart og summarisk i tabell. Informasjonen om kulturminna skal offentleggjera i den grad det er i samsvar med bevaringa av desse.

Det er ikkje aktuelt med nye registreringar i felt. Undersökinga skal baserast på sammenstilling av eksisterande informasjon og intervju. Aktuelle kjelder er mellom anna:

- Registreringar av kulturminne før 1900 (SEFRÅK)
- Forminnedatabasen Askeladden
- Registreringar ved Mølmen
- Rapportar frå Vassdragsundersøkingane i Breheimen
- Litteratur med oversikt over vassvegar
- Intervju med lokale ressurspersonar og historielag om områdets historie.

Det er viktig å halde kontakt med utgreiarane for tema villrein, landbruk, landskap og med kulturavdelinga hos fylkeskommunane og med Bergen museum.

2. Utreiinga skal få fram konsekvensar av 0-alternativet og standard føreskrift for nasjonalpark og landskapsvernombjøde, samt naturreservat. Fylkesmannen vurderer det å vere aktuelt på kulturminne, kulturhistoria og kulturutøvinga i utgreiingsområdet. Knyter det seg spesielle konsekvensar til avgrensa område eller kulturspor som er i ferd med å forsvinne innafor utgreiingsområdet, skal dette visast.

3. Utreiinga skal foreslå avbøtande tiltak til dei eventuelle negative konsekvensane som kjem fram i punkt 2. Dette kan skje både gjennom utforming av grenser, verneregler og forslag til føringar i en forvaltningsplan."

Utgreiingsarbeidet skal ta utgangspunkt i utgreiingsområdet for vern slik det er vist på vedlagte kart og i 0-alternativet. I utgreiingsprogrammet går følgjande fram: "I utgreiingsområdet nyttast tre sett med verneregler i utreiinga; nasjonalpark-, landskapsvernombjøde - og i nokre mindre område - naturreservatreglar.

Utgreiingsalternativa er følgjande:

1. 0-alternativet er ei skildring av forventa utvikling dersom det ikkje blir vern. For dette alternativet vert dagens situasjon lagt til grunn, det vil seie dagens aktivitets-, plan- og vernestatus, jf. blant anna bruken av plan- og bygningslova. Dersom ein veit om endringar i til dømes økonomiske støtteordningar, så skal dette takast omsyn til. I vurderingane av 0-alternativet skal det takast omsyn til dei innspela som kjem på arealbruk i høyringa av meldinga og i utgreiingsarbeidet. Dagens plan- og vernestatus er nedfelt på eige kart.
2. Standard forskriftsmal for nasjonalparkar (med mogleg lokale tilpassingar).
3. Standard forskriftsmal for landskapsvernområde (med mogleg lokale tilpassingar).
4. Standard forskriftsmal for naturreservat. Gjeld berre nokre mindre område innanfor utgreiingsområdet i høve til skogsverdiar og planteliv.”

Ut frå føresetnadene i utgreiingsprogrammet legg ein opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreiast i dei ulike områda:

Alternativ 1A: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernområde i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydal i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdal i Luster, og naturreservat i følgjande område: Røykjeskålsvatnet i Skjåk, Høyrokampen i Lom og Mørkrid i Luster.

Alternativ 1B: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernområde i følgjande områder: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydal i Lom og Vigdal i Luster.

Alternativ 2: Landskapsvernområde i heile utgreiingsområdet.”

3.2 Omfang av arbeidet og innhaldet i rapporten

Denne utgreiinga er ei samanfatning av dei opplysningane det er offentleg tilgang på i høve til kjente kulturminne og -miljø i utgreiingsområdet. Kartlegginga av kulturminne er basert på tidlegare registreringar som; bygningsregisteret SEFRAK, fornminnedenasbasen Askeladden, arkeologiske rapportar frå Bergen museum og Øystein Mølmen sine registreringar av fangsanlegg, samt lokale registreringar (m.a. Dagsgård, Fossen og Ese) i området og opplysningar gitt av lokale informantar. I tillegg er det nytta ulike skriftlege og munnlege kjelder (sjå eiga liste over kjelder). Det er ikkje føreteke synfaringar i felt.

Det er halde kontakt med kulturminnevernet hos fylkeskommunane i Oppland og Sogn og Fjordane. Rapportane som er utarbeidde for andre fagtema som villrein, landbruk, landskap og friluftsliv er nytta som informasjon og korrektiv i denne rapporten.

3.3 Avgrensing mot andre fagtema

Kulturminne og kulturmiljø er også ein del av andre fagtema som vert utgreidd som grunnlag for å forstå utviklinga i området; til dømes landskap, friluftsliv, landbruk og villrein. Skilje går på at det er ulike referansar som vert veklagde.

4 METODE

4.1 Val av metode

Analysen er gjennomført i høve til metodikk for vurdering av ikkje prissette konsekvensar beskrive i Vegvesenets Handbok 140, samt etter retningsliner i Riksantikvarens rettleiar (rapport nr. 31-2003) om "Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar".

4.2 Definisjon av kulturminne og kulturmiljø

Omgrepa kulturminne og kulturmiljø er definert i kulturminneloven: *"Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, heri lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes områder hvor et eller flere kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng."*

Forvaltninga skil mellom automatisk freda kulturminne (også kalla formminne) og etterreformatoriske kulturminne. Fornminne er kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar og mynter (1650), og samiske kulturminne og kulturminne i vatn og vassdrag (eldre enn 100 år). Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter kring det. Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunane kan, som rette forvaltningsmynde, utvide denne sikringsona. Etterreformatoriske kulturminne kan fredast etter vedtak.

Med kulturmiljø meines områder kor kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ei samla vurdering av eit områdes kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Størrelsen på dei ulike kulturmiljøa kan variere, slik at dei kan bestå av mindre felt med fornminne (til dømes eit fangstanlegg), mens andre igjen kan bestå av heile rom i landskapet.

Det er fylkeskommunane som er rette forvaltningsmynde i høve til kulturminne (automatisk freda/etterreformatoriske) og kulturmiljø. Ingen fysiske inngrep/ terrengeinngrep kan utførast før rette forvaltningsmynde (fylkeskommunane) har gjeve fråsegn. Fylkeskommunane har også ansvar for istandsetting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminna.

4.3 Vurderingar av verdi

Kulturminnelova gir ein brei definisjon av kva som er kulturminne og kulturmiljø. Dette betyr at ikkje alle kulturminne eller kulturmiljø kan eller skal vernast. I forvaltninga av kulturminne vert det lagt vekt på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på, og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Det skal leggjast vekt på kulturhistoriske samanhenger framføre enkeltobjekt. Særleg er dette viktig i eit utmarksområde med stor tidsdjupne som Breheimen, der det enkelte kulturminne må sjåast i ein større funksjonell og landskapsmessig samanheng.

Grunngjevinga for å verne kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelde til *kunnskap*, som grunnlag for *oppleving* og som *ressurs for bruk*.

Kjelde til kunnskapsformidling: Ved vurdering av eit kulturminnes kunnskapsverdi skal representativitet, samanheng/ miljø, autentisitet og fysisk tilstand vurderast.

Grunnlag for oppleving: Menneska opplev kulturminne og kulturmiljø på kvar sin måte. Opplevinga heng m.a. saman med kunnskap, haldningar, tilknyting til staden, og kva sosial eller etnisk gruppe ein høyrer til. Kulturminna er med på å vise kontinuitet og endring i det fysiske miljøet og gjev staden karakter.

Bruksressurs: Mange kulturminne og kulturmiljø er i dagleg bruk, og har slik sett verdi som bruksressurs i seg sjølve. I samband med friluftsliv og turisme inngår kulturminna som ein del av opplevinga, og kan dermed også ha ein pedagogisk verdi. Kulturminna er med andre ord ein indirekte ressurs som gjev grunnlag for næringsutvikling.

Dei ulike kriteria knytt til vurderinga av kunnskaps- og opplevingsverdiar kan ofte overlappe kvarandre. Kva kriterium som vert lagt mest vekt på er derfor avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa. Kunnskapsverdiane vert vektlagde ved vurderinga av nasjonale interesser.

Etter ei totalvurdering av det einskilde kulturminne/ kulturmiljø er verdien gjeve etter ein tredelt skala: *liten - middels – stor*. Verdivurderinga vil haldast på eit generelt nivå. Forminne er automatisk freda etter Kulturminnelova, og har med det per definisjon stor verdi. I praksis har ikkje alle forminne like stor verdi. Det er mange faktorar som påverke det einskilde kulturminnets verdi: Bevaringstilstand, plassering i landskap og i høve til andre forminne, kor sjeldan det er osv.

5 NATURLANDSKAP OG NATURFORHOLD

Utgreiingsområde omfattar Breheimen og Mørkridsdalen. Breheimen er eit høgfjellsområde der store delar ligg over tregrensa mellom 1000 og over 2000 moh. Dei store endringane i landskapet skjedde under istida då u-landskap, tindar, eggar og botnar vart forma ut av isen, og lausmassar vart lagde att i dei områda der vi i dag ser vegetasjon. Store delar av området består av høgareliggjande fjellparti med varierande topografi, der terrenget er mest kupert i vest. Det er få innsjøar i området, men mange små og middels store isbrear. Landskapet pregast av fleire lange og trонge dalføre med bratte dalsider som skjær seg inn i høgfjellmassivane. Desse dalane, som er forma av isen, er Jostedalen, Vigdalen, Mørkridsdalen, Fortunsdalen og Dalsdalen frå sør, og Bøverdalen, Lundadalen, Tundradalen, Bråtådalen og Rauddalen frå nordaust. Dalane er frodige med i hovudsak lauvtrevegetasjon og då særlig bjørk, selje, osp, ore og vier, men med nokre førekommstar av furuskog. Det er dyrka mark i dalane og fjellsidene opp mot 400-500 m høgde. I Mørkridsdalen går bjørkevegetasjonen heilt opp til 800 moh.

Størstedelen av Breheimen ligg i det nordvestnorske gneisområdet, også kalla Ottakomplekset, med bergartar av prekambrisisk (grunnfjells-) alder. Ulike gneisbergartar finst i heile området frå Lom vestover langs Ottadalen til Strynefjell. Kambrosiluriske skiferbergartar finns i ei sone frå Gaupne-Jostedalen i nordaustleg retning mot Lom. To viktige trekk ved utgreiingsområdet er breakaktivitetar og bergrunnsgeologien. Særlig for dalføra i Skjåk skaper sedimenttransporten frå breane store lausmasseflater med sparsam vegetasjon. Medan berggrunnen gjennomgående er fattig, så gir ein skilde til dels ganske store felt med kalkstein i austre deler, grunnlag for ein svært rik og spesiell flora.

Reinen har gjennom ein lang utviklingsprosess tilpassa seg dei karrige tilhøva og ressursane i høgfjellet. Omtrent 40% av Ottadalsområdet er areal som ikkje har plantedekke som kan nyttast til beite. Samstundes finn ein her det meste av dei kvalitetar eit godt leveområde for villrein må ha. Dei topografiske tilhøva er slik at dyra i varmt ver kan nå opp i høgareliggjande område der insekta ikkje skapar for mykje stress, og der det er god tilgong på beite både vår, sommar og vinter. På vinteren er dyra prisgjevne lav, som energirikt før (vedlikehaldsför), men som ikkje gjev grunnlag for kroppsvekst (NINA Rapport 227 Villreinen i Ottadalsområdet).

Klimaet er varierande – frå eit turt og varmt vårlag til kaldare vårlag med meir nedbør i bygdene inn ved breen. Nedbøren her er størst om vinteren – og då i form av snø. Det er store klimatiske forskjellar mellom aust og vest, med oseansk klima i vest, og kontinentalt klima i aust. Breheimenområdet utgjer ein viktig del av den skarpaste nedbørsgradienten som finns i Norden, der Ottadalen ligg i eit av dei mest nedbørsfattige områda i heile landet med berre 250-300 millimeter nedbør i året i dalbotnen. I fjellet kan nedbøren vere fleire gonger høgare. Til samanlikning kjem det over 2500 mm nedbør i året på fylkesgrensa, berre nokre mil lengre vest. Klimatilhøvet varierar grunna dei store høgdevariasjonane kombinert med regnskyggeeffekten, der dalføra i aust får lite nedbør, medan fjellområda og dalføra i vest får mykje meir og jamnare nedbør. Gjennomsnittleg årstemperatur varierar også mykje, frå - 4 til - 6 i fjellområda og + 4 til + 6 i Mørkridsdalen.

Dalane, samt setervegen innover Høydalen i Lom, fungerar som innfallsportar inn i området. I Fortunsdalen (til Nordanstadsæter) og Bråtådalen (til Sota og Mysbytta) går det vegar langt inn i dalføra og gjer delar av Breheimen tilgjengeleg. Den norske turistforeininga sitt nettverk av turstiar og hytter gjer området tilgjengeleg for fotturistar. Landskapet har alltid hatt innverknad på kor og korleis folk har bygd og busett seg, og naturressursar og klima kan ein sjå att i verksemder og byggeskikk.

6 KULTURHISTORIE OG BRUK

6.1 Eldre steinalder (ca. 8000 – ca. 4000 år f.Kr)

Det er ei vanleg oppfatning at villreinen har slege seg til i ei rekke norske fjellstrøk for 10 000 år sia, og at han nær 1000 år seinare var byttedyr for fangstfolk som baserte heile sin eksistens på villreinen. I løpet av tida mellom år 7500 - 7000 f.Kr. trekte den store innlandsisen seg attende i etappar med mindre tilbakeslag. Mykje tyder på at reinen kom frå Europa, og vandra inn i Noreg etter kvart som isen trekte seg attende. Ein reknar med at det gjekk om lag 500 år før det vart levelege tilhøve for reinen i dei områda som isbreen trekte seg attende frå, noko som går fram av buplassfunn m.a. på Hardangervidda og i Lærdalsfjella frå omrent den tida. Truleg går dei eldste funna av buplassar i Lesja attende til same tid (Mølmen 1988).



Reinen i Breheimen. Foto: Bjørn Dalen


Kanten av innlandsisen om lag år 7500 f.Kr gjekk på vestsida av Skjåk. Vegetasjonen som reinen livnærer seg av, breidde seg raskt der isen veik. Reinsflokkane følgde etter, og etter kvart jegerane. Reinen og folka kan ha kome fleire vegar frå. Både om Vågå- og Lomsfjella, og vestfrå. Helst har ulike flokkar kome frå ulike vegar til skilte tider. Innan år 7000 f.Kr. kan ein dermed rekne med at delar av Breheimen var leveleg område for folk i steinalderen som baserte seg på reinskjakt, men det finst ikkje konkrete prov for at det har vore menneske her så langt attende i eldre steinalder (Hosar 1994).

Spor etter villreinfangsten i Noreg finn vi i nesten alle fjellstrøka både som lausfunn og som permanente jakt- og fangstinnretningar. Det er fyrt og fremst dyregravene som skil seg ut. Ein veit lite om kor gamle

dyregravene er, men ein meiner at fangst i graver vart teke i bruk allereie av dei første menneska. Dette sidan dei var enkle å byggje og enkle i bruk. På grunnlag av funn er det truleg dekning for å hevde at dyregraver var i bruk her til lands for 4000-5000 år sia (Mølmen 1988). Seinare arkeologiske undersøkingar av fangstgraver i utgreiingsområdet viser dateringar til eldre og yngre jernalder (Randers 1984). Fleire av lausfunna som kan knytast til denne aktiviteten kan typologisk tidfestast til desse periodane i førhistoria.

I eldre steinalder levde folk av jakt og fangst. Det tyder at dei ikkje budde fast på nokon stad. Dei fyrste som kom til Breheimen var veidefolk som følgde viltet innover i landet. Dei jakta på reinsdyr som følgde isen etter kvart som den trakk seg attende. Det nomadiske tilveret gjer det lite aktuelt å leggje mykje tid og arbeid i å bygge solide, varige bustader. Opne buplassar med skinntelt eller enkle torvgammar har truleg vore vanlegast husly i eldre steinalder. I tillegg har hellarar og holer vore brukt for å skaffa seg husly. Desse folka levde truleg saman i grupper på 30-50 personar i kvar gruppe, som levde i økologisk trygg avstand frå kvarandre. Gjenstandsfunna frå steinalderen i Skjåk gjer det rimeleg å tru at dei har gjort seg nytte av alle økologiske soner innan rekkjevidde, og hadde store område til disposisjon for å overleva. Det er frå denne tida den eldste buplassen i fjellet er funne. Den vart funne i Oppdalsfjella, og vi reknar med at den er frå om lag år 6800 f.Kr. I Lærdalsfjella er buplassane noko yngre, frå om lag år 6300 f.Kr. Funnmateriale ved Styggevatnet/ Austdalsvatnet viser at jegerane i steinalderen vandra mellom kysten og fjellet. Den gongen jakt, fangst og sanking utgjorde heile matinnkomet budde det truleg folk her heile den snøfrie sommartida. Seinare har besøka truleg fått ein meir kortvarig og sporadisk karakter.

Mølmen, Dagsgård og Fossen sine registreringar av kulturminne knytt til jakt- og fangstkulturen viser at villreinfangsten har vore spreidd over store delar av Breheimen og Finndalsfjellet, men har vore mest omfattande i områda Tundradalen, Lundadalen, Lomsegga og Spørteggbrean.



Øystein Mølmens kart som viser oversikt over fangstanlegg, buplassar m.v. i Skjåk og Finndalsfjella.

6.1.1 Kulturminne frå eldre steinalder

Kulturminna i Breheimen fra eldre steinalder ser stort sett ut til å ha hatt samanheng med fangst av rein.

Gjennom om lag 7500 år var det først og fremst reinen som lokka menneska opp i fjellheimen.

Det er få daterte spor frå eldre steinalder innan utgreiingsområdet. Det er flest spor etter seinare fangstfolk. Dei spora som finst er lausfunn av gjenstandar og permanente jakt- og fangstinnretningar som dyregraver, bogestille og buplassar/ hellarar, der dyregravene skil seg ut. Hellarar med busetnadspor frå eldre steinalder er berre påvist ikring Styggevatn/ Austadalsvatn som ligg like utanfor utgreiingsområdet. (Randers 1982-84). Det funnrike kulturlaget i hellaren ved Styggevatn tyder på bruk frå seinmesolittisk tid (6400 – ca 4000 f.Kr.) og opp til i dag. Kring Styggevatnet/ Austevatnet er det registrert i alt ni hellerar. I fire av desse er det klare spor etter busetnad i steinalderen (Randers 1982-84). I to av hellarane er det funne mikroflekker i gjenstandsmaterialet. Mikroflekker er små, avlange og tynne flintavslag som dei brukte til å setje inn i piler av tre, bein og horn for å få ein skjerande egg på pilespissen. Mikroflekkekteknikk er i bruk i siste del av eldre steinalder, nærmere bestemt til seinmesolittisk tid (6400 – ca 4000 f.Kr.). Dette er ei tid då folk livnæra seg av jakt og fangst. Dei ulike tilhøva for beite gjør at dei sentrale og austlege viddene gav betre fangstmarker enn fjella mellom vestlandsfjordane. Funna i Breheimen tyder også på dette, men Austdal var eit unnatak.

Ved austre enden av Langvasseggen (ved Grotli) er det registrert fem grophus (tufter) som mest truleg viser til busetnad i steinalderen. Tuftene her er ikkje datert nærmare. I same området er det registrert fangstgraver.

På ein tange ut i Heillstuguvatnet, 1003 m.o.h., er det funne spor etter ein buplass der steinalderjegarar hadde tilhald. Rett ved funnplassen er det også registrert to fangstgraver for rein. Det er funne gjenstandar og avslag som viser at steinalderfolka som hadde tilhald her har laga seg pilspissar til jakta og skraparar for å reia skinn.



Frå Heillstuguvatnet Foto: Bjørn Dalen

6.2 Yngre steinalder (ca. 4000 – 1800 år f.Kr) og bronsealder (1800 – 500 f.Kr)

6.2.1 Jordbruk

Skiljet mellom eldre og yngre steinalder er sett til år ca 4000 f.Kr då ein finn dei første spora etter husdyrhald og åkerdyrkning. Perioden yngre steinalder (ca. 4000 – 1800 år f.Kr.) og bronsealder (ca. 1800 – 500 f.Kr.) er ei brytingstid mellom fangst og jordbruk. I løpet av denne epoken, som strekker seg over heile 3500 år, begynner menneska for første gang å halde husdyr og dyrke jorda i Noreg. Kunnskap om dette kom frå Egypt, Midt-Austen og Sør-Europa, og breidde seg nordover. Med jordbruket vart menneska meir bufaste. Buskapen vart ein stabilisering faktor i hushaldninga. Unge og gamle som ikkje kunne bidra i veidinga, kunne bidra på anna måte på garden. Dei første kornsortane var bygg og kveite, og dei første husdyra var sau, geit, gris, ku, okse og hest. Dei første jordbrukarane slo seg ned på lettdriven og sjølvdrenerande sandjord i nærleiken av vatn. Mange av buplassane blei lagt i område som framleis er nytta til jordbruk.

Innslag av jordbruk er påvist på Lesja innanfor perioden 2500-2000 f.Kr. (Hosar 1994) på grunnlag av pollenanalyse. Når dei fyrste permanente bygningane vart sett opp er noko uvisst, men truleg går det attende til perioden 1200 – 400 f.Kr. Tre gjenstandar frå yngre steinalder i Skjåk kan knytast til utbreiinga av jordbruket i området. Dette er ei flintøks og to flintdolkar.

Dei første som busette seg i området kom frå Vestlandet. Tuffer etter bygningar fortel at det før Svartedauden var fastbuande lengst nord i Åstradalen. Det er konstatert at det har funnest folk i Ottadalen i yngre steinalder, i tidsbolken mellom 4000 og 1800 f.Kr. (Hosar 1994).

På Høgdegarden Ormelid i Fortunsalen i Luster, som ligg like utanfor utgreiingsområdet, er det utført ei arkeologisk undersøking (Julshamn, Bade, Valvik & Larsen, 2002). Stølsområda på Ormelid grensar heilt opp mot, og delvis inn i utgreiingsområdet. Undersøkinga avdekkja ein klår samanheng mellom garden og bruken av fjellområda. Gardsområdet på Ormelid vart teken opp i slutten av yngre steinalder og overgangen til bronsealder. Utnyttinga av fjellområda er nært knytt til utviklinga på garden. Det er først når garden er etablert i eldre jernalder at det skjer ein meir omfattande bruk av fjellområda til beite. Ekspansjonen i fjellstølområde er sterkest i overgangen mellom vikingtid og mellomalder, og seinare i høgmellomalderen. Når åkerareala nede på garden vart utvida i denne tida vart trangen for nye beiteareal i fjellet større. Opp mot stølsområda i fjellet grensar Ormelid til Statsallmenningen på Sognefjellet.

6.2.1.1 Skålgropsteiner

Spor etter helleristningslokalitetar (bergkunst) i form av skålgroper eller offergroper finst over store delar av Vestlandet. Det er registrert mange slike lokalitetar i Luster, og fleire av desse ligg i Jostedalen, nokre i og nokre like utafor utgreiingsområdet. Den vanlege oppfatninga er at skålropene truleg er i bruk frå bronsealderen (1800-500 f.Kr). Skålgropsteiner er vanlegvis tolka som kultstader knytt til beiting eller stølsdrift. Skålropene er små, runde gropar som er hogne ut i fast fjell eller i steinblokker. Det er ein type helleristningar som tradisjonelt går under nemninga bronsealderristningar eller stølsristningar, sjølv om ein del av førekommstane kan vere noko yngre. Mykje tyder på at skålropene var gått ut av bruk fram mot vikingtida, kanskje før (Randers og Kvamme 1982-84). Plasseringa av skålropene er knytt til jordbruksområde eller stølsvollar og beitemark i utmarka. Desse ristningane er tolka som kultus knytt til grøderikdom. I utgreiingsområdet er det særleg i samband med stølsvollar og beitemark i Luster ein finn desse offersteinane. På stølen Åsete er det påvist 15 steinar med i alt om lag 200 uthogne skålrop. Dette funnet av skålrop kan vere frå romartida (Kr.f. – 400 e.Kr.) og kan ha samanheng med kolgroper/kokegroper som er radiokarbondatert til 300 e.Kr i dette området (NOU 1983: 43). Denne koplinga er usikker, og funnet kan like gjerne vere knytt til beiteaktivitet på staden, over ein lang periode, i bronsealder og ut i jernalderen.

6.2.2 Jakt og fangst/ veidemannskultur

Mykje tydar på at det tidlege jordbrukskulturen var ei tilleggsnæring til jakt, fangst og sanking. Fangstmetodane for rein og elg vart utvikla i denne perioden. Registreringar viser at fangstfolka har vore framragande planleggjarar, organisatorar og hadde ein eineståande kunnskap om vanane og adferda til dyra. Seinare når bøndene vart meir bufaste vart nok jakta og fangsten driven av folka på gardane med rettar i fjellet. Fangst av elg og rein i groper kjenner vi frå mellomalderkjeldene. Dette er nemnt allereie i Frostatingslova (1200-talet), og bygger truleg på eldre tilhøve. Lova slår fast at alle har rett til å lage seg fangstgroper i allmenningen. Vidare vert det vist til at dersom ein ikkje brukar eller held fangstgropa vedlike på 20 år kan kven som helst overta gropa.

6.2.2.1 Elgfangst

Det er grunn til å tro at fangst av elg har gått føre seg like lenge som villreinfangsten. Den eldste elgrava som er tidfesta er ei grav frå Tolga i Østerdalen frå ca 4000 f.Kr. Det ligg også føre nokre dateringar til steinalder i samband med Edvard K. Barth sine undersøkingar av fangstgroper. Her er prøvene teke ut frå gammal markflate under vollen. Dette gjev ei bakre datering av bygginga av gropa, men ikkje ei datering av bruken av gropa. Dei eldste sikre dateringane av fangstgraver for elg går attende til eldre bronsealder (1800 – 1000 f.Kr.) i Aust-Noreg. Det varierar mykje frå stad til stad når fangstgravene gjekk ut av bruk. Dette ser ut til å ha samanheng med når gardsbusetnaden tok til i dei ulike områda. I Gråfjellområdet ser hovudaktiviteten for bruken av fangstgroper ut til å vera i mellomalderen (T. Amundsen 2007).

Fangstgropene ligg ofte i rekker som kan vera fleire kilometer lange. Systema sperrar elgens trekkveg. Det har vore nytta ulike fangstmetodar, men gravfangsten har vore den dominerande. Gravfangst av elg har gått føre seg lenger fram mot vår tid enn villreinfangsten. Ved Åmoten utanfor utgreiingsområdet er det funne mange gamle dyregraver eller fangstgroper. Radiokarbondatering av trekol viser at ei av desse har vore i bruk i nær halvanna tusen år. Den eldste av dei tre prøvane kunne tidfestast til ein stad mellom år 220 og 570 e.Kr. Registreringar har vist at dette rekkjer med graver er lagt på dei mest eagna stadane i terrenget. Mur og treverksarbeid viser den største faglege dugleiken.

Gravfangst av elg har vore omfattande i Skjåk, og den store konsentrasjonen av anlegg omkring Tundramoen er eineståande. Til no er det registrert vel 120 elggraver i Skjåk, men ein reknar med at talet kan ha vore 200 (Mølmen 1988). Det er seinare registrert fleire fangstgraver for elg i grensa og like ved utgreiingsområdet mot Skjåk og Lom (Dagsgård 2000). Men dei store fangstanleggna for elg ligg utanfor utgreiingsområdet. På Tundramoen i Skjåk er det registrert fleire lokalitetar med fangstgraver for elg. På ein av lokalitetane er det registrert åtte fangstgraver for elg innanfor eit lite område. Ikkje langt frå, der Tundre elv møter Østre elv ligg det 22 fangstgraver for elg. Fleire elggraver er registrert i området, t.d. Tundrali.

Det er ikkje kjende dyregraver for fangst av elg på Lustersida av Breheimen. I dei seinare åra har elgen byrja å trekke over til Sprongdalen frå Syrtbytdalen. Elgen trekker fram og tilbake, og nokon overvintrar på Lustersida.

6.2.2.2 Villreinfangst

Dyregravene som fangstinnretning viser kunnskapen som fangstfolka hadde om trekkvegane til reinen. Nokre trekkvegar bruker reinen ofte, andre sjeldnare. Stader der reinen møter på formasjonar i terrenget med berre ein eller to farbare gjennomgangar (flaskehalsar), eller der fleire reinstrekk møtast for gjennomgang, skapte gode vilkår for plassering av dyregraver (Mølmen 1988).

Bygging av dyregraver var ei omfattande oppgåve. Kvar dyregrav kunne vere 2 m djup, 2 m lang og

0,7 m brei innvendig, og blei laga med solide, mura vegger. Konstruksjonane skulle motstå telehiv og frostsprenging vinterstid, noko som stilte store krav til utføringa. Sidan dei hadde primitive reiskapar, gjekk det med 20-25 dagsverk for å lage kvar grav. Byggevariasjonane blei avgjort ut frå kor vanskeleg grunnforholda var for kvar grav. I lågare strok (under 1000-1100 moh.) vart det nytta ei jorddrop med anten berre sjølvberande jordveggar, eller med støtte av tre eller stein. Ei slik grav finst t.d. ved Grotli i Skjåk.

Fangstfolka brukte leiegjerde og skremmegjerde, snorer med skremsel, som kunne strekke seg fleire kilometer frå fangstanlegget, for å auke moglegheita for fangst. Dei ulike gjerdetypane var tilpassa terrenget, og korleis reinen utnytta dei ulike områda. Gjerda kan delast inn i tre hovudgrupper; "bægje", "stengje- eller sperregjerde" og "skræmegjerde". Eit bægje (stengsel) vart brukt for å styre reinen i ei bestemt retning. Skræmegjerde vart brukt for å hindre reinen i å koma inn i fjellområde der dei ikkje hadde fangstanlegg. Skræmegjerda var laga av fingertjukke, 1,30 – 2 meter høge trestavar som var spissa i rotenden. På toppen av stavane var det hengt opp flagrande ting, t.d. fletta kuler av bjørkenever, trespiler og grastorv. Det store talet på stavar som er funne, tyder på at dette har vore ein vanleg gjerdetype. Det mest interessante funnet av slike stavar og skremsel vart gjort ved Lendbreen (Lomseggen) av Per Dagsgård i 1974. Somme funn tyder på at gjerda har vore laga av lette trekonstruksjonar. Desse ser ut til å vera brukt i dei tilfella fangstanlegget er bygd i sjølve reinstrekket og knytt til massegravanlegg. Sjølve grava eller fangstbåsen, der avlivinga gjekk føre seg, var svært solid bygd, jf. massefangstanlegget på Frelsareggen (Lomseggen). Storleiken på fangstanlegga spenner frå fangst på 400 dyr i ein gong til småanlegg med plass til berre 8-10 rein.



Reingrav på sørsida av Lundadalsvatnet. På den store steinen som ligg i eine ledegjerde har DNT måla ein raud T. Foto: Bjørn Dalen

Alle fangstanlegga vart ble plassert og utforma på grunnlag av høge fagkunnskapar, i pakt med topografien. For å dekkje tronen for mat, skinn og horn til reiskap måtte kvar samfunn ha mange

graver. Med tanke på byggjetida og slitet, kravde bygginga av ei fangstgrop nøyaktig plassering som gav maksimal sjanse til fangst. Difor er alltid fleire graver samla, og ordna på rekke med berre få meters mellomrom. Ut frå bestemte prinsipp vart det laga labyrintsystem av graver og bægje der alle alternative vegar for reinen skulle vere dekka.

Funn av pilspissar tyder på at jakt med pil og boge i store og velutbygde system av bogestelle kan vere ei like gammal jaktform som bruk av dyregraver (Per Dagsård, pers. kom. 2008). Medan dyregravene vart plassert i dei områda som har fast bestand av rein om sommaren, vart bogestella plassert i meir usikre område. I dei fleste dyregravsystema finst det spor etter göymepllassar som dels er grave ned i bakken og dels er mura over. Göymeplassane er sirkelrunde, og med tverrmål på ein meter og ei djupn på 80-90 cm gav dei plass til ein person. Forma er laga slik at dei går i eitt med terrenget, og jegeren kunne skyte i alle retningar. Fangstfolka hadde ei kombinert oppgåve; både å passe dyregravene, som var det primære, men også å drive aktiv jakt frå göymeplassen sin. I sjølvstendige fangstanlegg kan göymestaden eller bogestille vere hesteskoforma og 2-3 m lang. Frå desse skulle det skytast med pil eller kastast med spyd. Hesteskoforma var truleg vald for at jegerane skulle få betre armsving bakover, og dei var alltid retta mot reinsvegane slik at ein ikkje trong nokon dekning attover. Høgda kunne vere 70-80 cm. Muren var glissen, truleg for at jegeren skulle sjå dyra utan å stikke hovudet over kanten. På sommaren trekk reinen inn på snøbrear når varmen og insekta vert for plagsame. På same måte finn ein ofte oppmura bogestille på "holmar" ute i breane. Utanom snøbreane er det mange stader, m.a. på Lomseggen og ved Sottjønn i Skjåk, lange rekkjer med bogestille bygd i system. Skiferpila frå yngre steinalder (ca 4000 – 1800 f.Kr.) som vart funnen i Lendfjella kan ha vore brukt i desse fangstsystema.



Bogestelle ved Sottjønn ei av mange i eit stort system. Foto: Bjørn Dalen

Det største fangstanlegget i Lom, som ligg innanfor utgreiingsområdet, er anlegget på Bandet ved Moldulhøi (Per Dagsård 2000). Fangstanlegget ligg nesten 2000 m.o.h. og er samla i to

konsentrasjonar med til saman 60 bogestille. Anlegget kan ha vore brukt både for drivjakt, men også for lurejakt når reinen trekte opp på snøbreane etter å ha beita på dei frodige grasslettene i Sulheimsfjellet. I tilknyting til anlegget er det funne trestavar som har stått i eit ledegjerdesystem. Ein trespade, som kan ha vore brukt til å grave reinskjøt ned i snøen, er funne under ein snøbre ved Moldulhøi. Fangstanlegget på Frelsareggen i Skjåk består av ein kraftig V-forma steinmur som endar i eit gravkammer. Aust for muren ligg det 25 bogestille. På austsida av Storiviln i Lom ligg eit anlegg med 9 bogestille.

Ikkje sjeldan støyter reinen under vandringane sine på elvar eller vatn som han må symje over. Reinen er ein framifrå symjar, men vel alltid kortaste vegen. Segn frå Hardangervidda vil ha det til at "vassfangsten" har vore drive i stor stil, og nokon meiner at denne er den eldste fangstforma for villrein. Vassfangst gjekk føre seg ved at fangstfolka ved hjelp av båtar gjekk til åtak på reinsflokkene og avliva dyra ved hjelp av spyd eller klubber. Både ved Lundadalsvatnet, Aursjøen, Torsvatnet og Leirungsfjella i Skjåkfjella er terrenget slik at det legg vilkåra til rette for slik fangst. På garden Bakke øvst i Reppen i Skjåk er det funne ein pilspiss av kvartsitt som typologisk kan tidfestast til perioden 2000-1000 f.Kr.

Bruk av ski i samband med jakt på rein, der reinen vart drepen med spyd, er omtala i den gamle "Kongespegele" frå ca. 1250 e.Kr. At ski har vore brukt i samband med jakt og fangst i eldre tider, er det ingen tvil om. Mellom anna var ski ein føresetnad for fangst av reinskalvar om våren. Helleristningar visar også bruk av ski i jakta.

I tillegg til Mølmen og Dagsgård sine registreringar samt vassdragsundersøkingane (Gustafson, Bolstad, Kvamme og Randers), har Sverre Fossen og Einar Ese gjort registreringar av fangstanlegg i fjellområda på austsida av Jostedalen. I delar av utgreiingsområdet er det i tillegg utført avgrensa ØK-registreringar (økonomisk kartverk).

Det er registrert ei rekke kulturminne knytt til villreinfangst på Lustersida, sjølv om omfanget ser noko mindre ut her enn i dei sentrale og austlege områda av Breheimen. Det er hovudsakleg dyregraver og bogestelle som er registrert her. Det er funne spor etter fangstgraver for villrein, ledegjerder og bogestelle spreidd i desse fjellområda, men med ei hovudvekt kring Spørteggbreen. Det er registrert spor etter fangstanlegg for villrein ved Styggevatnet, Sprongdalen, områda kring Holmevatnet, Martedalsnosi og Holmevassnosi, og i Rausdalen. Det største fangstanlegget i fjellområda i Jostedalen finn ein på Bogastillenosi med 13 bogestille og ledegjerder. Det er også registrert fleire fangstanlegg for bjørn ut mot kanten mot Jostedalen. Buplassar som hellarar, tufter og steinbuer finn ein spreidd i dette fjellområdet.

6.2.3 Buplassar/ hellarar/ krypinn

Hole, hellarar og steinbuer har vore brukte som mellombelse buplassar frå eldre steinalder og opp til vår tid. Dette vil seia over eit tidsspenn på 8000-9000 år. Mellombelse krypinn finst i store tal innanfor utgreiingsområdet i Breheimen. Menneska har til alle tider gjort seg nytte av desse plassane til opphold i samband med jakt, fangst og når dei følgde husdyra på beite. Plasseringa har ofte nært samband til fangstanlegg og til gode beiteområde. Buplassane vart ofte bygd av steinmurar (tørrmurar) i kopling med naturlege terrenghformasjonar som sokk i bakken, berghamar, flyttblokker eller hellarar/ overheng i terrenget. Overheng vart nytta som tak, t.d. buplassane ved Grønstorrgrove og Herbergsgrove i Tundradalen, og ein buplass inn under ein stor stein på austsida av Oppljosvatnet. Andre buer har steinheller og/ eller torv som taktekking (t.d. ein buplass ved Ytre Gjelåe i Tundradalen). Buene var som oftast enkle, men tørre og lune, og har gjeve plass til eit par personar. Både Mølmen (1988), Dagsgård (2000) og Fossen/Ese (Jostedalen) meinat at mange av desse buene, som har vore i bruk i nyare tid, også kan vera brukt attende til førhistorisk tid. Buplassar som hellarar, tufter og steinbuer finn ein

spreidd i heile Breheimen. Randers sine undersøkingar i hellarane ved Styggevatnet viser bruk over lengre tid i fleire periodar i førhistoria, men også i nyare tid.



Vassvendingsherberge. Steinbu som ligg attmed Vassvenda der vasskilje mellom austland og vestland (Skjåk/Stryn). Foto: Bjørn Dalen

6.2.4 Kulturminne frå yngre steinalder og bronsealder

Øystein Mølmen har som ein del av registreringane sine utarbeida kart med oversyn over fangstanlegg, buplassar, m. v. i Skjåk og Finndalsfjella (Mølmen 1986). Ei rekke kulturminne vart registrert og undersøkt nærmare i samband med vassdragsundersøkingane i Breheimen på 80-talet.

I to av hellarane ved Styggevatnet/ Austdalsvatnet er det funne pilespissar frå den yngste delen av steinalderen (Seinneolittikum 2400 – 1800 f.Kr.).

Kolgropar og fleire av hellarane ved Styggevatnet/ Austdalsvatnet like utanfor utgreiingsområdet peiker på bruk av stølsdalane attende til bronsealder. Det er usikkert kva kolgropene representerar. Mykje talar likevel for at mange av kolgropene i Breheimen dreiar seg om kokegropar som har vore nytta i samband med førebuing/steiking av mat. Ein indikator på at det dreiar seg om kokegropar er innslaget av skjørbrend stein. Ved Viva (Jostedalen) er ei kokegrop radiologisk datert til slutten av bronsealder.

Den største samlinga med ristningslokalitetar i utgreiingsområdet finn vi på stølen Åsete der det er påvist 15 steinar med i alt om lag 200 skålgroper, men på fleire av stølane innanfor og like utanfor utgreiingsområdet er det registrert lokalitetar med skålgroper.

I Geisdalen, Fåberg, Vigdalen, Breidsete og Dalsdalen er det funne stølvoller med tufter, kokegropar/kolgropar. I Dalsdalen og ved Kringlevatnet er det i tillegg registrert skålgroper. Vegetasjonshistoriske

undersøkingar i desse områda syner eit opptak av områda i beitesamanheng i overgangen bronsealder og tidleg jernalder. Pollendiagramma syner at beiteverksemda aukar på utover i jernalderen med ei veldig intensivering ved overgangen til mellomalderen (Mons Kvamme, pers. kom. 2008).

I låglandet i Luster er det funne fleire steinøkser og flintreiskap som til dømes dolk, meisel og knivar (jf. kulturminneplanen i Luster).

Ei skiferpil frå yngre steinalder vart funne i Lendfjellet, nær Gråskarven i 1907 (Lomseggen). På Geitryggen, vest for Lomseggen og Lendfjellet, er det funne ei fleske i flint. Ved Syrtbyttvatnet er det funne ei øks i bergart. Funnstaden er kjent som særskilt godt jaktterreng. I området er det også registrert store fangstanlegg for rein.

6.3 Jernalderen (500 år f.Kr. – 1030 e.Kr.)

Utviklinga av jordbruket ekspanderte ut over i jernalder. Jordbruket omfatta to driftsformer; åkerbruk og husdyrhald. Innafor utmarksbruken utvikla det seg to typar; utmarksbruk knytt til jordbruket og anna ressursutnytting i utmarka, som t.d. jakt, fangst, jernvinne, tjøreproduksjon og steinbrot. I Breheimenområdet er det klare spor etter alle desse typane utmarksbruk.

6.3.1. Utmarksbruk av jordbrukskarakter

Som vi har sett tok bruken av utmarka, i samband med utviklinga av jordbruket, til i overgangen mellom steinalder og bronsealder i utgreiingsområdet. Denne bruken vart stadig viktigare ut over i jernalderen. Ved overgangen til jernalder vert dei første tuftene tekne i bruk i området. Også hellarar vert brukt i samband med husdyrhaldet. I yngre jernalder og i mellomalderen vart bruken av fjellet i samband med jordbruket intensivert. Vekst i folketallet la eit auka press på å utnytte utmarksressursane optimalt. Ei utviding av åkerareala, saman med eit ynskje om å spare på beiteareala heime ved garden til vår- og haustbeite, måtte store areal i utmarka gjerast tilgjengeleg for beite. Når husdyra etter kvart vart vinterføra, vart naturleg nok førsankinga viktigare. Sanking av får føregjekk både i utmarka og på innmarka. Dette kravde større areal til produksjon av får på garden, samstundes som åkerbruket vart stadig viktigare. Som fylgje av desse tilhøva utvikla stølsbruket seg.


Gjennom arkeologiske registreringar og undersøkingar har ein i Jostedalen funne spor etter audestølar (stølar som vart liggjande aude etter Svartedauden), med tufter som er radiologisk datert til yngre jernalder og fram til og med 1300-talet. I tillegg er det registrert eit stort tal skålgrøplokalitetar og kokegropar knytt til stølsvollane. Dette tyder på bruk av området i samband med husdyrhald attende til overgangen mellom bronsealder og jernalder. Hellarar i utgreiingsområdet er også i bruk i denne perioden. Den sesongmessige bruken av fjellet i jordbruksamanheng i eldre jernalder tyder på ein fast gardsbusetnad i låglandet. I Luster er det til no få kjende hustufter frå jernalderen i låglandet. Nyare undersøkingar av jordbrukspor i Jostedalen tyder på jordbruksdrift her attende til merovingartid. (Ann Katrine Sivertsen, 2006. Jordbruks- og busetnadsutvikling i Jostedalen. Upublisert hovudoppgåve i arkeologi). Når det vart dyrka korn i Jostedalen i denne perioden har det mest sannsynleg også budd folk her.

Undersøkingane på Øvre Ormelid i Fortunsdalen avdekkja fleire rydningslag for beite, dyrkingslag, tufter og ein hellar, der bruken går attende til jernalder. Garden Øvre Ormelid ligg utanfor utgreiingsområdet, men stølsområda strekker seg opp til grensa for utgreiingsområdet. Sidan dette ressursområdet er grundig undersøkt har det referanseverdi for ressursutnyttinga i Breheimenområdet. Også i Skjåk og Lom er det registrert mange tufter og stølsvollar som truleg går attende til jernalderen, men desse har ikkje blitt arkeologisk undersøkte. Per Dagsgård (2000) har registrert fleire kulturminneområde kring

Lomsegga, særleg i områda Sandåfjellet og Andfjellet (både innanfor og like utanfor utgreiingsområdet), som truleg kan knytast til husdyrhald og stølsdrift. I Mølmen sine registreringar er det også lokalitetar innanfor utgreiingsområdet som kan knytast til stølsdrift og beite, t.d. tuftene i Lundadalen.

6.3.2. Utmarksbruk av anna karakter

I tillegg til aktivitet knytt til jordbruksdrifta, som t.d. stølsdrift, beite og førsanking, har ressursutnyttinga også omfatta anna bruk av utmarka. Dette gjeld mellom anna jakt, fangst, sanking, fiske, jernvinne og tjørebrenning. Det er også registrert uttak av klebersein på tre lokalitetar i Jostedalen. Dette er "Kleberholna" i Geisdalen der det er spor etter tre område med uttak, kleberbrotet i Greindalen og kleberbrotet i fjellet ovanfor Lø i Dalsdalen. I dette brotet er det synlege merke i fjellet etter uttak av klebergryter, noko som tidfestar bruken av brotet til yngre jernalder. Kleberbrotet i Greindalen ligg innanfor utgreiingsområdet, medan dei to andre ligg utanfor. Denne ressursutnyttinga kan ha vore driven av spesialistar innafor kvart ressursgrunnlag, men kan i mange samanhengar vore ein del av gardsdrifta. Vi veit av skriftlege kjelder at utnyttinga av utmarksressursane har vore ein naturleg del av gardsdrifta i jernalderen, og at spesialiserte varer har vore viktige i handel og gavebyte i ei naturalhushaldning.



Skjåk kommune sin utmarksplan - dyregraver.

6.3.2.1 Villreinfangst

Dersom vi samanliknar dateringar av dyregraver andre stader med dateringane frå Breheimen, tyder dette at gravene ved Styggevatn ikkje kan vere eldre enn eldre jernalder. Hellarane har ikkje spor som tyder på fast opphald. Dei arkeologiske undersøkingane viser at det har vore sesongmessig busetnad i hellarane. Dette tyder på at dyregravene berre vart nytta ein kort periode på seinsommaren og tidleg på

hausten. Radiologiske dateringar, saman med typologiske dateringar av keramikken og dei yngste spissane frå Styggevasshelleren syner dette. Fangstfolk har mest truleg berre vore innom i kortare periodar for å sjå til fanggravene. Dei faste opphaldstadane hadde dei truleg på gardane nede i bygdene. Spor etter beitedrift er gjennom pollensbotaniske undersøkingar påvist i Jostedalen frå bronsalder. Også dei mange skålgrøplokalitetane syner dette. I eldre jernalder dukkar kokegropene opp i utgreiingsområdet som vender mot Jostedalen. Ei meir intensiv utnytting, truleg med fast busetting, er det ikkje prov for før ved slutten av vikingtid/ tidleg mellomalder. Dei pollensbotaniske undersøkingane viser også ei intensivering av bruken av utmarka i denne perioden. Topografiske tilhøve og plassering gjer det tvilsamt om fangst- og beiteressursane i fjellområda mot Jostedalen, t.d. i Geisdalen, har vore utnytta frå andre grender enn Jostedalen. Det er ein heilt naturleg tilknyting og tilkomst ned mot sjølve Jostedalen. Radiologisk datering av den tidlegaste bruksfasen i eitt av fangstanlegga gjev ei datering til tida mellom ca. 940 og 1080 e.Kr. Dette ser ut til å stemme godt overeins med spor etter fast busetnad i dalen, og intensivering av stølsdrifta i fjellområda. Breheimenundersøkingane (Randers 1982-84) viser at bruken kan ha strekt seg fram til tamreindrifta ved Geisdalsvatnet på 1800-talet.

6.3.2.2 *Jernutvinning*

Jernvinna eller jernonna omfattar arbeidsoppgåvene i arbeidet med å lage jern i jernalder og mellomalder, dvs jernproduksjon etter bruk av myrmalm slik at ein kan produsere smijern (Narmo, L. E. 1996). Utvinning av jern frå myrmalm kan sporast attende til førromersk jernalder i Noreg og aukar på opp mot slutten av yngre jernalder og inn i tidleg mellomalder. Framstillinga av jern, med hovudsakleg same produksjonsmetode, heldt på heilt fram til 1800-talet. Jernframstillinga, eller den såkalla jernvinna, omfattar alle delane ved utvinninga av jern, den direkte metoden med bruk av myrmalm der forureininga har eit lågare smeltepunkt enn jernet slik at ein kan produsere smijern direkte. Dette var ein lite kapitalkrevjande produksjon og kunne drivast av ein hushaldning. Med større etterspørsel kom behovet for meir omfattande verksemd. Sannsynligvis var det spesialistar som dreiv anlegga. Til jernproduksjonen var det trong for mykje trekol. Det er berre funne spor etter eit jernvinneanlegg innanfor utgreiingsområdet; på Puttberget ved Liavatnet i Skjåk. På denne lokaliteten er det registrert to slagghaugar. Ei lang rekke kolgroper er registrert innafor utgreiingsområdet. Mange av desse representerar nok kokegropar, men vi kan ikkje utelukke at ein del av kokegropene kan knytast til produksjon av trekol som ein del av jernvinna (Randers 1992).

6.3.2.3 *Ferdsel*

Det har eksistert ferdsselsårer så lenge det har vore menneske i Noreg. Ferdsla gjekk mellom buplassar, jaktområde, fiskeplassar etc. Ut over i jernalderen vart det større trond for betre ferdslivegar til transport av ulike varer og råstoff som jern, brynestein og kleber. Om vinteren vart truleg slede nyttta. Vintervegane følgde ofte andre trasear enn dei stiane kor ein gjekk, då ein lett kunne kome fram over islagte vatn og myrer. Ferdsel over fjellovergangane mellom aust og vest var stor. Handel og varebytte med folk frå fjordbygdene og kysten var viktig, og det vart bytt skinn, tjøre, smør og ost mot tørrfisk, salt, ureinska tran og korn.

All ferdsel frå gardane i dalen og opp til utmarksressursane på fjellet har tidleg sett spor etter seg i form av stiar og trakk. Forfedrane våre fylgde nok til ein viss grad eksisterande dyretrakk. Dei tørre og lett framkommelege partia i landskapet vart helst brukte. Dei eldste ferdslivegane er ofte synleg som holvegar. Ei nyare arkeologisk undersøking syner at ferdslivegen mellom Jostedalen og Skjåk, og mellom Vigdalen (Dalsdalen) til Dalen, mest truleg går attende til yngre jernalder (Haugen 2006).

Vegstrukturen frå før utskiftinga, tidleg på 1800-talet, går mange stader attende til førhistorisk tid. I tillegg til stiar og seinare vegar kan ein finne spor etter kavlebruver over myrene (tømmerstokkar på tvers oppå myra) og andre bruver over bekkar og elver. Det var både vintervegar og sommarvegar.

Vintervegane gjekk over frosne vatn og myrer. Vassvegen langs vassdrag og over vatn vart også mykje nytta. På vestlandet er det datert ferdslevegar og vad attende til eldre jernalder. Kavlebru over myrer kjenner vi attende til seinmellomalderen. I tillegg har båt vore nytta attende til eldre steinalder. I utgreiingsområdet kan vi venta at bruken av ferdslevegane frå gardane nede i bygda og opp til stølsvollane (stølsvegane) i alle fall går attende til yngre jernalder, truleg enno lengre. I tillegg er ferdsla mellom aust og vest dokumentert gjennom skriftlege kjelder frå mellomalderen (1200-talet).

6.3.2.4 Gravfunn

Dei mange gravfunna frå større og mindre gravfelt i Hjelldalen, Erdalen, Bødalen og Skjolden utanfor utgreiingsområdet tyder på at det kan ha vore fast busetnad i desse stroka i alle fall attende til eldre jernalder. I tillegg er det i Jostedalen, Dalsdalen og Fortunsdalen gjort funn som tydar på ei fastare busetnad attende til bronsealder. Funn innafor utgreiingsområdet tydar også på fastare busetnad i fjelldalane opp mot Breheimen, som t.d. audegardar/audestølar i Jostedalen, og i fjelldalane opp frå Skjåk og Lom.

6.3.3 Kulturminne frå jernalder

Det er gjort gjenstandsfunn frå jernalder innafor utgreiingsområdet både i Luster, Skjåk og Lom. Oppe i fjellet er det hovudsakleg gjenstandsfunn knytt til jakt og fangst som er funne (pilspissar, spyd, spader, kjelke, reinsgevir med hoggemerke, trevirke, m.m.). Ned mot fjelldalane og stølsområda er det funne gjenstandar som truleg har vore nedlagde i graver. I fleire av dei undersøkte hellarane ved Styggevatnet er det gjort gjenstandsfunn frå jernalderen, t.d. spannforma keramikk og anna keramikk.

Luster:

Det er registrert ei rekke kulturminne knytt til villreinfangst også på Lustersida. Det er hovudsakleg dyregraver og bogestelle som er registrert her. Det er funne spor etter fangstgraver for villrein, ledegjerder og bogestelle med ei hovudvekt kring Spørteggbrean. Det er registrert spor etter fangstanlegg for villrein ved Styggevatnet, Sprangdalen, områda kring Holmevatnet, Martedalsnosi og Holmevassnosi, og i Rausdalen. Det største fangstanlegget i fjellområda langs Jostedalen finn ein på Bogastillenos med 13 bogestille og ledegjerder. Større fangstanlegg, med dyregraver bogestille, finn ein også på Gravdalsbandet sørvest for Grånos og på austsida av Holmevatnet. Mellom Sandhaugevatnet og Holmevatnet ligg det fleire fangstanlegg. Det største anlegget her har seks dyregraver. Det er også registrert fleire bjørnegilder (sjølvskot) ut mot kanten mot Jostedalen. Buplassar som hellarar, tufter og steinbuer finn ein spreidd i dette fjellområdet. I stølsdalane er det registrert ei rekke tufter, kokegropar/kolgropar og skålgroper.

Like utanfor utgreiingsområdet kan den eine av dyregravene ved Styggevatnet ha vore nytta allereie i tidleg romartid (år 0 til 66 e.Kr.). Den daterte dyregrava ved Geisdalsvatnet viser til ei bakre tidfesting av anlegget til sein vikingtid (om lag 1000 e.Kr.). Dette tyder på at "Geisdalsgravene" er yngre enn "Styggevatngravene". Der slike reingraver er datert verkar dei ikkje å gå lengre attende enn til eldre jernalder.

På nordsida av Austdalsvatnet og Styggevatnet, like utanfor utgreiingsområdet er det registrert ni hellarar/buplassar og dyregraver. I Sprangdalen er det registrert dyregraver og hellarar/buplassar. Slike ligg også i Greindalen. Her er det også registrert dyregraver.

Ved Viva i Sprongdalen, Fåbergstølen og på Øy er det registrert kolgropar. I Vetle Stølsdalen/Fagredalen, opp mot Holmevatn, er det registrert audestølar/tufter datert til jernalder. Vidare er det registrert tufter på Øy (12 frå etterreformatorisk tid), Sjurstøl, Sætrehaug, Sandbakken, Seltuftedal, Øystøl, Espe og Tuftene (Geisdalen). På sistnemnde lokalitet er det registrert 10 tufter. Alle

tufteanlegga, med unnatak av Øy, er radiologisk datert til jernalder og/eller mellomalder. Det er ikkje registrert skålgrøpførekommstar i tilknyting til tufteanlegga som vender direkte mot Jostedalen. Slike opptrer først i Dalsdalen m.a. på Kringlo og Bjønnvollane ved Kringlevatnet. I området på vestsida av Jagershaugen og Grånosene i Dalsdalen er det fleire kjende skålgrøpførekommstar.

I Vigdalen er det gjort funn av audestølar/hustuft og kolgroper. Tuftene er i bruk i perioden frå yngre jernalder og fram til Svartedauden (ca 1350) e.Kr. Dei registrerte tuftene ligg på Øyestølsreset, Vierøy, Breidsete og Likholmyri. På Breidsete er det registrert åtte tufter, medan det på kvar av dei andre lokalitetane er registrert 2 tufter. I Vigdalen finst også større samlingar med kolgroper knytt til dei 14 tufteanlegga frå yngre jernalder/mellomalder. Særleg gjeld dette Breisete kor det er funne ca. 60 kolgroper. Dei hesteskoforma hustuftene kan vera både frå eldre og yngre jernalder.

I Dalsdalen er det registrert tufteanlegg på Smørevatn N (5 tufter), Kringlo (8 tufter), Bjønnvollane (8 tufter). Tufteanlegga er datert til yngre jernalder og/eller mellomalder. På Kringlo og Bjønnvollane er det også skålgrøpførekommstar. I tillegg er det registrert ei rekke lokalitetar med kolgroper/kokegropene i Dalsdalen. Radiologisk datering av eit utval av desse syner at kolgropene/kokegropene er eldre enn tufteanlegga.

I Mørkridsvassdraget er det utført kulturminneregistreringar av både Mølmen, Gustavson og Fossen. Desse registreringane bygger i mange hove på opplysningar frå lokale informantar. Dette har resultert i at ei rekke lokalitetar er registrert i området. I Greindalen er det registrert tre steinbuer og fleire fangstanlegg med dyregraver. Steinbuer og fangstanlegg er også registrert i Rausdalen. Ved Kleppafjellet i Fortunsdalen, like innanfor utgreiingsområdet, er det kjent fleire dyregraver. Det ligg også fleire dyregraver ved Martedalsløfti. I Martadalen er det registrert to lokalitetar med dyregraver og fleire hellarar. Dyregraver er ligg også vest for toppen av Leirbotnnosi og ved Heimste Rausdalsvatn. I Mørkridsdalen er det registrert tre tufter og eit fangstanlegg med fleire bogestille, m.a. ved Nobbi. På Bolstad – Sveidalen er det registrert fangstgraver og tufter etter audestølar. Når Nobbibreen trekte seg attende vart det funne ein pilspiss i jern som kan vera frå jernalderen. Like nordvest for toppen av Skurvenosi, i vestskråninga av Mørkridsdalen ligg det dyregraver. Eit stykke ned i Mørkridsdalen, ved Tjørnahalet ligg det to tufter.

På Åsete, ein nedlagd støl på den nordlege breidda på Åsetevatnet, er det registrert 15 steinblokker med til saman nærmere 200 skålgrøper. I tillegg er her registrert tufter. Tufter er også registrert ved fleire lokalitetar ved Åsetevatnet. Her er registrert ei samling med kokegropene og fangstgraver. Ved Ofsarvatn ligg det bogestille og tufter. Ein spydspiss, truleg frå eldre jernalder er funnen i kanten av ei fonn ved Kaldrasvatnet.

Opp i fjella på austsida av Fortunsdalen er det fleire lokalitetar med fangstanlegg. Ved Skålavatn/Hervaskaskårane aust for Støladalen, og i sørvestlege hellinga av Kjerringhetta, ligg det til saman 6 dyregraver. I Gjesingadalen, sør for Skålabetn, ligg det fleire dyregraver. Opp mot desse områda ligg stølsområda til Øvre Ormelid, der tre tufter er undersøkt og datert til yngre jernalder og mellomalder. Kulturlag i ein hellar på Øvstestølen er datert til bronsealder. I tillegg er det datert ei rekke fossile dyrkingsspor (åkerreiner, åkrar og beiterydding) som er radiologisk datert til yngre steinalder, bronsealder, jernalder og mellomalder på Øvre Ormelid. Denne høgdegarden har eit særeigen og intakt bygningsmiljø som ligg i eit tradisjonelt kulturlandskap med stor tidsdjupne. Kulturminna i dette området ligg like utanfor utgreiingsområdet. Staden har stor kulturhistorisk verdi både med omsyn på kunnskap, formidling og oppleveling.

Kolgrop/kokegrop ved Åsetevatnet og Rausdalen i Luster registrert er radiologisk datert til omkring 300 e.Kr. Desse kan anten knytast til trekolproduksjon knytt til jernvinna, eller til opphold (tilreiing av mat

i kokegropene) i samband med beite eller anna utmarksaktivitet i området.

Sverre Fossen opplyser om at det er kjende dyregraver og herbyrge kring Ilvatnet (vestsida av Ilvatnosen), Krossbakkane og på Krossbakkenosi. Desse er ikkje med i nokon av registreringane som er utført i området. Opplysningane er gjevne av eldre jegerar som har jakta i dette området. Det skal også vera ei rekke fangsminne (dyregraver og bogestille) i området på vestsida av Fortunsalen, frå Steineggi og fram mot Sveidalnosi og Bjørkanosi. Også dette er opplysningar gjevne av jegerar i området.

I tillegg til dei områda som er nemnde her er det registrert ei rekke mindre fangstanlegg, i form av dyregraver og bogestille. Desse kan ligge kvar for seg, eller saman. Det er også registrert fleire steinbuer, hellarar, krypinn og tufter som ikkje er nemnde her. Desse vil gå fram av kart og liste. Randers peikar på at det er eit stort potensial for funn av fleire tufteanlegg og fangstanlegg i alle registreringsområda i Luster.

Skjåk:

I Skjåk er eit fangstanlegg undersøkt og radiologisk datert til eldre jernalder (Hosar 1994). Dette stemmer godt med dateringane av fangstanlegga på Jostedalsida.

Ved den austlege enden av Langvatnet i Breiddalen, like innanfor utgreiingsområdet, ligg det ei tuft. I området nord for Langvasseaggi og sør for Holene er det registrert tre lokalitetar med dyregraver og bogestille. I tillegg er det i same området registrert ein hellar/buplass. På Langvasseaggi er det funne ein pilspiss i 1927. Heilt fram på kanten, aust for Raudeggbrean ligg det dyregraver. På sørsida av Kupen, ved Kupløyftet, skal det ligge eit fangstanlegg med dyregraver og ledegjerde. Sør for Sprongeggi ligg det ei steinbu/buplass.

Eit stort massefangstanlegg er lokalisert på Frelsareggen i Skjåk. Dette består av ein kraftig V-forma steinmur som endar i eit gravkammer. Aust for muren ligg det 25 bogestille.

Eit vardesystem, med 12 vardar, er registrert på Eggja ved Lendbreen.

I området mellom Gjuvkampen og Gjuvtjørni i Skjåk ligg det eit fangstanlegg med ni dyregraver. I sørhallinga av Høglunden, Røtedè, er det registrert seks dyregraver. I dette området er det også registrert fleire hustuft, steinbuer og stølvollar.

Utanfor utgreiingsområdet, på Tundramoen i Skjåk er det registrert fleire lokalitetar med fangstgraver for elg. På ein av lokalitetane er det registrert åtte fangstgraver for elg innafor eit lite område. Ikke langt frå, der Tundre-elv møter Østre elv ligg det 22 fangstgraver for elg. Fleire elggraver er registrert i området, t.d. Tundrali.

Kring Lundadalsvatnet i Skjåk er det registrert fleire fangstanlegg for villrein. Det største anlegget her har sju dyregraver. I Lundadalen er det i tillegg til fangstanlegga også registrert fleire steinbuer, hellarar og tufter. På ein av lokalitetane her er tuftene hesteskoforma, med innhegningar, noko som tyder på at dette kan vera stølstuft. Dei undersøkte hesteskotuftene i Øvste Stølsdalen og på Øvtestølen i fjellet ovanfor Fortun er datert til overgangen yngre jernalder og mellomalder. Bruken her er knytt til stølsdrift. På Reset i Lundadalen ligg også den særmerkte naturlege hellaren, "tunnel", som det er knytt tradisjon om hell og lykke til.

På det austre eidet mellom Fremste Sottjønn og Inste Sottjønn ligg det eit fangstanlegg med 21 bogestille. På Haukberget nordaust for lokaliteten ved Sottjønn ligg det eit fangstanlegg med fem

dyregraver med ledegjerde. Ved Ytste Gjelå i sør-sida av Tundradalen ligg eit fangstanlegg med tre dyregraver med ledegjerde og fem bogestille, medan det ved Herbergsgrove er registrert ei steinbu som har vore brukt som falkefangarbu. I dette området er også registrert fleire mindre lokalitetar med dyregraver, tufter og hellarar/krypinn.

I Tundradalen, kring Gammelstulen og Inste Gjelå er det registrert steinbuer, fleire bogestille, ni dyregraver, tuft (falkefangarbu) og krypinn/hellar. På Råkakampen ligg det bogestille, og i fjellet nord for Skotå ligg det eit krypinn/hellar.

I området mellom Langvassegg i Måradalsbenken og vidare ned til Grotlivatnet/Breiddalsvatnet er det registrert fleire fangstanlegg i form av dyregraver og bogestille, tufter og små hellarar. I nedste enden av Heillstuguvatnet ligg det ei steinbu. Frå vestre enden av Raudalsvatnet og fram til Ytste Leirvatnet er det registrert ein lokalitet med dyregraver og fleire steinbuer, tufter og små hellarar. Kring Søvertjørn er det registrert ei steinbu, ein liten hellar og dyregraver. I Tverrådalen, sør for Røykjekskålvatn og Røykjekskålholi, ligg det dyregraver og hellarar. I ytste enden av Syrtbyttvatnet ligg det ei gammal jakt- og fiskebu.

På Haraldvangsfly i Glittervatnet i Skjåk er det funne pilspissar. Det er opplysningar om at det her skal ha lege eit gravfelt. Det er også tradisjon om at det har stått eit slag på denne staden.

Det er gjort eit funn av pilspiss ved Blankåhaugen. På Rundhaugen, lengst aust på Dyringshø, er det registrert fleire bogestille og steinbuer. Kring Raudhaugen, på austsida av Liavatnet, er det registrert ei falkefangarbu, bogestille og dyregraver. Det er registrert eit jernvinneanlegg med to slagghaugar på Putten/Puttberget aust for Sota seter.

I tillegg til dei områda som er nemnde her er det ei rekke mindre fangstanlegg, i form av dyregraver og bogestille. Desse kan ligge kvar for seg, eller saman. Det er også registrert fleire steinbuer, krypinn og tufter som ikkje er nemnde her. Desse vil gå fram av kart og liste.

Lom:



Pilspiss Måradalsbenken frå jarnalder. Foto: Bjørn Dalen

Det største fangstanlegget i Lom, som ligg innanfor utgreiingsområdet, er anlegget på Bandet ved Moldulhøi (Per Dagsård 2000). Fangstanlegget ligg nesten 2000 m.o.h. og er samla i to konsentrasjonar med til saman 60 bogestille. Anlegget kan ha vore brukt både for drivjakt, men også for lurejakt når reinen trekte opp på snøbreane etter å ha beita på dei frodige grasslettene i Sulheimsfjellet. I tilknyting til anlegget er det funne trestavar som har stått i eit ledegjerdesystem. Ein trespade, som kan ha vore brukt til å grave reinskjøt ned i snøen, er funne under ein snøbre ved Moldulhøi.

På austsida av Storiviln i Lom ligg eit anlegg med 9 bogestille. Fem bogestille ligg ved Osen av Høybreavatnet i Lom. Ei dyregrav ligg på austsida av vatnet. Eit reinsgravanlegg ligg innanfor Bjøllungshøe (Bord) ved Ståkåbakkan i Lom. Fire dyregraver er registrert ved Bjøllungsdalshovden i Lom. Også ved Sultjønna er det registrert fangstanlegg med dyregraver.

På Måfå seter (Huldregarden) i Lom er det funne ein pilspiss av jern som er typologisk datert til yngre jernalder.

På Ulvåt i Lom er det funne ei oval bronsespenne som er typologisk datert til jernalder. Spenna kan stamme frå eit gravfunn på staden.

På Nordsetra i Prestesetergrenda i Lom er det funne perler, ring og bronsetråd som er typologisk datert til jernalder. Også dette funnet kan stamme frå eit gravminne. På Kolvke i Lom er det gjort funn av ein beltestein som kan typologisk daterast til jernalder.

I tillegg til dei områda som er nemnde her er det ei rekke mindre fangstanlegg, i form av dyregraver og bogestille. Desse kan ligge kvar for seg, eller saman. Det er og registrert fleire steinbuer, krypinn og tufter som ikkje er nemnde her. Desse vil gå fram av kart og liste.

Veldig få av fangstanlegga med dyregraver i utgreiingsområdet er nærmere undersøkt og datert. Dei få som er datert viser ei tidfesting til jernalder. Hovudtyngda av anlegga kan truleg tidfestast til jernalder og mellomalder. Dette stemmer godt over eins med daterte anlegg andre stader i landet. Dyregravene kan ha vore brukt over lang tid. Når det gjeld fangstanlegga med bogestille er desse vanskelegare å datere, men mykje tyder på at desse har vore i bruk over eit langt tidsrom, frå steinalder og fram i nyare tid. På grunnlag av daterte anlegg vert fangstanlegga omtala under jernalder, sjølv om bruken av fangstanlegga strekkjer seg over lengre periodar, både i steinalder, bronsealder, jernalder og mellomalder.

6.4 Mellomalder (1050 – 1536/37 e.Kr)

Utviklinga av jordbruksystemet ekspanderte ytterlegare ved overgangen mellom yngre jernalder og mellomalder, og inn i mellomalderen fram til pesten sette ein dempar for utviklinga. Jordbruksystemet omfatta to driftsformer; åkerbruk og husdyrhald. Innafor utmarksbruket utvikla det seg to typar; utmarksbruk knytt til jordbruksystemet og anna ressursutnytting i utmarka, som t.d. jakt, fangst, jernvinne, tjøreproduksjon og steinbrot. I Breheimenområdet er det klåre spor etter desse typane utmarksbruk. Dei fleste anlegga og kulturminnene som er presentert under jernalder strekker seg inn i mellomalder. Vi viser difor i store trekk til kapittel 6.3 for skildringar av kulturminne også frå mellomalder.

6.4.1 Stølsdrift

Etter kvart som jordbruksystemet utvikla seg, og fangsten vart mindre viktig, auka behovet for stølsbruk. Øvste Stølsdalen i Fortunsalen, ligg 1100 moh i grensa til utgreiingsområdet. Bruksfasen i tuftene på

Øvtestølen og Øvste Stølsdalen er radiologisk datert til om lag 1000 e.Kr. Undersøkinga viser at desse stølsbygningane vart periodevis busett i sommarhalvåret frå slutten av vikingtid/tidleg mellomalder til ut på 1300-talet. Vegetasjonshistoriske undersøkingar (pollenanalyse) i desse fjellområda visar dei same resultata som dei arkeologiske undersøkingane, med auka beiteaktivitet i denne perioden. Resultata frå Ormelid og "Vestlandsgårdsprosjektet" kastar lys over gardsutviklinga og bruken av fjellområda på Vestlandssida av Breheimen. Mange av dei registrerte kulturminna i fjellet kan knytast til den tradisjonelle Vestlandsgarden (Julshamn, Bade, Valvik & Åstveit, 2002).

Funn av jaktreiskap i stølsområda peikar også i retning av at desse områda har vore tilhaldstad for fangstfolk. Spor etter jordbruk frå jernalder og mellomalder kan ein finne heilt opp til stølsområda viss desse ikkje ligg meir enn 600-700 meter over havet, som er den øvre grensa for korndyrking her i landet. I seinare tid er det gjort funn som tyder på korndyrking opp til 800 meter over havet på Vestlandet (t.d. Svolset i Sogn, Kvitalstølen på Voss og Sysendalen i Hardanger). Stølane langs den sørlege grensa for planområdet ligg frå 400 til opp mot 1000 meter over havet. På Sæterhaug om lag 2,5 km aust for Fåberg i Jostedalen (utanfor utgreiingsområdet) er det registrert to hustufter, eit kve og truleg ein gangveg. Pollenanalysar og dateringar viser at det har vore drift på Sæterhaug i yngre jernalder og tidleg mellomalder, i tida kring 900-1200 e.Kr. Hustuftene kan ha tidlegare ha vore i tuftar etter stølshus.



Randen seterstul. Foto: Bjørn Dalen

Vegetasjonshistorikarar meiner at det har vore ei intensivering i bruken av enkelte stølsvoller frå tidleg mellomalder (Kvamme 1992 og Kvamme/Randers 1982). Årsaka til dette kan vere fleire. Det kan ha vore omlegging av drifta til ei meir systematisk utnytting av utmarka med regulære, sesongvise opphold på faste stølar, samt at det var stort folkepress i yngre jernalder og tidleg mellomalder. Enkelte meiner at kokegropene er spor etter ei tidleg form for stølsdrift, ei meir labil beitedrift utan fast tilhald som kravde sel og fjøs. Svartedaudens herjingar saman med därlege klimatiske vilkår, førde til at mange av stølane vart liggjande aude. Kor mange folk døydde då Svartedauden kom vinteren 1349-50 veit ein

ikkje. Stølshusa rotna ned, og stølsvegane grodde att. Folketalet gjekk drastisk ned, og dei dårlegaste stølane vart oppgjevne og aldri tekne opp att. Men folketalet auka fort, og det vart trong for meir mat. Dei gamle stølsområda vart tekne i bruk att, og nye vart utbygde. Undersøkingar i fjellområda på Vestlandet viser at høgareliggende gardar som vart lagt aude, seinare vart tekne opp att som stølsområde. Dei som overlevde hadde nesten uavgrensa tilgang på jord. Mange gardar vart nedlagde, og framleis på 1600-talet var det så god plass at ein kunne flytte frå gard til gard på leit etter den beste staden å slå seg ned (Larberg 1926b eller Randers og Kvamme 1982-84). Styresmaktene pressa på for å få i gang skatteinnekrevjinga, men det fanst ikkje nok folk til å dyrke jorda. Jamvel om det har vore stølar og stølsdrift i området frå dei tidlegaste historiske tider, synes det klårt at oppbygginga av stølar og utnytinga av fjellet fekk eit sterkt oppsving hundreåra etter Svartedauden.

6.4.2 Jakt og fangst

Mykje tyder på at bruken av fangstanlegga fortsette ut over i Mellomalderen, men at det vart ein sterk reduksjon av bruken av dyregraver når Svartedauden tok til. Dette skuldast truleg ei generell avfolkning og at villreinfangsten kravde innsats av mange menneske. Daterte dyregraver for fangst av rein tyder på at Svartedauden reduserte fangsten svært mykje. Først 200 år seinare hadde folketalet teke seg opp att, men då var jordbrukskulturen så veletablert at reinsfangsten ikkje vart teke opp att. I tillegg var dei som hadde kunnskapen om fangsten døde, og fangstanlegga hadde forfalle. Jordbrukskulturen hadde vorte den sikraste levevegen (Hosar 1994). Jakta, som eit tillegg til jordbrukskulturen, vart driven vidare utan store fangstanlegg.

I samband med overgangen mellom fangst og jordbruk var enkelte dyregravane legg meir verd enn visse gardar. Særleg gjaldt det gardar i typiske fjellbygder som låg utsett til for frost og uår, medan fangst i dyregraver var meir stabilt. I Sogn kjenner ein likevel til at gardane nede i bygdene leigde seg inn i kornåkrane på høgdegardane, då det her var mindre fare for frost. Dette har nok samanheng med at det på høgdegardane var fleire timer med sol både med omsyn på årstidene og døgeret, enn på gardane nede i dalbotnane. Både fangstanlegga for villrein og elg vart i mellomalderen skattelagt. Dei skrivne lovane frå 1100-1200-talet hadde eit regelverk omkring gravfangsten. Det er sannsynleg at ein kan trekka desse reglane mykje lenger tilbake. Slike sedvanerettar, som omfatta både bruksområde og drifta elles, vart handheva av brukarane sjølv, og var oftast nådelause. Dei skrivne lovane som kom var ein "heimel" som avløyste "neveretten". Dei tidlegaste reglane finn ein i Frostatingslova (frå 1100-1200 e.Kr.). Seinare forordningar, bl.a. i 1730 avgrensa jakttida på storvilt svært mykje. Lova frå 22. juni 1863 er den første som set direkte forbod mot gravfangst av elg og hjort. Fyrst i jaktlova frå 22. mai 1899 er forboden utvida til også å gjelde fangst av bjørn og villrein i graver. Eit påbod om å fylle att alle fangstgravene vart ein gong gjeve, men dette er ikkje tidfestat. Truleg kom dette forholdsvis kort tid etter lova frå 1899. Dette førde til at det offentlege måtte fylle att reinsgraver som låg utsett til for beitedyr. Dette skjedde truleg omkring 1910 (Mølmen 1988). Tiltaket markerte reint historisk ein offisiell slutt på fire-fem tusen år med fangst i dyregraver.

Lover og forordningar om bruksretten vart utan tvil halde, for fangstfolka passa kvar for seg på rettane sine. Derimot vart forordningar som tok sikte på å forby eller regulere fangsten, neglisjert og som regel møtt med stor motstand. For elg vart det såleis både i 1560 og 1573 prøvd med sterke innskrenkingar av jakta, men dette fekk lite å seie i praksis.

6.4.2.1 Falkefangst

Falkefangsten har opphavet sitt i fjernare himmelstrøk og går attende til fleire tusenår før vår tidsrekning (Mølmen 1988). Til Europa kom han på 400-500-talet e.Kr., og i Noreg er han omtala fleire gonger i skrifteleg kjelder frå mellomalderen. Den er og kjend frå gravfunn frå vikingtida. Dei nordiske landa vart i første rekke nytta som innfangingsområde. Falkane som vart fanga i Norden var svært ettertrakta, og

utanlandske falkefangarar slo seg ned i hundretal i norske fjellområde. Ut over i mellomalderen vart det difor innførd konsesjonar på fangst av falkar. Dei eldste kjende lisensane går attende til år 1194, og er frå Trondheim. Frå Gudbrandsdalen vart det i 1150 utførd eit stor tal falkar til England. Gudbrandsdalen var av dei områda det vart betalt høgast avgift i samband med falkekonsesjonane. Ut i frå mengda av fangsthytter er det mykje som tyder på at Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre har vore i ei særstilling i høve til falkefangst (sjå og kapittel 6.5.1.1).

6.4.3 Segn

Segnet om Jostedalsrypa og Svartedaudens herjingar representerar det mest vidgjetne segnet i Breheimen. Den første nedteikninga er truleg frå omkring år 1700. Den er nedskrivne av Jonas Ramus. I følgje historia skal Jostedalen først vore busett i 1348. Mange folk frå Sogn skal ha søkt tilflukt i den aude dalen for å unngå Svartedauden. Ingen fekk besøke dalen så lenge pesten varte. Pesten nådde likevel dalen, og heile folkesetninga strauk med, med unnatak av ei lita jente. Ho var redd og sky som ein fugl, derav namnet Rypa. I følgje tradisjon og segn skal Jostedalen ha hatt ein kortvarig folkesetnad i tida like før og under Svartedauden i 1349-50. Etter pesten skal dalen ha lege aude i eit par hundre år før folk på nytt slo seg ned i løpet av 1500-talet. Ein veit no at Jostedalen ikkje vart avfolka under Svartedauden (Sivertsen 2006).



Gjørva. Foto: Bjørn Dalen

Det knyt seg mykje overtru til støl og stølsliv. Mest utbreidd er trua på at den tida av året då stølane ikkje var i bruk, var det huldrefolket som gjorde seg nytte av både sel og fjøs. Huldrefolket held til i stølshusa heile vinteren, og måtte flytta ut når bufolka kom om våren. Men dei flytta ikkje langt, kanskje berre attom selnova under ein stein. Ein måtte difor vere varsam så ein ikkje på nokon måte gjorde skade på dei underjordiske. Det vart også gitt offergåver til dei underjordiske. Når hausten kom og budeia flytta ut av selet, sette dei ofte att matvarer som gavé. Denne skikken har truleg røter attende til dei gamle offerskålgrøpene.

"Gjørva" eller "Gyrva" er namnet på ein naturleg tunnel eller hellar ved Heimaste Reset i Lundadalen. For mange var tunnelen i eldre tider høgt akta og æra, og hell og lykke skulle fylge fangstfolk, jegerar og andre som kraup gjennom tunnelen (Mølmen 1988).

6.4.4 Jernvinneanlegg og tjøremiler

Jernvinna, som er omtalt i punkt 2.4.2, fortsette til ut på 1200-talet. Jernproduksjonen gav, på same måte som jakt, fangst og fiske, moglegheit for å kjøpe eller byte til seg korn. I samband med jernvinneanlegg kan ein også finne spor etter tjøremiler. Dette fordi ein i samband med framstillinga av trekol til jernvinna etterlet store mengder stubbar som kunne nyttast til tjøreproduksjon. Funn på Austlandet og Vestlandet tyder på ein jamn produksjon gjennom mellomalderen. Den tok seg opp i seinmellomalderen, på 1400-talet, og heldt seg høg i 2-300 år før deretter å gå ned igjen. Tjøre vart brukt til handsaming av båtar, kyrkjer og andre bygningar, samt til impregnering av skinn, støvlar, tauverk og garn. Eit jernvinneanlegg, med to slagghaugar, er funne på Puttberget i Skjåk. Ei tjøremile ligg i vegkanten like før ein kjem til geitsetra frå Sota (Bjørn Dalen pers.kom. 2008).

6.4.5 Kulturminne frå mellomalder

Det er i fyrste rekke kulturminne knytt til stølvollane som vart registrert i samband med Breheimenundersøkingane (vasskraftutbygginga) som har avdekkja kulturminne frå mellomalderen, hovudsakleg tufter. Mange av desse ligg innanfor utgreiingsområdet, medan fleire ligg i grensa eller like utanfor. På den nedlagde stølen Fast, ved den nordvestre enden av Åsetevatnet, er det opplysningar om at skal det ligge eit mura sel som er 400 år gammalt.

Det er også registrert tufter frå mellomalderen på Øvstestølen og Øvste Stølsdalen i Fortun, også desse like utanfor utgreiingsområdet. I tillegg er det avdekkja fleire ákrar med dyrkingslag datert til mellomalder på Øvre Ormelid i Fortun.

Bruken av fangstanlegg har truleg strakt seg ut i mellomalderen og fram mot nyare tid. Mange av hellarane, steinbuene og dei enkle krypinna har truleg også vore i bruk i mellomalderen. Fleire av tuftene som er registrert av Mølmen og Dagsgård har karakter av å vera frå jernalder eller mellomalder, men det må gjerast vidare undersøkingar for å få ei nærmare tidfesting av bruken.

6.5 Etterreformatorisk tid (1536/37 e.Kr – vår tid)

Jordbruk og skogbruk er av dei viktigaste elementa i den økonomiske tilpassinga. Åkerbruket dekka først og fremst eige forbruk, noko som kunne vere sårbart i forhold til frost og uår. Husdyrhaldet utvikla seg difor til å bli den viktigaste næringsvegen. Jordsmønnet gav grunnlag for gode høyavlindar og utmarka i fjellet gav gode beitetilhøve. Samtidig var jakt og fangst fortsett ei viktig tilleggsnæring.

6.5.1 Jakt og fangst/ veidemannskultur

6.5.1.1 Falkefangst

Stortida for falkefangsten var i perioden frå midten av 1700-talet og fram til 1800-talet. Falkefangsten var den aller gjævaste av alle jaktformer, i det vesentlegaste utøvd av det øvste sosiale sjiktet. Falkefangsten omfatta både innfanging og jakt, samt dressur og stell for å lære opp falkane til kontrollert jakt til europeiske kongelege jaktselskap. Dei som sto for innfanging og dressur – falkonerane – utvikla seg etter kvart til ekspertar. Falkonerane var for det meste frå Mellom-Europa. Den vanskelege kunsten gjekk i arv frå far til son over fleire generasjonar, og falkoneriet var levebrød for mange menneske.

Fangstsesongen varte om lag ein månad, frå slutten av juli til slutten av august. Det er i alt kjent ca. 20 slike falkefangstanlegg i fjellområda i Gudbrandsdalen. Falkefangstanlegga kravde store område, og i høgfjellterrenget er spora etter fangsthyttene framleis synlege. Fangsthyttene vart bygd opp som ringar med ein diameter 3-4 meter. Dei er oppmura av steinheller til ei høgd på 15-25 cm. I nokre anlegg vart ringen oppbygd av berre torv. Spesielt kamuflerte telt kan også ha vore brukta, særleg ved fangstplassar som ligg så høgt at det ikkje var torv å finne. Fangsthyttene kan ha vore brukta kvart år, eller det kan ha vore fleire år mellom kvar gong dei var i bruk. Dette avheng av kor ofte falkar hekkar på staden. Det har vore ein klar samanheng mellom val av stad og kjende hekkeplassar for hauk og falk. Alt utstyr som fangstmennene brukte, t.d. levande lokkeduer, mat, klede, snorer, fangstnett, bur til transport av falkane og skytevåpen vart teke med frå heimlandet. Hittil er det funne og registrert tufter etter fire falkefangstanlegg i Skjåk (Mølmen 1988).

6.5.1.2 Den eldre geværjakta på rein

Geværjakta må sjåast i samanheng med den gamle bondevæpninga. Overgangen frå armbørst til geværjakt føregjekk over en periode frå 1550 til 1700. Jakt på rein har også i nyare tid vore eit viktig tillegg i hushaldet. På midten av 1800-talet var Skjåkfjella, som elles i Sør-Noreg, utsett for eit jaktpress som etterkvart kunne ført til fullstendig utrydding. Krag-Jørgensen rifla var teke i bruk i stort tal, og det føregjekk store nedskytingar i alle fjell. I 1898-99 blei styresmaktane klar over at noko måtte gjerast då villreinen sto i fare for å bli totalt utrydda. Frå 1901 og fram til årsskiftet 1907 var difor reinen freda. I denne perioden tok reinstamma seg opp att. Reinsjakta i 1907 var prega av at eit stor tal jegerar forårsaka store nedskytingar og skadeskyting. Før jakta i 1908 kom det ei kunngjering som stilte krav til skytevåpenet. I 1909/1910 kom oppsynsordninga i gang i Skjåkfjella for å halde oversyn med jakta. Den varte heilt fram til ca. 1930. I 1921 tilsette Skjåk fjellstyre i alt sju jakttoppsyn med politimynde. Sterk misnøye med at jegerar frå tilstøytende vestlandskommunar jakta i området der Skjåk beita med tamreinen sin, samt at det for Skjåkjegerane etter 1921 berre var lovleg å jakte på villrein på Nordfjellet, ført til ein omfattande reinstrid i 1922. Saka enda til slutt i Högsterett, der det blei stadfesta at høgfjellet skulle fortsett vere ein del av Skjåk allmenning. For vestlendingane fekk ikkje dommen noko å seia, fordi då den fall i 1927 var reinen på det nærmeste utrydda i store delar av Sør-Noreg. Frå 1924 til 1928 blei reinen atta freda, men fredinga omfatta berre Oppland fylke. Hovudårsaka til problema var mangelen på ei samlande styring av villreinsstamma (Bjørn Dalen 1991).

6.5.1.3 Tamreindrift

NINA har i rapport nr. 227 om villreinen i Ottadalsområdet skrive om tamreinens innkomst i Breheimenområdet. Tidlegare var desse fjellområda ein del av eit større sørnorsk system der reinen kunne ferdast fritt utan inngrep frå menneske. Fram til 1900 ser det ut til å ha vore mykje villrein i området, og det vart jakta rein i alle bydelaga frå Luster i sør til Romsdalen i nord. Alt frå 1840 kom andre interesser inn, og med det dei som ynskte å drive med tamrein i same området. Grunna mykje villrein og etterkvart ulv gjekk ikkje tamreindrifta så godt i byrjinga, men etter kvart tok tamreinen meir og meir over, og Lom Tamreinlag blei skipa. Villreinstammen gjekk sterkt attende og motsetnadene mellom vill- og tamreininteressene vart større. Striden om reinen nådde eit høgdepunkt tidleg i 1920-åra. Etter dette kom ei lengre periode med tamrein i området. Den strekte seg fram til Trio Tamreinlag vart nedlagt i 1965. Tamreindrifta si historie er utgreidd av Bjørn Dalen (1991).

Det er Lomsdelen av Breheimen som blir brukt av tamrein. I Lom er det i dag tamreindrift knytt til Lom tamreinlag som blei skipa i 1926. Lom tamreindrift er ikkje knytt til samisk reindrift. Breheimen vert brukt til vinterbeite frå slutten av desember til byrjinga av april.

6.5.1.4 Samiske kulturminne

Skriftleg materiale frå 1500-1600-talet viser at jakt- og fangstsamfunnet i innlands- og kystområda i

Nord-Troms og Finnmark endra økonomien sin først og fremst på grunn av dei konvensjonelle nasjonale statlege territorialekrav, samt i skattelegging, handel og kolonisering var med på å uregulere balansen i ressurstilgangen for den samiske folkesetnaden. Talet på villrein vart mykje redusert, noko som førte til alternative måtar å livberge seg på. Samane auka tamreinflokkane sine. Beiteområda måtte utvidast, og innlandssamane tok etter kvart kystområda i bruk til sommarbeite (Myklebust 1988).

Økonomisk baserte både kyst- og innlandssamane seg opphavleg på jakt, fangst, fiske og husdyrhald. Etter kvart gjekk reindrifta for dei to samegruppene over i kvarandre, og dagens mønster vart utvikla. I dei sør-samiske busettingsområda er reindrifta tidligare dokumentert. Dei samiske reindriftsområda i Noreg i dag er oppdelt i reinbeitedistrikt, og omfattar hovuddelen av Finnmark, Troms og Nordland, delar av Nord- og Sør-Trøndelag samt Hedmark. Også i område utanfor reinbeitedistrikta er det drive samisk reindrift, m.a. i Trollheimen.

Det er ikkje per i dag registrert spor etter samisk busetting eller reindrift i utgreiingsområdet, men det er heller ikkje gjennomført systematiske registreringar etter samiske kulturminne i utgreiingsområdet. Funn frå Aursjøen i Lesja kan vera med å trekke grensene for samisk reindrift lengre sør aust. Det er funne fire eldstader av samisk type på rekjkje. Dei dukka opp då Aursjøen vart nedtappa, og er datert til vikingtid/mellomalder. Bjørn Berg frå Saemien Sijtie i Snåsa meiner at desse funna indikerar at det har vore samisk reindrift i heile Reinheimen, og at delar av fangstgropsystema som er registrert kan ha samisk opphav.

6.5.1.5 Nyare buer

Ein del buer er restaurerte i nyare tid, og der det har vore trevirke tilgjengeleg har dei tak av trekonstruksjonar (t.d. buplass på vestsida av Raudalsvatnet, og Isakbu på Reset i Lundadalen). Nokre buer har namn etter kjende reinsjegerar som har bygd dei. Til dømes sette Ole O. Lindsheim, Erland Nyhus og Set Nyhus i reinsjakta i 1915 opp ei steinbu oppunder Steinflya i Tundradalen. Bua heiter Ellandbue og ligg ved Tålormgrov. Tidleg i 1890-åra bygde den legendariske fjellmannen Svein Kvitingen frå Sjåk seg ei jaktbu kalla "Sveinbue" på eit høgdedrag vestafor Lortjønna. Bua var velkjend av fjellfolk og jegerar i fleire årtier før den vart teken ned, flytta og sett opp igjen i ei mindre utgåve lengre mot aust.

I utgreiingsområdet har det vore, og er i dag, buer knytt til både jordbruk, fangst og oppsyn. Dei gamle krypinna har i hovudsak vore nytta i samband med fangst. I tidlegare tider var det buer langt inne på fjellet som vart nytta i samband med tilsyn av dyr på beite. Elles har fleire nedlagte stølshus fungert som buer for tilsyn.

6.5.2 Jordbruk

Rundt midten av 1800-talet var det framleis sjølvbergingshushald. Det gamle husdyrhaldet var i stor grad drevet etter "svelteforingsprinsippet". Dei produkta som dyra gav - kjøt, mjølk og ull - vart produsert om sumaren. Om vinteren var det å berge dyra det viktigaste. Fôret som kunne skaffast var ofte av dårlig kvalitet. Skulle ein få vekst i kjøt og mjølk trong ein meir næringsrikt fôr. Det fekk ein om sumaren – heime på garden og i fjellet.

Jordbruk og husdyrhald har vore det viktigaste næringsgrunnlaget i Skjåk, Lom og Luster gjennom tidene. Fjellet hadde stor verdi og mykje å seia for livsgrunnlaget for folk før midten av det tjuande århundre. Fjellområda gav godt vinterfôr og beite, men vart og brukt til jakt og fangst. I eldre tider hadde kvar gard sine reinsgraver. Rundt 1800 var det stor naud i området grunna uår, krigsår og Stor-Ofsen i 1789. Tida rundt 1850 derimot, vart ei økonomisk blomstringstid. Bakgrunnen for dette var betre klima, såmaskinene som kom i 1820-åra, og framifrå vatningsanlegg. Dette førte til at kornavlingane tok seg

opp att, og korn vart sendt til bygdene lenger sør og til Østerdalen (Hosar 1994). Rundt 1880, med utbygginga av Østerdalsbana, vart det slutt med denne handelen. Kornprisane gjekk kraftig ned og førte til katastrofe for mange. Fleire ættegardar vart selde, og utvandringa til Amerika auka. Nedgangen i kornsalet førte til at gardsdrifta vart lagt, og det vart meir vekt på husdyrhald.



Frå Moldulhøi mot Heimaste Lundadalseter i juli 1997. Foto: Bjørn Dalen

6.5.2.1 Vassvegar

Kunstig vatning har lange tradisjonar i både Lom, Skjåk og Luster. Ein veit ikkje kor gamal den kunstige vatninga i Ottadalen er. I Skjåk finnes i skriftlege kjelder frå 1598, men kunstig vatning har truleg vore brukta mykje lengre attende i tid. Ei vanleg tru har vore at vatninga er jamngamal med jordbruket. Med dei klimatiske tilhøva Skjåk har, har ein vore heilt avhengig av kunstig vatning for å få fullverdig avling innan landbruket. Samtidig har dei turraste bygdene også i periodar vore mellom dei rikaste, fordi dei har drive med vatning på ein systematisk og høgt utvikla måte. Anlegga for kunstig vatning har utspringet sitt langt inne i fjellet, og i tørrår har det vore grave veiter og kanalar heilt innunder breane for å skaffe nok vatn. Vatnet vart teke frå fonner i fjellet, eller frå tjørn og større elvar. Dette var tiltak som kravde kapital, samt arbeidskraft til anlegg og vedlikehald, og hadde som føresetnad at fleire samarbeida om anlegg og drift. I enkelte stølsområde er det og lagt ned eit stort arbeid for å føre vatn fram til stølen. Det er desse kilometer lange vassveitene som er det mest synlege provet på utviklinga av vatningskulturen i både Skjåk og Lom der vassvegar har vore utbredd i store delar av fjellsidene både i Bøverdalen og i Ottadalen (sjå kap. 6.5.8.1). Kommunevåpenet til Lom er til dømes ein skjeltreko, ein "spade" som vart brukt til å kaste vatnet utover marka med. Nokre av desse vassvegane nyttast ennå i dag.

Eit namn som ofte blir nemnt i samband med legging av vassvegar i fjellet i Lom og Skjåk er Vass-Per (1782-1846), og som er nemnt i "Ættebok for Skjåk". Vi veit lite om vassvegane før Vass-Per si tid, noko som skyldes nye tider i jordbruket, og Stor-Ofsen (storflom i 1789) som endra kulturlandskapet i fjellbygdene kring Dovre. Når så mange vassvegar vart laga i generasjonen etter Stor-Ofsen, kan det

vere på grunn av øydeleggingane i 1789. Eit aukande folketal og nytenking innan jordbruksretten kan også ha auka trangen for meir vatn på åkrane.

Bygginga av vassvegar kravde ei omfattande planlegging på førehand, m.a. utstikking i terrenget. Der vassvegen måtte gå over grunn til gardsbruk som ikkje hadde vassrett eller som hadde vatn frå andre vassvegar måtte det avtalast om løyve og vederlag. Vatnet frå fjellet vart godt supplert med oppkomevatn på, eller i nærleiken av innmarka. Denne naturlege tilgangen vart frå gamalt utnytta.



To vassvegar(rettar) i Lendfjellet. Foto: Bjørn Dalen

Perioden 1945-65 førte med seg store endringar i jordbruksretten. I denne perioden slutta mange jordbrukarar med den gamle vatningsmåten, og gjekk over til vatning med nedgravne røyr, hydrantar og flyttbare anlegg med vasspreiarar. Gravemaskiner og traktorar vart dessutan innført omkring 1960. Maskinene gjorde at røysene kunne fjernast, og dei oppdyrka jordstykkja på gardane kunne samlast til store samanhengande stykke. Dette medførte at alle spor etter åkervatninga vart borte. Også mykje av dei lokale namna forsvann med denne utviklinga. Georg Kummen har samla gamle stadnamn i Lom og Skjåk i perioden 1963-66.



Foto frå Lendfjellet – vassdøle overløp. Foto: Bjørn Dalen

6.5.2.2 Stølsdrift

Det er ingen som med full vissa veit kor lenge det har vore stølsdrift i utgreiingsområdet, men truleg er dette ei driftsform som går mange hundre år attende i tida (Øvregard 1999). Ulike granskurar meiner at i nokre av fjella i Luster har det vore ein form for stølsdrift like frå bronsealderen (år 1500-500 f.Kr.). Mellom anna seier arkeologen Johs. Bøe at ein av grunnane til at folk i Indre Sogn dreiv med seterbruk i fjella i bronsealderen, var dei klimatiske tilhøva. Turken og varmen nede i bygda dreiv folket til å flytta til fjells om somrane. Der var det rikeleg med vatn og gode beite.

Stølsdrifta utvikla seg kraftig på 16- og 1700-tallet. Vi kjenner til at det har vore husdyrhald frå midten av 1600-talet, og sauehaldet spela alt ein viss rolle alt på 1500-talet då nokre skattar kunne betalast med "får". Dei seks oppsitjarane i den nyrydda Lundagrenda hadde innan 1660 åra bygd seg stølshus i Lundadalén, og alle fire Forberggardane hadde støl på Dyringen.

Det har vore ein meir intensiv bruk av fjellet til stølsdrift i Luster på austsida av Breheimen enn i Lom/Skjåk, då stølane der var knytt til dalføre med gunstig geologi/jordsmonn (Torgeir T. Garmo pers. kom. 2008).

Det har også vore vanleg å jakte rein på stølsvollane på Mysubyttstølane om våren (Mølmen 1988). Slik stølen låg til, omgjeven av sikre reinsområder, trekte reinen ned så snart det vart litt grønt rundt stølane. Det var vanskeleg å kombinere gravfangst av rein og husdyrbeitning. Husdyra kunne falle ned i gravene og bli drepne. På mange av stølane fanst det likevel fangstanlegg inntil stølshusa, også der ein veit at stølsbruket går attende til tida med dyregraver. Mølmen meiner det berre kan vere ei forklaring på dette tilhøvet – nemleg at den store reinsfangsten var slutt før den omfattande seterdrifta kom i gang i desse områda. Gradvis tilbakegang av villreinfangsten og eit langsamt aukande opptak av stølsbruk har truleg vore ein prosess som tok fleire hundre år, og mange av setrane i Skjåk kan opphavleg ha vore búplassar for fangstfolk.

I eldre tid vart dyra sleppt ut på bøen og i utmarka, og etter kvart til støls så fort snøen gjekk. Kvar gard kunne ha fleire setrar, og det var tre hovudtypar; heimestøl (vårstøl), midtstøl (tidleg sommar og haust) og fjellstøl (sommarstøl). Sommarstølane vart også kalla høgseter. På Ormelid i Luster er denne driftsforma, med tredeling av stølsdrifta, dokumentert attende til mellomalderen, både gjennom dateringar av åkerbruket, stølstuftene og pollenunderundersøkingar. Etter at bygselbruken etablerte seg i Almenningen i dei gamle heimestølsområda på 1700-talet, har det ikkje vore vanleg med heimestølar i Skjåk. Nesten alle er langstølar eller fjellstølar. Det er difor stor geografisk avstand mellom gard og seter. Den første tida var heimestølane berre mjølkeplassar der buskapen samla seg og vart mjølka morgon og kveld. Dei fleste gardane har framleis stadnamn som "Mjølkeplassen" i si nære utmark. Etter kvart vart det bygd fjøs til kyrne. Mellomstølen vart nytta der det var særleg langt til fjellstølen, eller at stølen låg høgt til fjells. Ofte var desse stølane ein "stasjon" på vegen frå heimestølen til fjellstølen. Fjellstølen var hovudstølen for dei fleste brukarar, og låg lenger oppe i fjella, ofte ved eller over skoggrensa. Dei fleste av dei om lag 150 stølsområda med i underkant av 300 SEFRAK-registrerte (Sekretariatet for registrering av kulturminne - bygningar frå før 1900) stølshus i Luster, ligg i fjellområde. Ut frå SEFRAK-registeret er det få registrert tufter og buer inne på fjellet. Dette kan ha samanheng med at det var stølsområda som vart prioritert i registreringa.

Stølen hadde som regel ei plassering tilpassa bruken, med vasstilgang, noko skog for uttak av ved og gode beitetilhøve i nærleiken. Stølane låg ofte fritt til med god utsikt for å kunne ha eitauge med buskap og rovdyr. Fjellområda var allmenning og i stølsområda låg bygningane ofte tett samla. Plasseringa var valt dels med tanke på å unngå snøras, dels for å utnytte hellarar der dyra kunne søke ly. Dersom det var mogleg, bygde fleire gardar støl tett ved kvarandre og nytta same beiteområde. Det vart etter kvart

utvikla eit stølsfelleskap der det var skrivne og uskrivne reglar for korleis dei ulike tilhøva skulle ordnast og gjennomførast.

Stølshusa: I den aller eldste tida var det svært enkle krypinn som vart nytta til stølshus (Øvregard 1999). Det kunne vere ein stor stein eller ein hellar kor det berre var mura ein levegg av gråstein og sett inn ei lita dør. Rommet var innreia med ei grue, ein brisk eller seng til å sove på og nokre hyller for lagring av mjølk, ost og smør. Etter kvart utvikla det seg ein eigen byggeskikk når det gjaldt stølshus. Selet er den vanlegaste bygningen på stølen, men det kunne og vere fjøs. Sela var til å byrje med berre eit rom bygd av tørrmura stein (det er datert tufter med to rom attende til 200-talet på Svolset i Sogn). Taket var tekka med never dekka med torv. Lenge vart det brukt jordgolv med nokre steinheller rundt grua. Neste steg var då det vart vanleg å byggja tømra sel. Omkring 1800 vart det vanleg å byggja sel med to rom med ei mura grue og peispipe. Tømra sel hadde ofte eit tilbygg av enkle bord nytta til mjølkebu. Det er mange stølshus frå omkring 1820-30 talet som har denne byggemåten. Den vanlegaste typen sel har to rom; innsel og utsel (skotet). I skotet var det gruve for ystekjelen, og plass for separatoren. I sjølve selet var det seng, bord, hyller og ein omn. Mange stader er selet heilt eller delvis bygd opp av stein. I den nyaste bygningstypen er selet i laft og skotet i bindingsverk. Dei vart lafta ferdig i bygda, og kløvja og rodd fram til stølen. For å lette transporten vart materialane laga i små og regelmessige dimensjonar. Enkelte sel har også ein liten kjellar.



Stølen Nobbi (20/5) er svært gammalt. Både sel og skot er mura, men selet er i nyare tid kledd med treverk innvendig. Frå gammalt av var det torvtak på selet og tak av naturheller på skotet. Nedanfor selet ligg samlingsstaden for budeiene: Søndagshaugen. Her er ein tørr og fin haug med godt utsyn. Nærare selet er det groper i berget. Dette kan vera offergroper (Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen). Foto: Vatne Vision.

Fjøsa vart bygd av stein, og var plassert litt bort frå sela. Nokre stader fanst sel og fjøs i same bygget. I frittliggjande fjøs var det plass til to rekkjer med kyr på langs av fjøset. Fjøset var berre brukt til mjølkekryrne. På stølar med slåttemark var det også ein del løer. Dei eldste løene var bygde av tømmer. Fleire stader i Luster vart det bygd mjølkebuer av gråstein som eigne frittståande bygg. For å få mest mogleg kjøleeigenskapar vart buene grave halvt inn i ein jordbakke.

Stølane hadde ei stordomstid gjennom hundre år frå midten av 1800-talet til ut på 1950-talet. Då vart

stølane nytta til å skaffa ekstra fôr, og til mjølkeproduksjon med foredling av mjølka til ost og smør. Det er fleire årsaker til nedgangen i stølsdrifta. Nedlegginga av stølsbruka som aktive mjøkestølar starta for alvor sist i 1950-åra, men dei mindre bruka, som var mest avhengige av beiteressursane i utmarka, heldt lengst fast på tradisjonelle stølsdrifta. Samdrift mellom mjøkeprodusentar har også vore ein trussel for fleire av stølane som fortsett er i drift, fordi regelverket krev ei samla levering av mjølk heile året. Seinare har setrene fått ein annen funksjon, til dømes knytt til oppsyn av dyr på beite, slått, jakt og anna utmarksbruk og fritidsbruk.

I dag har fritidsbruken teke meir og meir over. Det fører til at fleire og fleire sel blir sett i stand som hytte. Lør og fjøs er meir intakte, men det varierer sterkt frå støl til støl. Den bygningstekniske tilstanden på stølshusa i dei tre kommunane er i god stand, og lite er ombygd og modernisert slik ein ser i andre delar av landet. Det har også i tidlegare tider vert bygd hytter på stølsvollane. På stølen Fjellsli (Bolstad bnr 1, 7, 9, 15, 33) bygde Ole Gulbrandson Bolstad i 1892 ei hytte som vert teke i bruk i 1894. Dei første gjesten var ein engelsk turist som hette Hoddinot og Fjellmannen T. Sulheim. Hytta vart nytta til turistar fram til 1956. Den er i dag i privat bruk.

6.5.3 Skogbruk

Det er lite skog innafor utgreiingsområde, med unnatak av området frå Sota til Mysubytta, der ein finn ei blanding av lauvskog og barskog. Det har opp gjennom tidene berre blitt teke ut små mengder tømmer i utgreiingsområdet. Det meste har gått til oppføring og vedlikehald av stølshusa. Det har truleg vore uttak av ved i bjørkeskogen, i hovudsak til bruk på stølane (Skjerdal 2006).

6.5.4 Segn

Det er knytt mange ulike segn og tradisjonar til spesielt jakt og støling innanfor utgreiingsområdet (sjå også punkt 6.4.3).

Kjøp og sal av dyregraver går ein ut i frå er frå sluttfasen av fangsten – frå ei tid då gravane ikkje var livsnødvendige, og dei dreiv jordbruk og sporadisk fangst av elg. I ei rekke bygder t.d. både i Skjåk, Lom og Vågå har det vorte fortalt om odelsgutar på namngjetne gardar som valde dyregraver framfor gard. Desse vandresegna kan ha eit faktisk opphav, men det er ikkje funne skriftleg dokumentasjon.

Elgen har vore opphavet til mykje overtru. Mellom anna meinte folk i eldre tider at det var huldra som eigde mange av elgane. Desse beit det ikkje skott på, og det var livsfarleg å skyte på slike fordi kula kunne slå attende og treffen jegeren. Hadde ein derimot ladd med sølvkule, drap ein sjølve huldreelgen, og kula slo ikkje attende. Så seint som omkring 1910 levde det folk som var overtydde om at elgkollene var huldrekyr. Den gamle folketrua kan også fortelje om tilfelle der jegerar og skogsfolk, som sto på god fot med huldra, kunne få ein elg mot andre tenester.

Falkefangarane blei sett på som rare i Skjåk, noko denne soga fortalt av ein gammal fjellmann i Skjåk til Øystein Mølmen (Mølmen 1988) viser: "To fangarar heldt til i eit øyde fangstområde då den eine vart sjuk og døydde. Han som levde att, drog ned til bygda for å hente hjelp til å få den døde ned. Han fekk folk til å forstå kva han ville med besøket, og folk vart med til fjells for å hente liket. Då dei kom fram, fann ikkje hjelparane noko lik, men falkefangaren peikte på nokre små trekassar. Av praktiske grunnar hadde falkefangaren partert kameraten sin, og lagt delane i små kassar – kvar som ei høveleg mannsbør."

Det knyter seg ei segn til buplassen "Purkbue" på vestsida av Lundadalsvatnet. Ei kvinne som heitte "Sau-Røynnåg" dreiv med grisar og sau. Grisane heldt til i eit "fjos" av to store steinheller som var reist

mot einannen som eit møne med ei lang grastorv over som tetta sprekken i toppen. Det er grisehaldet som har gjeve bua namnet. Ho har også vore brukt av reinsjegerar opp gjennom tidene.

Det tragiske drapet på Guttorm Enstad i Mysubytdalen i 1736 er ei av dei eldste skriftlige forteljingane om geværjakt i Skjåk. Då historia er lang, er ho ikkje teken med her.

Å vere driftkar var eit hardt liv. Det er skrive ned soger om hendingar om livet og farane dei møtte. Driftkarane hadde også dei underjordiske å passa seg for, og det er skrive fleire soger om dette. Varpa vi ser enkelte stader skulle hjelpe og verne folk mot dei underjordiske. Varpa ligg att som større eller mindre haugar med stein. Den som ville ha vern måtte kasta ein Stein på denne bestemte plassen før han gjekk vidare.

Det knyter seg mykje overtru til støl og stølsliv. Mest utbreidd er trua på at den tida av året då ein ikkje sjølv brukte stølane, var det huldrefolket som gjorde seg nytte av både sel og fjøs. Huldrefolket var eit slags troll eller vetter som levde om lag som menneska, men under jorda, i haug og berg. "Huld" tyder løyndom eller gøynd. Huldrefolka hadde den evna at dei kunne vere både synlege og usynlege. Nokre kunne sjå huldrene, medan andre ikkje hadde den evna. Folk trudde at dette "folket" hadde gardar og bølingar slik som menneska. Huldrene var stort sett snille, men det var likevel greiast å gjere alt kva ein kunne for å halda seg til vens med dei, og ikkje gå i vegen for dei. Ei segn seier at sel blei flytta og ny fjøs vart bygd for å tekjkast huldrefolket. Det einaste folk ottast og mislika med huldrefolket var at dei var så leie til å ta småborn og byta dei med sine eigne. Borna som huldrene la att i vogga vart kalla for "bytingar" – og dei var annleis enn vanlege born. Stål og gammalt arvesølv var gode rådgjerder mot huldrer og vetter. For å berge småborna var det vanleg å leggja ei salmebok i vogga til barnet. Då hadde ikkje huldrene makt til ombyting.

Søren Aasen (1809-1903) opphavleg frå Fåberg i Jostedalen, fekk kjøpa hovudbruket i Aasen (gnr. 190/1) og vart buande der. Det var dårlege vilkår for stølsdrift i nærleiken av Aasen, og han meinte at det kunne vere mogleg å nytta områda omkring Rausdalsvatnet i Luster til fjellstøl. Omkring 1850 drog han over fjellet og bygde seg ei stor stølsbu ved det heimste Rausdalsvatnet på området til grunneigarane i Mørkridsdalen. Etter som segne seier, tok ikkje Søren dette så høgtideleg. Han bygde selet ein sommar, og tanken var at han året etter skulle dra over fjellet med husdyra sine. Då våren kom reiste han med dyra frå Aasen fram til Geisdalen og vidare mot Holmevatnet og Martedalsvatnet. Det syntes seg at det var så mykje snø att i fjellet, at han ikkje kom seg over med dyra. Han måtte gjera vendereis. Etter dette gav Søren opp tanken på å nytta Rausdalen som støl. Etter som segne seier, vart selet Søren bygde seinare nytta til stølshus. Det var Anders Fjøsne som i slutten av 1800-talet leigde stølsrett i dette området. Han sette i stand att den gamle bygninga og nytta den som stølshus i nokre år, og stølen fekk namnet Rausdalsete. Då Den Norske Turistforening (DNT) i 1956 sette opp den nye turisthytta Arentzbu (sjá kap. 6.6.6.1), vart ein del av det gamle selet på nytta sett i stand og brukt til lager for turistbua. På denne måten er den gamle steinbygningen teken vare på, og kan fortelja etterslekta om dette spesielle "landnåmet" for 150 år sidan.

Det blir fortalt at ein mann dei kalla Knuteguten drukna i elva Fossen i Luster året 1826, og segne lyder såleis:

Knut var saman med fleire andre karar på stølen Fossen. Det var eit forferdeleg uvér, og alle elvar var store og strie. Det såg ut til å vera rådlaust å koma seg over elva og heimover dalen. Men Knut var nygift, og ville heim. Dei andre rådde han i frå å reise, men han salte på den store svarte hesten sin og la av garde. I det han for av garde sa han: "Dersom eg ikkje kjem levande over Fossen i kveld, skal det bli det sprekaste ritt ein draug nokon gong har rodd etter dalen". Andre fortel at han sa at dersom han drukna, skulle han "gå att" på stølen. Elva vart for stri, og hesten miste fotfeste og fór nedover fossestryka. Hesten berga seg i land, men Knuteguten fann dei att seint på hausten under ein stor stein

ein stad dei kalla for Grasøy. I ettertid har folk ”sett” Knuteguten ridande på hesten sin rundt om på stolen Fossen.

6.5.5 Ferdsel

Ferdelsen på land har føregått til fots, ridande eller køyrande ved hjelp av dyr eller køyrety. I prinsippet kan vegane delast i tre typar; sti, rideveg og köyreveg. Utsjånaden til vegen avheng av kva den har vore nytta til. Mange gamle ridevegar er bygd ut til köyrevegar. Det er grunn til å tru at ei rekke av stiane i Breheimenområdet har svært lange tradisjonar. Det var grunneigarane/ bøndene langs vegen som hadde ansvaret for vegvedlikehaldet. Det blei difor sett opp steinar som markerte skiljet mellom kvar parsell av vegen som den enkelte bonde eller grunneigar hadde ansvaret for.

Viktige ferdelsvegar i Skjåk i samband med utgreiingsområdet var frå Bråtådalen gjennom Raudalen til Sunndalen i Stryn. Ein annan veg gjekk til Sota og Mysubytta med ein arm til Stryn og ein til Jostedalen. Vegen til Sogn gjekk gjennom Tundradalen til Fortunsdalen. I Luster var fjorden den viktigaste kommunikasjonsåra, og vegane ned til sjøen var viktige for å laste det ein ville ha til byen og selje. Fram til 1800-talet var det berre kløyjevegar i kommunen. Jostedalen hadde ferdsel over breen til Nordfjord og over Handspikje til Skjåk om Syrtbytdalen, Sota og Liavatnet. Også i nyare tid har det vore mykje ferdsel denne vegen. På 1800- og 1900-talet var det mange som tok denne vegen frå Skjåk når dei skulle til Bergen for å nå Amerikabåten. Om folk fra Jostedalen skulle til fjorden var det i tidlegare tider vanlegast å gå via Vigdalen og Dalsdalen til Luster (også kalla Bispevegen). Etter Bispevegen vart det aldri noko meir enn ein kløvveg, men det finns enno tydelege spor. Ferdsla over fjellet tok i hovudsak slutt med driftetrafikken på 1920-talet. Sognefjellsvegen var ei viktig ferdelsåre over fjellet mot aust, men utover dette var det berre stølsvegar frå bygd til fjell.

Vegen om Billingsdalen til Vestlandet meiner ein kan ha hatt fleire trasear (Hosar 1994). Den eine vegen har teke opp ved Lykre og gått via Heggjebottflya, Føysfjellet og Todalen og vidare vestover ned til Tafjord eller Tosmedalen. Ein annan veg går opp frå sjølve Billingsdalen ved Bottsetrene, nordover Bottflya til Grotli og derifrå anten til Stryn via Heillstuguvatnet, til Geiranger eller til Tafjord om Hamsedalen og Vien. Eit kart laga på grunnlag av registreringar av Sylfest Lykre viser gamle ferdelsvegar frå Bismo opp gjennom Lundadalen til Fortun, med en avstikkar til Netoseter, og ein veg frå Dønfoss opp Tundradalen til Fortunsdalen. Vegen frå Skjåk over Handspikje hadde også ein trasé som tok av ved Mysubytta og langs Mysubyttdalen til Stryn. Ein anna veg gjekk frå Billingsdalen langs Raudalsvatnet til Stryn.

For bygdene i Øvre Gudbrandsdalen var kontakten vestover til Luster fram til 1600-talet viktigare enn kontakten austover. På 1300-talet var det mange i Lom som eigde gardar i Luster, og folk frå Luster hadde jordveg i Lom (Steen 1942). Det er også nemnd fleire vegrar over fjellet mellom aust og vest i Sverres saga frå tidleg 1200-talet (Sverresaga: 260).

Høgdegarden Øvre Ormelid i Fortunsdalen, like utafor utgreiingsområde, ligg sentralt i høve til ein gammal ferdsliveg mellom Fortunsdalen og Gudbrandsdalen. Heilt fram på 1800-talet tok Øvre Ormelid i mot reisande over fjellet. Ferdslivegen går gjennom tunet og fortset innom alle stølane til Ormelid. Frå Øvstestølen kan vi sjå den første varden i ei lang varderekke innover fjellet (Julshamn, Bade, Valvik & Åstveit, 2002).

6.5.5.1 Driftevegar

Vestlandet har frå gamalt av vore kjend for å ha avla fram gode arbeidshestar og slaktedyr. Tidleg på ettermiddagen drog heste- og krøtterhandlarar til Sunnmøre for å handla dei beste dyra. Frå ulike stader dreiv dei dyra sør austover. Vér, føre, slektskap og målet for reisa var med på å bestemma vegvalet.

Målet for driftekarane var å få krøtter og arbeidshestar fram til dei store marknadene på Austlandet. På fjellbeite feita dei dyra opp heile sommaren før dei drog til Kongsberg, som gjennom gruvedrifta hadde stor trong for gode arbeidshestar. Ein del av dyra vart også selde som livdyr, men storparten gjekk til slakt. Sist på 1800-talet gjekk det om lag 1000 storfe og 300-400 hestar austover kvart år frå Sogn og Fjordane. Omkring 1840 var det til saman 600-1000 hestar og storfe. Driftehandelen tok slutt kring 1900 då jernbana og fylkesbåtane tok over transporten.

Driftevegane gjennom Luster gjekk i hovudsak anten mot Ottadalføret eller i retning Årdal. Her var fleire vegar som vart nytta. Ei av rutene som går i Breheimenområdet var mellom Fåberg i Jostedalen, nord om Spørteggbreen gjennom Martadalen mot Arentbu og Mørkridsdalen mot Skjolden i Luster.

Alternativ veg frå Skjolden og Fortun dersom ein ikkje skulle i retning Årdal kunne vera over Sognefjellet mot Lom.

Innanfor utgreiingsområdet gjekk det også ei rute over Kamperhamrane frå Stryn til Skjåk. Den tok av ved garden Folven i Hjelldalen i Jostedalen, gjekk inn Sunndalen, opp Kamperhamrane til 1250 m høgd over havet, og vidare gjennom Raudalen langs øvre og nedre Leirvatn, Rausdalsvatnet fram til Framrustsetra like nedanfor Raudberghalsen i Skjåk. Turen var delt opp i 4 kvileplassar, garden Fosnes, oppe i Grovøyane, Sundal seter og ved Skridulaupbu ved øvre Leirvatn. Dette var den mest brukte ferdselsvegen mellom Stryn og Skjåk fram til turistvegen gjennom Videdalen til Skåre vart laga i 1895. Første målet for drifta som gjekk her var marknadsplassen Lindsheim attmed Nordberget i Skjåk. Ein trur at denne ferdselsruta mellom Nordfjord og Austlandet er over 1000 år gammal.

6.5.5.2 Stølsvegar

Stølsvegane var ofte lange og vanskelege. Vegen vart ofte jamna, og busker hogge bort. Over bekkar og elvar vart det bygd klopper og bruer. Bruene vart ofte tekne ned og lagra for vinteren. På einskilde stølsvegar vart det og nytta båt til å frakta dyra over vatn eller større elvar.



Frå Langdalen tek stien til Fjellsli, Rausdalen og Åsete av på ei bru over Mørkridselva (Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Foto: Vatne Vision.

Det går ein bygdeveg frå Skjolden til Mørkridsgardane. Frå Mørkrid går det to kløvvegar til fjellstølane ved Åsetevatnet, for det første den bratte vegen opp til Osen, og for det andre kløvvegen inn sjølve Mørkridsdalen om Rausdalen til Åsete og Fast. Langs vegane er ei rekke bruer (8 stk er registrert i Mørkridsdalen), og mange stader er det mura opp trappetrinn. Dei gamle stølsvegane minner om den tunge transporten over lange avstandar i eit vanskeleg terrengr.

Etter gammalt hadde brukarane av Osen, Fast og Åsete naust og båtar ved Osen. Dei av bådeigarane som ikkje hadde eigne naust, fann seg en lageleg heller og la båten i winteropplag ute i det fri. Osen er i dag nytta til fritids- og rekreasjonsområde for stølseigare og bygdefolk. Det vart og i slutten av 1970 -

åra arbeid ut ein hytteplan – hytteby med 23 hytter og ein ombygd sel litt nordvest for den gamle stølsbøen. Hellerane og nausta for båtar i Osen er ledd i transporten over Åsetevatnet. I tillegg vart båtane nytta til fiske. Dei mange løypestrengane er nytta til å bl.a. frakte høy og ved.

Ein gamal stølsveg frå Skjåk til Netoseter i Bøverdalen har gått utover Lundadalen på sørsida av Skjøle over Storberka og nedover Netoseterfjellet i Bøverdalen (Bjørn Dalen pers. kom. 2008).

6.5.5.3 Verna vegar

I og like utanfor utgreiingsområdet finst det to vegstrekningar - over Strynefjellet og Sognefjellet - som begge er verna. Statens vegvesen fekk i 1997 i oppdrag frå Samferdselsdepartementet å utarbeide ein nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne. Verneplanen er del av etaten sitt ansvar for miljøvernarbeidet og skal vere retningsgjevande for etaten si forvaltning av eigne kulturminne i åra framover. Hovudmålet med planen er å framskaffe kunnskap om, og sikre eit utval av vegminne og vegmiljø som er representative for norsk veghistorie frå 1537 og til i dag. Arbeidet styrkar samtidig etatenes kompetanse på kulturminnevern. Hensikta er å gi vegminna eit juridisk vern.


Sognefjellsvegen: Over Sognefjellet har det vore ferdsel og frakt av varer i uminnelege tider då Bergen, mellomalderens handelsby, låg langt nærmare for norddølar enn Oslo gjorde. Ein registreringsrapport frå 2005 om "Varderekken over Sognefjellet" (Møyner, Sandodden og Thorstensen 2005) fortel om 306 vardar mellom Krossbu og Turtagrø. Av desse er 284 sommarvardar og 22 er vintervardar. Ut frå skriftlege kjelder er det mykje som tyder på at dei fleste vardane vart bygde på midten av 1800-talet, men vegen over fjellet kan ha gått i same trasé i mange hundre år. Kjelder viser at vegen truleg har gått same stad sidan forhistorisk tid. Det er mest turleg at det også har vore vardar før 1850. Vardane er bygd i tørrmur og plassert i en innbyrdes avstand som gjer det mogleg å sjå frå den eine varden til den andre sjølv i dårleg vér. Vegen langs varderekka varierer frå ingen synlege spor til ein vel to meter brei oppbygd veg. Dagens riksveg kryssar den gamle vegen langs varderekka på 14 stedar.

Ein meiner at vardane kan ha hatt ulike funksjonar; i rapporten kalla leievardar, siktevardar og peikevardar. Det er flest peikevardar som vise vegen frå den eine varden til den andre. På enkelte høgdedrag står høge siktvardar. Dei vises gjerne på lang avstand. Peikevardane har "peikearm"; ein stein som stikk ut frå varden og peiker i den retning ein skal gå. Mange av vardane har i dag staur eller ein steinhelle i toppen. Restar etter gammal staur finst i fleire av vardane.

Vardane varierar i form og storleik. Det er flest vardar (180 stykke) som er kvadratiske og stramt oppbygd. 60 stykke er kategoriserte som runde vardar som i mindre grad er bygde av tilverka steinar. Dei varierar i diameter og høgde. Det er flest stramt oppbygde vardar på austsida, medan det er registrert fleire runde vardar på vestsida av fylkesgrensa. Dei aller fleste vardane er i god stand. Nokre har skadar eller utglidinger, og nokre kan være uforvarande rive. I nærliken av tilrettelagde parkeringsplassar er det bygd mange nye små vardar, og enkelte gamle vardar er her endra i nyare tid. Det er òg registrert 29 vardar med udefinerbar form. Av desse er 15 sikre og 7 moglege vintervardar, samt ein "tabernakelvarde". I tillegg finst det 36 usikre vardar.

Om sommaren gjekk ferdsla opp til Opptun og over Sognefjellet. Hestvegen, som var eit anna namn på sumarvegen, gjekk frå Kvandalsvoll, langs Bøvra til Høydalsvatnet, vidare til Bøvertunvatnet og gjennom Breisetedalen til under Krosshøe. Vidare gjekk den langs vatna under Fannaråken til Herva, vidare over Oscarshaug, ned til Turtagrø og til garden Opptun som også fungerte som eit gjestegiveri. Vintertid og tidleg på vårparten var den vanligaste vegen frå Herva midt oppe på Sognefjellet om Høydalen (sjå kart). Vinterruta gjekk same veg frå Kvandalsvoll, men i staden rett fram over alle tjern og vatn opp til Herva. Der tok den av og inn i Høydalen, Nørstedalen ned til garden Ormelid og vidare

til Skjolden. Det er også mykje som tyder på at det var ei alternativ rute gjennom Høydalens og opp Slampeløyfte og inn på fjellet ovanfor Krosshøe.



Kart over Sognefjellsvegen (frå rapporten "Varderekken over Sognefjellet", registreringar 2005 av Møyner, Sandodden og Thorsteinsen).

Gamle Strynefjellsveg: Den eldste vegstrekninga RV 258 over Strynefjellet går frå Skore i Sogn og Fjordane til Grotli i Oppland. Gamle Strynefjellsveg var ein viktig hovudferdselsveg mellom aust og vest, og sto ferdig i 1894. Før vegen blei bygd var det forhandlingar og diskusjonar om vegval over fjellet og om køyrestandard. Gamle Strynefjellsveg går gjennom eit høgfjellsterreng. På Sogn og Fjordane sida er det eit bratt og rasutsett terren. Den eldste vegen er bygd med stigningsforhold omkring 1:20, og har grusdekke og stabbesteinlar. Den har status som nasjonal turistveg, og er berre open om sommaren. Vegen er eit godt bevart eksempel på veg frå slutten av 1800-talet med tørrmurar, hårnålssvingar på vestsida av fjellovergangen, eitt felts breidd og sikring med stabbesteinlar. Vegen er lite endra sidan den vart bygd. Vernet av vegen omfattar ivaretaking av Gamle Strynefjellsveg slik den ligg i dag utan at lineføring, tverrprofil eller dekke blir endra.

Nye Strynefjellsveg eller RV 15, erstatta den gamle i 1978. Den nye traseen blei planlagt for å fungere under ekstreme tilhøve. Den nye vegen viser ei vidareføring av den første heilårsvegbygginga som starta med høgfjellsvegen over Haukelifjell frå 1968. Strynefjellsvegen representerer eit seinare eksempel på den moderne byggjemåten der vegbana er lagt opp frå sideareala for at snøen skulle kunne blåse bort. Vegmiljøet viser to generasjonar vegar over høgfjellet med store skilnadar i vegbyggingsteknikk, lineføring og standard. Gamle Strynefjellsveg er ein av få strekningar på landsbasis som skal ha grusdekke også i framtida. Begge stader har rasfare vore eit problem som m.a. er løyst ved tunellar.

Langs Gamle Strynefjellsveg har ein dei seinare år funne strukturar etter sjølve bygginga av vegen. Spor etter provisoriske smier, hellare, og stiar er påvist med jamne mellomrom langs vegtraseen. Dette kan tyde på at vegen er gamal. Strukturane er ikkje registrerte (Kjersti Randers pers. kom. 2008).

6.5.6 Reiseliv

Etter 1850 vart bygda og fjellområda i Luster, Skjåk og Lom ”oppdaga” av utlendingar og byfolk. Gjennom laksefiske i vestlandselvane kom dei tilreisande, som oftast dei velsituerte, i kontakt med dei lokale reinjegerane. Dei store gevira dei kom til bygds med tente jaktiveren, og freista sterkt til ei avveksling frå laksefiske. Dei første utabygds- og utanlandske jegerane kom til Breheimen allereie i 1845-50, og dei auka i tal i åra utover. Det er særleg dei engelske jegerane som er namngjevne, m.a. nemner Mølmen (Mølmen 1988) engelskmannen Mr. Gordon som held til ved Lortjønnbekken der han hadde fått oppført ein stor og romsleg steinbu på folkemunne kalla ”Engelskmannbue”. Skjåkværingane såg på dei engelske jegerane som nokre originalar, som forlet luksuslivet for å bu vekevis på snaufjellet på reinsjakt, men som likevel langt på veg heldt på dei engelske tradisjonane sine.

6.5.6.1 Den Norske Turistforening

Fotturistane var ei eiga gruppe turistar som kom for å vandre og klatre i fjella. Etter brotet med Danmark i 1814, vakna det ein ny nasjonal bevisstgjering, og det oppstod ei trond for å bli kjend med landet på ein ny måte. Vitskapsmenn og kunstnarar fann vegen rundt i norske fjordar, fjell og dalar - gripne av oppdagingsbegjær og romantikkens naturbegeistring. Engelske turistar var blant dei første fjellvandrarane. ”Anten er han spikande galen, elder so er han engelskmann”, lyd eit gammalt ordtak som seier mykje om synet på dristige reiser, dessutan om kvar dei første turistane kom frå. Etter kvart gav fleire og fleire seg i veg på vandring. Det blei så mange av dei at tida var inne til å hjelpe og støtte den stigande vandringslysta og begeistringa for naturen. Hausten 1866 kom ein del interesserte menn - seinare kjende som stiftarane av DNT saman, og vart samde om å danna ei foreining etter mønster av dei utanlandske alpeforeiningane, men med norsk sær preg. Den 21. januar 1868 vart ”Den Norske Turistforening” skipa (DNT).

Før hotella og turiststasjonane kom, tok dei inn på stølane i fjellet. Noko svær tilstrøyming av turistar vart det ikkje, men med auka trafikk vaks skysstasjonane fram utover 1890-åra.

Kort etter stiftinga innførde DNT ei ordning med patentførarar som skulle leie turistar over ein del fjellovergangar i Jotunheimen, over Jostedalsbreen og i andre fjellstrokk. Og dersom det ikkje fanst førarar, hadde foreiningane ofte ordna med berar som for ei rimeleg penge bar sekken. Dersom det var fleire i fylgjet, kløyvde dei sekkane på ein fjording. Etter kvart som det vart betre varding og mindre avstandar mellom hyttene, fall tronen for førarar vekk. Førarane i fjellet var stort sett fjellbønder. Dei hadde stor innverknad på utviklinga av norsk fjellsport, sjølv om dette ikkje alltid kjem fram i pionerane sine forteljingar. Møtet mellom fjellførarar, klatrarar og fotturistar ført til eit kraftig oppsving for norsk fjellsport i siste halvdel av 1800-talet. Av uklåre grunnar minka interessa mykje utover på 1900-talet, samstundes som talet på fotturistar berre auka.

Fridtjof Nansens og andre skiferder i 1880-90-åra skapte ei gryande interesse for vinterfjellet. Utvidinga av jarnbanenettet letta også tilkomsten. I 1907, nesten 40 år etter at DNT vart stifta, vart Glitterheim for første gong halde open i påsken. Andre hytter fylgde etter. Dei vart utstyrt med lanternar og signalhorn for å vise veg i dårlig vér. Med vinteropninga av hyttene til foreininga starta skiløparane si erobring av høgfjellet.

DNT har fleire hytter i Breheimen;

Sota sæter er ei setergrend på ti hus med turisthytta Sota seter som har gjeve husvære for fjellfolk heilt

sidan 1894. Fjellmannen og jegeren Svein Kvittingen budde store deler av livet sitt på Sota. DNT kontakta han i 1894 og fikk avtale om losji og enkel servering i Sveinstugu. Da Kvittingen døde i 1939 drev Edvard Grimstad Sota Sæter, og fleire hus vart etter kvart satt opp. Frå 1953 tok sonen Torbjørn over drifta. I 1989 kjøpte Berit og Gunnar Bugge staden. Et omfattande restaureringsarbeid ble gjort fram til 1994, da Sota Sæter ble overtatt av Den Norske Turistforening Oslo og Omegn og som fortsett eiger staden.



Frå Fjellsli er det under to timer å gå til Rausdalen (880 m.o.h.). I ein kort periode på 1800-talet leigde Anders Fjøsne stølsrett her. Han sette opp eit mura sel som DNT har restaurert, og no nyttar til lager for ved. DNT bygde overnatningshytte her i 1956 for midlar frå Arentz sitt legat.
(Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen.) Foto: Vatne Vision.

Nordstedalseter er den einaste hytta med betjening til DNT i Breheimen. Den vart opphavleg oppført som privat turisthytte i 1889 med stønad frå DNT. Hytta vart overtaken av DNT i 1928. Eit nybygg stod ferdig i 1937.

Vigdalstøl vart omninnreia frå eit gammalt stølshus til turisthytte i 1961, og overtaken året etter av DNT. Den vart totalrestaurert i 1989. Den ligg ved ei klynge grantre som fjellmannen Hans Vigdal planta på 1800-tallet.

Fast i nordenden av Åsetevatnet ligg på ein stølsvoll. Det har vore DNT-hytte på staden sidan 1964. I dag vert det nyrestaurerte Bolstadselet nytta av fotturistar.

Skridulaupbu vart oppført av DNT i 1950 på initiativ frå interesserte brevandrarar og skiløparar.

Stølsdalen. Alderen på hytta er ikkje kjend. Hytta i Stølsdalen vart totalrehabilitert i 1992.

Arentzbu. Fredrik Arentz sitt legat har gjort det mogleg for DNT å reisa ei rekke hytter i fjellet. Den fyrste stod ferdig i Rausdalen i 1956, og fekk namn etter gjevaren. Den er modernisert i seinare år.

Dei tre siste hyttene, Sprongdalshytta, Slæom og Trulsbu er alle bygd mellom 1986 og 1988. Sprongdalshytta og Slæom vart bygd som erstatning for Styggevasshytta som turistforeininga hadde ved Styggevatnet. Da dette vart oppdempt vart hytta reven og erstatta av desse to hyttene. Av dei nemnde turisthyttane ligg Vigdalstøl, Fast, Arentzbu, Sprongdalshytta, Slæom og Trulsbu innanfor utgreiingsområdet.

6.5.7 Kulturlandskap Bøverdalen

Til skilnad frå mange land elles i Europa, har Noreg framleis mykje att av dei gamle jordbrukslandskapa som innehår store verdiar både med omsyn til kulturhistorie, oppleveligar, og biologisk mangfald. Det har difor vore ei trøng for å samle eksisterande kunnskap om verdiar i jordbruket sitt kulturlandskap.

Kriteria for utveljing av dei totalt 104 prioriterte områda i Noreg er økologisk og biologisk (i form av vegetasjonstypar og kulturmarker) og kulturhistoriske verdiar. Oversikten er basert på ei prioritering gjort i fylka etter ein registrerings- og etterarbeidingsfase på to år. For å få eit representativt utval av dei prioriterte områda, er utvalet basert på dei 43 aktuelle landskapsregionane i Noreg. Det er lagt opp til at forvaltningsplanar skal ivareta kulturlandskapsverdiane, og sikre kontinuitet i forvaltninga og ivaretaking av desse områda.


I Oppland er Bøverdalen utvalt som eit større samanhengande område frå øvre dal- og fjellbygder. Deler av området kring Høydalsvatnet ligg innanfor utgreiingsområdet. Naturverdiane i Bøverdalen knyter seg først og fremst til naturbeitemarker og hagemark og store biologiske kvalitetar. Desse vurderingane av naturverdiane inkluderer områda rundt Høydalsvatnet, som ligg innanfor utgreiingsområdet ("Verdifulle kulturlandskap i Norge", Rapport 4 - 1994; Sluttrapport). Kulturminneverdiane omfattar miljø med funn frå førhistorisk tid, mellomalder og nyare tid. Det har i tilegg vore viktig å identifisere miljø med landskap av viktig visuell karakter, lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til, og område med stor tidsdjupne. I følgje sluttrapporten (Kulturhistorisk rapport nr 3 -2004) ligg ingen av dei registrerte kulturminna i det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet i Bøverdalen innanfor utgreiingsområdet.

6.5.8 Kulturminne frå nyare tid

6.5.8.1 Vassvegar

Skjåk:

Skjåk kommune har utarbeid eit kart med oversikt over vassvegar, dammar og vasstaksområde:



Frå Skjåk kommunens sin utmarksplan -vassvegar.

I perioden frå 1963 til 1966 registrerte og samla Georg Kummen kunnskap om den gamle vatningskulturen i Skjåk. Samstundes registrerte han også gamle stadnamn som hørde til jordbrukskulturen før namna vart borte i moderniseringa av jordbruket på 1960-talet. Kummen tok utgangspunkt i elvar og åer som har vore viktige tilførselsårar i den kunstige vatninga i Skjåk. Av desse ligg Skjøle, Tundre, Åstre og Rauddalen innanfor utgreiingsområdet. (Kummen 1983).

Lom:

Lom Heimbygdslag registrerte fram til 1992 58 vassvegar/ vassvegssystem og ti dammar i Lom. Om lag halvparten var i bruk i 1996. Dette er truleg ikkje alle vassvegane som har vore i bruk, men dei vassvegane som har kravt mykje arbeid både i anleggstida og under det årlege vedlikehaldsarbeidet. Dei fleste av desse er grendevassvegar, få går berre til ein gard. Målt på kart utgjer vassvegane ei samla lengde på om lag 23 mil. Lengda på kvar einskild varierer frå nokre hundre meter til rundt 20 km. I tillegg kjem fordelingsnettet av trolag og veiter i åker og eng, både på dyrka og udyrka jord. På den dyrka jorda måtte alt dette gjerast oppatt kvart år. Mesteparten av jordbruksarealet i Lom blir vatna. Mange av dei gamle vassvegane er nedlagde og skifta ut med pumpeanlegg frå elva. Tabell 1 er henta frå boka "Vassvegar i Lom" av Olav Svestad og Jon Kolden. Utgjeve av Lom Heimbygdslag i 1996. Status er henta frå kommunen si registrering.

Tabell 1: Vassvegar i og like utanfor utgreiingsområdet i Lom kommune

Nr/kart	Namn	Fra/til	Område	Status 1989
52	Flækken	Frå elva Stula 1200 moh. til Flækken	Øvre Bøverdalen, Lom	ikkje i bruk
51	Vatn frå Runningen	Frå elva Runninge til Nyordet og Storøygard 690 moh.	Øvre Bøverdalen, Lom	i bruk
50	Kvandalsvoll	Frå Kvandalsvollgrove til Kvandalsvoll	Øvre Bøverdalen, Lom	delvis i bruk
47	Nyvatnet: Galdbygda og Slålien	Frå Runningsbreen 1480 moh. til Galde og Slåligrend m.f.	Øvre Bøverdalen, Lom	i bruk
42	Hoft/ Røysheim og Sygard Gaupar/ Nigard Sulheim	Frå Stugujordselve 1350 moh. til Hoft, Røysheim, Gaupar, Sulheim	Medalen, Lom	delvis i bruk
41	Uppigard Sulheim	Frå Lenda 1480moh til Uppigard Sulheim 55 moh.	Medalen, Lom	i bruk
40	Vassdalen - Vetløyrend	Frå Vassdalen 1126 moh. til Vesløygard 480 moh.	Medalen, Lom	ikkje i bruk
39	Søre Bord - Gutubø	Frå Lomseggen og Elva Søre Bord 1500 moh. til Gutubø, Bø og Krøkjegardane	Nedre Bøverdalen, Solsiden, Lom	i bruk
38	Bordvassvegen	Frå Lomseggen 1414 moh. til Fossbergom 480 moh.	Nedre Bøverdalen, Solsiden, Lom	delvis i bruk
30	Sandåe - Synstnes	Frå Sandåe, Skjåk 1100 moh. til Synstnes 400 moh.	Nes-gardane, Lom	ikkje i bruk
Kommunal registrering	Dam på Lomseggen, vest for Eggjapiken.	Avlaup Knutsugugrove.		ikkje i bruk

Luster:

Det er ingen kjende vassvegar innanfor utgreiingsområdet i Luster. I samband med dei arkeologiske utgravingane på Øvre Ormelid, som ligg utanfor utgreiingsområdet, vart det undersøkt eit vatningsanlegg med datering til mellomalder.

6.5.8.2 Stølar

Fleire stølar med bygningar er bevart innafor utgreiingsområdet. Det er gjennomført SEFRAK-registreringar, som omfattar alle bygningar bygd før år 1900, på alle stølane innanfor utgreiingsområdet. Ingen automatisk freda bygningar er registrert innanfor utgreiingsområdet.

Skjåk:

I Skjåk er det tre stølsgrender innanfor utgreiingsområdet; 9 bruk har støl på Mysubytta, 3 bruk i Røykjeskålsli (felles geitestøl) og 5 bruk nyttar Yste Lundadalsetra. Tabell 2 viser at berre Mysubytta har bygningar som er eldre enn år 1900. I Mysubytta står det att spor etter 3 bygningar bygd før 1900-talet. På stølen lengst mot vest står det att eit sel og eit fjøs som begge er frå 1800-talet. Dei to andre stølane har to sel og eit fjøs kvar. På den andre sida av elva ligg to løer. Fjøset på den austre stølen er truleg frå

mellom 1775 og 1799, medan dei andre er oppført i første halvdel av 1800-talet. Det eine selet på den austre stølen er rive (Registrering av faste kulturminne i Noreg, Skjåk 1984).

Tabell 2: Stolar i Skjåk kommune

Namn	Område	Type	Antall Sefrak Registrert	Alder bygningar
Mysubytta	Mysubytdalen	2 sel, 1 kvilebu, 3 uspesifisert, 9 stolar	3 fjøs, 5 stølshus, 2 uspesifisert	Eit fjøs er frå siste del av 1700-talet, medan dei andre er frå 1800-talet.
Yste Lundadalsetra	Lundadalen	2 sel, 5 stolar, 5 bruk	0	
Røykjeskålsli	Røykjeskålsvatn	* Geitestol, felles 3 brukarar	0	

* Røykjeskålsli (felles geitestol, 3 brukarar) det har vore aktiv støling til 2003.

Tabell 3: Stolar i Skjåk kommune som ligg akkurat i grensa for utgreiingsområdet

Namn	Område	Type	Antall Sefrak Registrert	Alder bygningar
Heimaste Lundadalsetra	Lundadalen	6 sel, 3 fjøs, 1 løe, 1 løe (ruin). 7 stolar	2 sel, 1 fjøs, 1 løe, 1 ruin etter løe	Ei løe frå 1700-talet, fjøs og ruin frå 1800-talet, seterhus frå 1800-24 og 1875-1900.
Tundradalsetra	Tundradalen	5 sel, 5 fjøs, 3 løer . 5 stolar.	1 fjøs og 3 seterhus	Dei tre selene frå 1700-talet, og løa frå ca midten av 1800-talet.

Kilde: SEFRAK-registeret, FylkesGIS Oppland

Den bygningstekniske tilstanden på stolane i Skjåk er ganske bra. På Yste Lundadalseter er ein stol under restaurering etter tradisjonell byggeskikk, medan ei seter står til forfalls. På Heimaste Lundadalseter og Tundradalsetra er bygningane halde i stand. Også på Mysubytsetra er bygningane nyrestaurerte og halde i stand (Erling Dagsgård, pers. kom. 2008).


Utanfor utgreiingsområdet, men i influensområdet, finst det fleire stolar; Botn Seterstul (5 stolar), Framruste (11 stolar), Dyringen (4 stolar), Sota seterstul (8 stolar), Brennsetrene (3 stolar), Kollungen seterstul (3 stolar), Skjellom (4 stolar), og Brumillomsetra (2 stolar) (Skjerdal 2006).

I tillegg er det i utgreiingsområdet ulike buer. Ingen av desse er registrert i SEFRAK.

Tabell 4: Buer i Skjåk kommune

Namn	Type
Raudalsbue	Beitebu, felles
Grønnstorrhue	Allmenningsbu
Sottjønnhue	Allmenningsbu
Glitterhue	Allmenningsbu
Lundadalen	Beitebu og sauehytte, felles
Lenda	Steinbu
Skriuhaugan	Steinbu
Sandå	Beitebu, felles
Kollungshyta	Jaktbu
Syrbyttvatnet	Jaktbu
Isakhytta-Lundadalen	Jaktbu

Kjelde: Skjerdal 2006



Skjåk kommune sin utmarksplan - seterbruk

Lom:

Ved Nørdre Høydalen er det aktiv stølsdrift enno. I tillegg er det innanfor utgreiingsområdet to tilsynsbuer på Bjøllungsdalshovden og Bakkebergsfjellet. Utanfor utgreiingsområdet, men i influensområdet, finst det fleire stølar; Vassenden, Måfå, Trestesetra, Hovdestulen, Netoseter, Bøverdalen, Leiksetra.

Tabell 5: Stølar i Lom kommune

Namn	Område	Antall Sefrak Registrert	Alder bygningar
Søre Høydalen	Høydalen	2 sel, 1 kvilebu, 3 uspesifisert	Tre bygningar frå 1800-talet, dei andre er uspesifisert.
Nørdre Høydalen	Høydalen	1 aurbu, 5 uspesifiserte	Uspesifisert.

Kjelde: SEFRAK-registeret

Den bygningstekniske tilstanden på stølane i Lom er noko blanda. Noko står til forfall, og noko treng opprusting. På Nørdre Høydalen er det fleire stølar, derav ein geitestøl i drift med ope løysing. Det er også bygningar for utleige. Ingen av bygningane er ombygde, berre halde vedlike på tradisjonell måte. Søre Høydalen har ein noko betre standard. Heller ikkje der er bygningane ombygde i særleg grad (Kristine Sørlie, pers. kom. 2008).

Det skal vere ei tuft av ei gammal steinbu ved Høyøyom. Den vart bygd opp at først på 1960-talet, men det er murar/tuft etter (turist)hytte/bu frå sist på 1800-talet. (Torgeir T. Garmo pers kom. 2008).

Yst på Lomseggen i Lom ligg det ei gammal, restaurert steinbu; kjend som Smithbue (Sander Sælthun pers. kom. 2008).

Luster:

Det er registrert om lag 150 stølsområde i Luster kommune. Dei fleste av desse ligg i fjellområde. Gjennom kulturminneregistreringa (SEFRAK) er det registrert i underkant av 300 stølshus i kommunen. Luster kommune har mykje av det opphavlege stølspreget ivareteke. Det ligg fleire gode døme på stølsanlegg innanfor utgreiingsområdet. Dette gjeld særleg stølane ved Åsetevatnet. Eit godt døme på sel bygd i stein finn ein på Fast ved Åsetevatnet. Eitt av sela på Fast skal vere over 400 år gammalt, og er automatisk freda.



Nokre av stølane på Fast (øvst) og Åsete (Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen). Foto: Vatne Vision.

Dei stølane som hadde tilgjenge til eit større fjellvatn hadde også naust. Ved Åsetevatnet i Luster er det registrert spor etter 11 naust (NOU 1982:43). Nausta kunne ligge samla der det var trøngt om plassen slik som på Osen ved Åsetevatnet, eller meir spreidde. Stein vart ofte nytta som byggemateriale i sideveggane, medan gavlveggane var bordkledde. Det er ingen naust registrert i SEFRAK-registeret.

Torvhus var enkle hus for lagring av torv som skulle brukast til brensel, eller for å drøye møka til gjødsel. Ein kjenner til at det vart spadd torv bl.a. ved Åsetevatnet.

I inste del av Dalsdalen (mellan Luster og Jostedalen) ligg Vigdalstølen. Dalsdalen er særprega ved at det er brukt mykje stein som byggjemateriale både i bygningar, vegar og i gjerde. I dalen har det vore fleire hellebrot. Hellesteinen vart i hovudsak nytta til taktekking, i grøfter, gjerdestolpar og klopper, og som hellegolv i skot og kjøken. I Dalsdalen er det også fleire sel der det berre er nytta stein som byggemateriale (Kulturminneplanen for Luster 2000).

Bondene i Mørkridsdalen har i nyare tid nytta heile dalen med dei tilliggande fjellområda ved Heimste Rausdalsvatn og ved Åsetevatnet over mot Ofsarvatn. Det er mange stølar i utgreiingsområdet og tilgrensande område, men der er ikkje stølsdrift i området i dag. I Luster vart det gjennomført ei registrering av stølsdrift i 1935. Denne registreringa er tilgjengeleg på www.fylkesarkiv.no og kopla opp mot fylkesatlaset på www.fylkesatlas.no. Det er òg gjeve ut ei bok "Stølar og Stølsliv i Luster kommune" i 1999. SEFRAK-registeret viser at ein del av stølsbygningane er svært gamle, nokre er frå 1600-talet. Bygningar frå denne tida er fredningsverdige på grunn av alderen.

I dag blir korkje utmarksslettene, slåttemarka på stølsområda eller sjølve stølane nytta i den vanlege gardsdrifta. Stølane blir for det meste nytta til beite for ungdyr, avgjelda kyr og ein del sauar.

Tabell 6: Stølar innafor utgreiingsområdet i Luster kommune:

Namn	område	Årstid for bruk	type	Sefrak Registrert	Alder bygningar
Berget	Mørkridsdalen	Vår/haust	1 sel 1 løe	0	
Persli	Mørkridsdalen	Vår/haust	1 sel	0	
Steinhaugen	Mørkridsdalen	Vår/ haust	1 sel, 1 fjøs	0	
Knivbakkgjerdet	Mørkridsdalen	Vår/ haust	2 løer, fleire tufter	2 løer	Begge frå 1700-talet
Knivbakkli	Mørkridsdalen	Vår/ haust	5 sel	3 sel	Fra 1700 , 1800, mellom 1800-24
Dulsete	Mørkridsdalen	Vår/ haust	4 sel, 1 hytte, 3 løer	3 sel og 2 løer + 4 tufter	1 sel frå 1740, 1 sel frå 1850-75 og 1 sel frå 1875-1900. Løer frå 1800-talet. Tufter frå 1800-talet.
Liane	Mørkridsdalen	Vår/ haust	3 sel	1 sel	1800-talet
Langdalen	Mørkridsdalen	Vår/ haust	8 sel, fleire tufter	4 sel	Alle frå 1800-talet
Fossen	Mørkridsdalen	Vår/ haust	3 sel, fleire tufter	0	
Skåri	Mørkridsdalen	Vår/ haust	2 hytter	1	
Gurosete	Mørkridsdalen	Fjellstøl	2 sel	0	
Fjellsli	Mørkridsdalen	Fjellstøl	4 hytter, fleire tufter	2 sel	Frå 1700- og 1800-talet
Nobbi	Mørkridsdalen	Fjellstøl	2 sel, 1tuft	0	
Rausdalen	Rausdalen	Fjellstøl	1 sel,1 tuft, Arentzbu	0	
Haugsvedalen	Mørkridsdalen	Fjellstøl	Fleire tufter	0	
Nyhammar	Mørkridsdalen	Fjellstøl	1 tuft	0	
Stilla	Mørkridsdalen	Fjellstøl	Fleire tufter	2	Frå 1700- og 1800-talet
Råsane	Mørkridsdalen	Fjellstøl	2 sel, fleire tufter	1 sel	Frå 1700-talet
Myrasete	Mørkridsdalen	Fjellstøl	1sel	1 sel + 1 tuft	Sel frå 1700-talet.
Bolstadvegdalen	Mørkridsdalen	Fjellstøl	1 tilsynsbu, fleire tufter	0	
Blomhaugen/ Blomøy	Mørkridsdalen		Fleire tufter	0	
Hallingbakkane	Mørkridsdalen		Fleire tufter	0	
Mejene, Koken	Mørkridsdalen		1 overnattingsbu	1 overnattingsbu	1800-talet
Osen	Åsetevatnet	Fjellstøl	7 sel, fleire naust, hyttefelt	0	
Åsete	Åsetevatnet	Fjellstøl	6 sel, fleire tufter	3 sel	Hhv. 1600-, 1700- og 1800-talet
Fast	Åsetevatnet	Fjellstøl	7 sel, fleire tufter	2 murasel, 1 sel, 1 alen, 1 veahus	Mura sel frå 1600-, sel frå 1800-alen frå 1600- og veahus frå 1700-talet
Vigdalsstølen	Vigdalen	Fjellstøl	7 sel, 1 løe/fjøs	2 sel	Hhv. frå siste del av 1700-talet og 1800-talet
Drivande	Vigdalen	Fjellstøl	3 bygningar		

Breidsete	Vigdalen	Fjellstøl	5 bygningar		Tydelege merke etter fleire store hustufter tyder på at Breisete kanskje opphavleg har vore ein gard der det var fastbuande folk året rundt i tidleg jarnalder. Breisete vart truleg oppbygd som fjellstøl ein gong på 1500-1600 talet. Det eldste selet skal vere frå tidleg på 1700-talet. Ein meiner dette selet var ei røykestove som sto i Purkestegen i Vigdalen og så flytt til B i 1884.
Nysethaugen	Fortunsdalen		-	0	
Smole, nedre	Fortunsdalen	Vårstøl	1 sel	0	
Smole, øvre	Fortunsdalen	Fjellstøl		0	
Stokkastølen	Fortunsdalen	Vår/ haust	1 sel	0	
Klepp	Fortunsdalen	Vår/ haust	2 sel	0	
Lønningane	Fortunsdalen	Vår/ haust	2 sel	0	

Kjelde: SEFRAK-registeret, Stølar og stølsliv i Luster, Fagrappo "Registrering av Landbruket" av Aurland Naturverkstad BA nr3/2006 og Fylkesatlas Sogn og Fjordane.

Den bygningstekniske tilstanden på vårstølane er som fylgjer (Øvregard 1999):

Persli (Bolstad og Sandalunden): Opphavleg 4-5 sel. I dag 1 mura sel som blir godt halde i stand.

Skåri: 3 sel. 2 ombygd til hytte. God stand. Dei siste er ikkje gjort noko med dei siste åra.

Steinhaugen (Mørkrid): 1 sel.

Berget (Mørkrid): 1 sel - i dag i god stand.

Knivbakkli (Mørkrid): 6 sel – i dag 5 i god stand. 1 i mura gråstein.

Dulsete (Hauge og 2 bruk på Moen): 4 sel. I dag 3 sel og ei hytte i god stand. 3 løer til nedfalls.

Liane (Heltne og Bolstad): 3 sel – godt haldne i stand.

Langdalen (Bolstad og Heltne): 10 sel – 2 teke av snøras. Bygd opp som moderne hus. I dag 8 brukbare stølshus – 2 er til nedfalls.

Fossen (Bolstad): 2 sel – i dag eit halde i god stand. Ny gjetarhytte.

Den bygningstekniske tilstanden på fjellstølane:

Gurosete (Fjøsne): 4 sel – 1 fjøs – i dag 2 sel, derav eit nytt oppsett etter snøskred i 1979.

Osen (Bolstad): 6-7 sel – fleire naust på vestsida. Mørkridsgardane hadde naust på austsida.

Åsete (Mørkrid): Stor geitestøl. 10 sel opphavleg – i dag 6 som blir haldne vedlike.

Fast: (Bolstad): i dag 6 sel i god stand.

Fjellsli (Bolstad): Fleire sel – i dag 3 sel i god stand. I tillegg ei hytte i god stand bygd i 1892.

Raudalssete (Fjøsne): Frå siste halvdel av 1800-talet – mura sel. Vert no nytta av DNT til lager for Arentzbu.

Nobbi (Bolstad): 3 sel – i dag 2 som er haldne i stand.

Råsane (Hauge): Taubbane frå Storeholten ovanfor Djupetjødni og opp til Svinejerveknubben for å letta på slitet. Nytt siste gongen i 1934. Lite vedaskog. Dei fleste sela er nedrotna eller til nedfalls. I 1974 tok snøskred to av sela, berre eit bygd opp att. Berre dette og 1 av dei gamle er i dag dei einaste stølshusa på denne stølen.

Myrasete: Vêrhard plass 900 moh – slutt i 1930-50 åra.. Opphavleg 3 sel. Eit sel og nokre murar etter andre bygg. Resten har ramla ned.

Vigdalstølen: 8 sel og like mange fjøs. I dag 4 sel. Nyttast til fritid og rekreasjon.

Breisete (Søvde): 3 sel er i dag i god stand. Nyttast som fritidshus.

Drivande: (Kilen): 3 sel i ei trå. Nytt sel bygd i 1908. Alle 3 sela står i dag.

6.5.8.3 Gamle ferdselsvegar

Lom:

Sognefjellsvegen - mellom Krossbu og Turtagrø (varderekka).

- Sommarrute/Hestvegen: gjekk frå Kvanndalsvoll, langs Bøvra til Høydalsvatnet, vidare til Bøvertunvatnet og gjennom Breisetedalen til under Krosshøe. Vidare gjekk den langs vatna under Fannaråken til Herva, vidare over Oscarshaug, ned til Turtagrø og til garden Opptun som også fungerte som eit gjestegiveri.
- Vinter ruta/tidleg vårpart (den vanligaste vegen): Vinterruta gjekk same veg frå Kvanndalsvoll, men i staden rett fram over alle tjern og vatn opp til Herva, deretter frå Herva midt oppe på Sognefjellet om Høydal. Der tok den av og inn i Høydal, Nørstedalen ned til garden Ormelid og vidare til Skjolden. Det er også mykje som tyder på at det fantes ei alternativ rute gjennom Høydal og opp Slampeløyfte og innpå fjellet ovanfor Krosshøe.

Skjåk:

Strynefjellsvegen (RV 258) frå Skore i Sogn og Fjordane til Grotli i Skjåk.

Gamle ferdselsvegar/ stølsvegar:

- Frå Bråtdalen gjennom Raudalen til Sunndalen i Stryn.
- Vegen til Sogn gjekk gjennom Tundradalen til Fortunsdalen i Luster.
- Frå Skjåk om Liavatnet, Sota og Syrtbyttvatnet over Handspike og breen til Nordfjord og Jostedalen.
- Vegen frå Skjåk over Handspikje hadde også ein trasé som tok av ved Mysubytta og langs Mysubyttdalen til Stryn.
- Frå Billingsdalen ved Bottsetrene, nordover Bottflya til Grotli og derifrå anten til Stryn via Heilstuguvatnet, til Geiranger eller til Tafjord om Hamsedalen og Vien.
- Frå Bismo opp gjennom Lundadalen til Fortun
- Ein gammal stølsveg til Netoseter i Bøverdalen har gått utover Lundadalen på sørsida av Skjøle
- Frå Dønfoss opp Tundradalen til Fortunsdalen.
- Frå Billingsdalen langs Raudalsvatnet til Sunndalen i Stryn.

Luster:

Gamle ferdselsvegar/ stølsvegar:

- Frå Jostedalen til fjorden via Vigdalen og Dalsdalen til Luster (Bispevegen).
- Bygdeveg frå Nedre Vigdal til Øvre Vigdal, derifrå vanleg stølsveg fram til Vårstølen og vidare til Vigdalsstølen. God kløvjaveg for hest.
- Stølsveg frå Søvde til hovudvegen inn til dalen, Dalsdalen til Kilen, bratt kløvjaveg opp forbi Kilali framom Storhaug til Breisete.
- Frå Mørkrid går det kløvveg til fjellstølane ved Åsetevatnet om Osen
- Frå Rausdalen til Åsete og Fast.

Driftevegar:

- Over Kamperhamrane om garden Folven i Hjelledalen, inn Sunndalen, opp Kamperhamrane til Raudalen (Skjåk) langs øvre og nedre Leirvatn, Rausdalsvatnet fram til Framrustsetra like nedanfor Raudberghalsen.
- Frå Fåberg i Jostedalen, nord om Spørtsseggbrean gjennom Martadalen mot Arentbu og Mørkridsdalen mot Skjolden i Luster. Alternativ veg frå Skjolden og Fortun dersom ein ikkje skulle i retning Årdal, kunne vera over Sognefjellet mot Lom.

6.5.8.4 Gamle bruer i Luster

Langs kløvvegen inn Mørkridsdalen gjennom vårstølområdet ligg det 8 bruer frå nyare tid. Det er også registrert, men ikkje kartfesta 12 løypestrenger brukta til frakting av bl.a. høy og ved.

6.5.8.5 Falkefangsanlegg

Hittil er det funne og registrert tufter etter fire falkefangstanlegg i Skjåk (Mølmen 1988). Desse er lokalisert på Brennseterberget, i Tundradalen, på Herbergsgrøve og ved Hålåli i Lundadalen. Alle desse registreringane ligg innafor utgreiingsområdet. Det er knytt opplysningar til desse lokalitetane om at dei er bygd/brukt i samband med falkefangst.

7 KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

På grunnlag av den kulturhistoriske gjennomgangen og skildringa av kjende kulturminne innanfor utgreiingsområdet, har vi definert 5 overordna *kulturmiljø* vald ut i frå landskapstypiske avgrensingar. Med overordna kulturmiljø meiner vi områder der kulturminna inngår i ein større samanheng og større strukturar. Fangstanlegga for villrein er eit døme på slike store, samanhengande strukturar som tar heile landskapet i bruk. Det same gjeld stølsområda. Dei har ein innbyrdes plassering bestemt av tilgangen på beiteressursar, og dei er knytt saman langs gamle vegfar.

Innanfor desse overordna miljøa finns det *lokale kulturmiljø*. Dette er til dømes eit fangstanlegg som består av fleire ulike kulturminne, eller ein stølsvoll med kulturlandskap og bygningsmiljø. Graden av detaljar vil variera innafor influensområdet. Innanfor utgreiingsområdet må skildringa vere så detaljert at ho kan danne eit grunnlag for vurdering av verknadane av dei direkte inngrepa på kulturminne og kulturmiljø. For influensområdet elles er målet å få fram ei forståing av hovudtrekk og samanhengar som grunnlag for å vurdere korleis tiltaket påverkar desse.

Verdivurdering skal få fram det viktigaste kulturhistoriske innhaldet. I skildringa er det med ei vurdering som viser kor sårbart området er for det planlagde tiltaket ut i frå dei tre alternativa. Vurdering av konsekvens for kulturminne og kulturmiljø skal gjerast med og utan avbøtande tiltak. Tiltak skal vurderast med utgangspunkt i kulturmiljøverdiane.

Ei samla vurdering viser ei sammenstilling av vurderingane som viser verdigrad og konfliktgrad, og ein samanlikning av alle vurderte alternativ og 0-alternativet.

7.1 Inndeling i kulturmiljø

Nr	Overordna kulturmiljø	Avgrensing	Lokale kulturmiljø		Type
A	Mørkridsdalen, Luster	Mørkridsdalen frå Mørkridsgardane i sør til Heimste Rausdalsvatnet i nord, samt Åsetvatnet i vest	A1	Øvre del av Mørkridsdalen	Stølar Stølsvegar Drifteveg Kløvveg og bruver Dyregraver Tufter Kolgrøper
			A2	Åsetvatnet	Stølar Stølsvegar Skålgrøpsteinar Tufter Dyregraver Kolgrøper/ Kokegrøper Steinbu
B	Vigdalen, Luster	Dalføret	B1	Vigdalen	Tufter Hellarar Kolgrøper Stølar Stølsvegar Dyregraver
C	Høydalen med Krosshøe og	Dalen med vatnet til Høyoyin, Krosshøe og Dumhø avgrensa	C1	Høydalen	Stølar Vegfar

	Dumhø samt Sognefjellsvegen, Lom	av Storevatnet i vest og Sognefjellsvegen i aust.			Dyregraver
			C2	Krosshøe mot Spile	Dyregraver
			C3	Sognefjellsvegen	Sognefjellsvegen
D	Fjelldalane i Skjåk	Lundadalen, Tundradalen, Mysubytdalen/ Syrtbytdalen	D1	Lundadalen frå Heimste Lundadalseter til Trulsbu.	Støl Tufter Vegfar Dyregraver Bogestelle Hellarar Tradisjon/ segn
			D2	Tundradalen frå Tundradalseter til Tundradalsbotn og Sottjønn	Støl Tufter Vegfar Bogestelle Dyregraver Steinbuer Hellarar
			D3	Mysubytdalen/ Syrtbytdalen	Stølar Vegfar Tuft

E	Breheimenmassivet, Luster, Skjåk og Lom	Fjellandskapet	E1	Ofsarvatn, Luster	Bogestelle Tufter
			E 2	Smørrevatn og Kongsdalen, Luster	Tufter Stølsanlegg Kolgrop Dyregraver Kleberbrot
			E3	Bogastillenos, Luster	Bogestelle
			E4	Geisdalsvatnet, Luster	Stølsanlegg Tufter Kve Dyregraver Bogestelle Reinskve
			E5	Sandhaugedalsvatnet, Luster	Tufter Hellar Dyregraver
			E6	Holmevatnet, Luster	Tufter Drifteveg Hellarar Dyregraver
			E7	Vetlestølsdalen	Stølsanlegg Tufter Moselager Dyregraver
			E8	Martadalsnos med Greindalen, Martadalen og Rausdalen, Luster	Drifteveg Tufter Hellarar Dyregraver Kleberbrot Lausfunn
			E9	Sprongdalen, Luster	Tufter Kolgrop Hellarar Dyregraver
			E10	Bord/ Bjøllungshøi/ Ståkåbakkan, Lom	Bogestelle Dyregraver Vassvegar

E11	Sultjønn og Sulbretjønne, Lom	Bogestelle Dyregraver Tuft Lausfunn Vassvegar
E12	Lendbreen og Moldulhøi, Lom /Skjåk	Bogestelle Dyregraver Varderekke Lausfunn Masseyfangstanlegg (største fangstanlegg i utgreiingsområdet)
E13	Frelsareggen, Skjåk og Storiviln, Lom	Bogestelle Dyregrav Masseyfangstanlegg Lausfunn
E14	Høglunden/ Åndfjellet, Skjåk	Tuft Dyregraver
E15	Grjotåkampan, Skjåk	Dyregraver
E16	Gjuvkampen med Gjuvtjørni og Kvitingssli, Skjåk	Vassvegar Dyregraver Bogestelle Lausfunn
E17	Rundhaugen, Skjåk	Bogestelle Tuft
E18	Frå Rausdalsvatn til Nedre og Ytste Leirvatn, Skjåk.	Drifteveg Tuft Hellarar Anna
E19	Mårådalen, Skjåk	Dyregraver Bogestelle
E20	Heillstuguvatnet og austre enden av Langvasseggi, Skjåk	Dyregraver Tuft Grophus (st.a.)
E21	Gamle Strynefjellsveg, Skjåk	Vegfar Hellar Bogestelle Gravrøys Ferdsleveg
E22	Øvstestølen og Øvste Stølsdalen, Luster	Hellar Tuft Dyrkingsflater

7.2 Kulturmiljø i Mørkridsdalen, Luster (A)

7.2.1. Overordna kulturmiljø

Det overordna kulturmiljøet omfattar dalføret Mørkridsdalen i Luster kommune frå Mørkridsgardane i sør til Heimste Raudalsvatnet i nord. I tillegg er områda rundt Åsetvatnet teke med.

Mørkridsdalen ligg mellom Jostedalen og Fortunsdalen. Dalen strekkjer seg i alt om lag to mil rett nordover frå Lustrafjorden i sør til heimste Rausvatnet 842 moh i nord. Den øvste delen av Mørkridsdalen er trong med bratte dalsider øvst, men lenger sør flater dalen seg ut dei siste 5 km før Mørkridsdalselva renn ut i fjorden. Gardane ligg i dalbotnen. Med unntak av Haugegardane på vestsida er gardsbruka lokalisert til austsida heilt opp til Mørkrid. I sjølve Mørkridsdalen er det frodig bjørkeskog,

og området ligg i hovudsak under tregrensa på ca. 800 moh. Mørkridsdalselva med utspring i fjellet renn ned gjennom dalføret. Dalen er ein typisk jordbruksdal der det har vore drive aktivt jordbruk frå den aller fyrste busettingstida i bygdene. Området er avgrensa av høgfjell mot aust og vest. Langs etter heile Mørkridsdalen på kvar side av elva og opp mot fjellet ligg det tett med vårstølar. Lenger opp ligg fjellstølen Myrasete som grunna klimatiske forhold vart nedlagd tidleg på 1930-talet.

Dette er eit kjerneområdet for utmarksbasert verksemd som gardane lengre nede i Mørkridsdalen dreiv. Området er undersøkt for et bredt spekter av kulturminne. Blant anna i samanheng med prosjektet "10-års verna vassdrag" er det registrert både nye og systematisert tidlegare funn. Langs Mørkridsvassdraget er det i alt funne ca. 140 faste kulturminne. Av desse er det innan området funne fleire tufter, steinbuer, kolgropar/kokegropar dyregraver og bogestelle. Tidfestinga av kulturminna går attende til eldre jernalder i dette området. Ved Åsetvatnet er det funne ein lokalitet med 15 skålgropsteinar. Bruken av desse stølsristningane vert vanlegvis plassert i tid attende til bronsealder. Av nyare tids kulturminne er det funne 46 sel, 11 naust, 8 bruer, 12 løypestrenger samt kløvvegar knytt til stølstrift og forsanking. Det er i tillegg observert ei rekke tufter, utslåtter, slåtteteigar og andre kulturspor i landskapet.

Kulturmiljøet omfattar også 25 stølsmiljø som del av kulturlandskapet i Mørkridsdalen. Av desse har 11 bevarte, gamle stølshus som er registrert i SEFRAK-registeret. Mellom stølane og gardane går det eit nett av vegar og stiar. Deler av vegane har røter langt attende i tid. Ein av dei gamle driftevegane går frå Fåberg i Jostedalen gjennom Martadalen og ned Mørkridsdalen. Det går også ein bygdeveg frå Skjolden til Mørkridsgardane, herifrå kløvveg og merka tursti opp Mørkridsdalen. Ein reknar med at traseen er den same som vert nytta som drifteveg. Frå Mørkrid går det to kløvvegar til fjellstølane ved Åsetevatnet, der den eine går den bratte vegen opp til Osen, og den andre går vegen inn sjølve Mørkridsdalen gjennom vårstølområdet. Det går og ein kløvveg til Åsetevatnet frå Rausdalen til Åsete og Fast. Langs vegane er ei rekke bruer (8 stk er registrert i Mørkridsdalen), og mange stader er det mura opp trappetrinn. Dei gamle stølsviegane minner om den tunge transporten over lange avstandar i eit vanskeleg terreng. Hellarane for båtar og nausta i Osen, dei fleste av stein, er ledd i transporten over Åsetevatnet, ved sia av at båtane også vart nytta til fiske. Dei mange løypestrengane er nytta til m.a. frakt av høy og ved. Det er registrert 12 løypestrengar i området (NOU 1983:43).

7.2.2. Lokale kulturmiljø i Mørkridsdalen

Nr:	Lokalisering:	Skildring:	Enkeltobjekt/merknad:	Verneverdi:*
A1	Øvre del av Mørkridsdalen	Stølar	11 stølar med bygningsmiljø og bygningar eldre enn 1900. Sju av desse har sel og løer frå 1600- og 1700-talet. Fleire gamle mura sel. Stor grad av autentisitet der mykje av opphavleg bygningsstil, stølsmiljø og kulturlandskap er halde i hevd.	Stor
		Drifteveg	Ei av rutene gjekk mellom Fåberg i Jostedalen, nord om Spørtsseggbreen gjennom Martadalen mot Arentbu og Mørkridsdalen mot Skjolden. I dag nyttast store delar av vegen som turstiar.	Middels
		Kløvveg, stølsveg og bruer	Både kløvvegen nordover frå Mørkridsgardane og stølsviegane nyttast som i dag som turvegar. Fleire bruer av stein. Bruene er av ukjend alder.	Middels
		Dyregraver	Det finst fleire dyregraver for fangst av villrein i området.	Stor
		Tuftar og kolgropar/kokegropar	Det er registrert fleire lokalitar med førhistoriske tufter og kolgropar/kokegropar i Mørkridsdalen. Tuftene kan knytast opphald i samband med husdyrhald og jakt/fangst.	Stor
Samla verdi				Stor

A2	Åsetvatn	Dyregraver	Det er funne eit anlegg for fangst av villrein ved Osen.	Stor
		Skålropesteinar	Stølsristningar i bruk attende til bronsealder. Stor samling med skålropførekomstar.	Stor
		Stølar og steinbuer	Åsete og Fast har bygningar eldre enn 1900. Tre sel skal vera i frå 1600-talet, og to sel og eit veahus frå 1700-talet. Der i fleire gamle mura sel.	Stor
		Tuftar og kolgropes/kokegropes	Fleire felt med kolgropes/kokegropes datert til omkring 300 e.Kr. Viser til generell bruk av området i eldre jernalder. Førreformatoriske tuftar og ei steinbu knytt til nedlagte stølar. Truleg frå jernalder/mellomalder.	Stor
		Vegfar	Stølsveg og kløvveg frå Mørkridsdalen via Åsete til Rausdalen.	Middels
		Naust og hellarar	Ingen av nausta er registrert i SEFRAK. Det er registrert fleire hellarar for lagring av båtar.	Liten/ Middels
Samla verdi				Stor

* Verdivurderinga er gjort på eit overordna nivå utan inngåande kjennskap til dei einskilde områda.

7.2.3. Vurdering av verneverdi

Kunnskapspotensialet for kulturminna frå førhistorisk tid og mellomalder ligg særleg i det å kunne kaste lys over utnyttinga av jakt- og beiteressursane gjennom eit lengre tidsrom, samt å studere samanhengen mellom busetnaden ved fjorden og dei tilgrensa fjellområda. Kjelda til ny kunnskap er særleg stor i høve til kulturminne knytt til husdyrhaldet i dette området. Når det gjeld nyare tid er kulturminna frå fleirstølsbruket av særleg interesse.

Mørkridsdalen, er godt kartlagt med høve til førhistoriske kulturminne. Registreringane har avdekkat automatisk freda kulturminne knytt til fangst av villrein, kulturminne knytt til ressursutnytting i utmarka attende til eldre bronsealder, samt stølsbrukets utvikling frå førhistorisk tid til i dag. Den store samlinga med stølsristningar (skålropes) er av særleg stor verdi. Det er sjeldan ein finn så mange skålropførekomstar samla på ein lokalitet. Automatisk freda kulturminne (frå før 1537) er av nasjonal verdi og freda etter kulturminnelova. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne i området.

Av 11 stølar med bygningsmiljø og bygningar eldre enn 1900 har sju av desse sel og løer frå 1600- og 1700-talet. Derav fleire gamle mura sel. Bygningsmiljø med 1600-tals bygningar med stor grad av autentisitet, og der opphavleg bygningsstil, stølsmiljø og kulturlandskap er halde i hevd, er sjeldan i Noreg. Lokale kjelder seier at mange av bygningane er godt ivaretakne av eigarane. Ein del av dei opphavlege selna er rama ned eller står til nedfalls, men dei fleste er i god bygningsteknisk stand. Husa er i liten grad ombygde og lite av den lokale byggeskikken er endra. Det er også i liten grad bygd nye bygningar på stølsmråda, med unntak av nokre stølar der nye sel/ hytter er oppsett etter at dei gamle vart øydelagd av snøskred på 1970-80-talet.

Kulturminne som vegar, bruer, hellarar og løypestrenger vitna om den tunge transporten over lange avstandar i eit vanskeleg terrengr.

Kunnskapsverdi:


Kulturminna er kjelde til ny kunnskap om kulturhistoria frå førhistorisk tid. Dyregraver gjev kunnskap om villreinfangsten i førhistorisk tid. Skålropførekomstane, kolgropes/kokegropes, tuftar og steinbuer gjev kunnskap om stølsbrukets historie i området. Det er også eit stort potensial for å finne fleire automatisk freda kulturminner i området. Førreformatoriske kulturminne er automatisk freda etter kulturminneloven og difor av stor verdi samla sett.

Registreringar av kulturminne frå nyare tid viser flyttesystem mellom gard, vårstøl og sommarstøl, transportforhold i utmarksdrifta, vegar, stiar, bruk av båtar og løypestrengar, samt byggeskikk og kulturlandskap i eit stølsområde gjennom 400 år. Dei eldste bevarte etterreformatoriske kulturminna (bygningar) knytt til stølsdrifta har stor kunnskapsverdi på grunnlag av representativitet, autentisitet, samanheng/ miljø og fysisk tilstand. Området som heilskap har stor tidsdjupe og variasjon i type kulturminne, alle knytt opp til ulike sider ved intensiv bruk og hausting av utmarksressursane.




Opplevingsverdi: Dei førreformatoriske fangstanlegga er vanskelege å sjå utan kunnskap om kva ein skal sjå etter. Dette gjer at fleire av anlegga er trua av uforvarande hærverk, då barn og vaksne flytter steinar og byggjer vardar i gamle fangstanlegg som er sårbar for slike inngrep. Det kan derfor vere eit stort behov for merking og formidling av desse anlegga. Gjennom slik formidling kan spennande kulturhistorie gjerast levande for nye generasjonar.


Stølane med bygningsmiljø frå etterreformatorisk tid ligg i eit storslagent natur- og kulturlandskap, og gjev viktig informasjon om tidligare tider. Minne og bevisstgjering om seterlivet står sterkt i lokalbefolkinga. Stølane i Mørkridsdalen og ved Åsetvatnet, med unntak av stølane der det finst sel frå 1600-talet og/eller førreformatoriske tufter og buer av Stein, er ikkje unike i nasjonal samanheng. Stølane i dette området har stor regional verdi, og vurderast til å ha stor opplevingsverdi.




Bruksverdi: Dei førreformatoriske kulturminna har ingen bruksverdi. Ståande steinbuer nytta til jakt og overnatting har stor bruksverdi knytt til oppsyn og friluftsliv. Sela har stor bruksverdi knytt til næring og som fritidshus, mens fjøs og løer har mindre verdi. Nokre av stølane vert fortsett nytta til beite, og det kan tenkast ei framtidig utvikling der omfanget av beitebruket kan ta seg opp att. Samla vurderast kulturminna til å ha middels bruksverdi.



Pedagogisk verdi: Kulturminna i Mørkridsdalen famnar om eit brent spekter av kulturminne og kulturmiljø med stor tidsdjupne, som med tilrettelegging vil ha stor pedagogisk verdi, særleg for næringar knytt til turisme og friluftsliv.



Samla verdivurdering for kulturmiljøet i Mørkridsdalen er **stor verdi**:



7.3 Kulturmiljø i Vigdalen (B)

7.3.1 Overordna kulturmiljø

Det overordna kulturmiljøet omfattar øvre del av dalføret Vigdalen i Luster kommune, frå Dalsdalen i sør til Spørteggbreen i nord, med fjelltoppane Kattøyro og Buskrednosi i aust og vest. Vigdalen er ein fjelldal som strekker seg austover frå Jostedalen eit par kilometer før den bøyer av og strekker seg om lag 3 km nordover. Vigdalen svingar mot nord ved enden av Dalsdalen (mellom Luster og Jostedalen), om lag 100 meter høgare enn Vårstølen lenger nede i Vigdalen. Stølane ligg på om lag 700 moh. Dalen er open med slake fjellsider og godt beiteland. Det veks lav fjellbjørk. Dei tre stølane; Vigdalsstølen (Fjellstølen), Breidsete og Drivande ligg på rekke med berre nokre hundre meter i mellom, og ein kan sjå frå ein støl til den andre.

Området er systematisk undersøkt for kulturminne gjennom fleire arkeologiske registreringar i samband med vassdragsundersøkingane i Breheimen i perioden frå 1980 til 1984. Gjennom registreringane er det påvist fleire samlingar med tufter (moglege stølsanlegg), m.a. på Øyestølsreset, på Vierøy og på Likholmyri. Den største lokaliteten med tufter i dette området finn vi på Breidsete. Det er også registrert kolgroper/kokegropes fleire stader i Vigdalen, men ikkje førhistoriske tufter. Den største samlinga finn vi på Breidsete der det er over 60 kokegropes. Det er også registrert ein hellar med kulturlag sør for Marihaug, ved Vigdalsstølen er det funne fleire dyregraver for fangst av villrein

Kulturmiljøet omfattar også tre stølar med bygningsmiljø som er ein del av kulturlandskapet i Vigdalen. To sel frå ca 1740 og 1800-talet på Vigdalsstølen er registrert i SEFRAK. Mellom stølane og gardane går det stølsvegar. I 1961, vart eit av sela på Vigdalsstølen innreia til turisthytte, og overtaken året etter av DNT.

7.3.2 Lokale kulturmiljø i Vigdalen

Nr:	Lokalisering:	Skildring:	Enkeltobjekt/merknad:	Verneverdi*
B1	Vigdalen	Stølar med stølsvegar	Tre stølar med bygningsmiljø. Berre Vigdalsstølen har bygnings eldre enn 1900 - to sel frå 1740 og 1800-talet. Kulturmiljø der bygningsstil, stølsmiljø og kulturlandskap er halde bra i hevd. Stølsveg frå Nedre Vigdal til Øvre Vigdal (bygdeveg). Derifrå vanleg stølsveg fram til Vårstølen og til Vigdalsstølen. God kløvveg for hest. Stølsveg frå Dalsdalen til Kilen, bratt kløvjaveg opp forbi Kilali framom Storhaug til Breisete og Drivande.	Middels
		Tuftar og kolgropes/kokegropes	Fleire samlingar med tufter (moglege stølsanlegg). To tufter frå mellomalderen ligg på Øyestølsreset, eit stykke oppe i Vigdalen. Også på Vierøy, der Vetlegrødalen møter Vigdalen er det registrert to tufter. Her er den eine tufta radiologisk datert til overgangen mellom førromersk jernalder og romartid, til omkring Kr.f. Den største lokaliteten med tufter i dette området finn vi på Breidsete. Her er det registrert 8 tufter. To av tuftene er undersøkt nærmere og er radiologisk datert til vikingtid (800-1030 e.Kr.). På Likholmyri er det registrert to tufter der den eine er radiologisk datert til vikingtid. På Vigdalsstølen er det registrert kolgropes/kokegropes, men ikkje førhistoriske tufter. Felt med kokegropes er registrert fleire stader i Vigdalen, men den største samlinga finn vi på Breidsete der det er over 60 kokegropes. Også på Vårstølen og Likholmyri er det registrert kokegropes. Dei radiologiske dateringane frå kokegropene spenner over eit tidsrom frå romartid til ut i vikingtid (300-95 e.Kr.).	Stor
		Hellar	Kan vere overnattingstad langs ferdselsvegen eller knytt til jakt.	Stor

	Fangstgraver for villrein	Dyregraver for fangst av villrein ved Vigdalsstølen. Fleire lokalitetar med dyregraver øvst i Vigdalen.	Stor
		Samla verdi	Stor

* Verdivurderinga er gjort på et overordna nivå utan inngåande kjennskap til de enkelte områda.


7.3.3 Vurdering av verneverdi

Vigdalen er godt kartlagt i høve til automatisk freda kulturminne. Registreringane har avdekkja ei rekke automatisk freda kulturminne; dyregraver, tufter, hellar, kolgropar/kokegropar. Kulturminna kastar lys over bruken av utmarksressursane, husdyrhaldet og stølsbrukets utvikling frå førhistorisk tid til i dag. Breidsete med den store samlinga kulturminne frå førhistorisk tid har særleg stor verneverdi.

Kulturminne frå førreformatorisk tid (før 1537) er av nasjonal interesse og freda etter kulturminnelova, og difor av stor verdi samla sett.

Bygningsmiljøet på setervollene er relativt godt halde i hevd med to stølshus frå 1700- og 1800-tallet, medan resten er frå 1900-talet. Kjelder opplyser at mange av bygningane er godt ivaretakne av eigarane. Ein del av dei opphavlege sela er ramla ned eller står til nedfalls, men dei fleste er i god stand. Bygningane er i liten grad modernisert eller bygd ut i strid med den lokale byggeskikken. Det er berre i liten grad sett opp nye bygningar i stølsområda. Ein av bygningane på Vigdalstølen er ombygd til DNT hytte.

Kunnskapsverdi: Kulturminna/ kulturmiljøet er kjelde til kunnskap om kulturhistoria knytt til fangst av villrein og stølsdrift i førhistorisk tid. Det er registrert fleire lokalitetar med dyregraver i området. Dei mange førhistoriske tuftene, kokegropene og hellaren i området fortel om jakt, ferdsle og husdyrhaldet i dalen. Den største samlinga kokegropar i utgreiingsområdet ligg på Breidsete. Dei førhistoriske kulturminna i området har stor kunnskapsverdi. Dei førhistoriske tuftene i området er ei viktig kjelde til ny kunnskap om stølsbruket i førhistoria. Registreringar av kulturminne frå nyare tid viser eit flyttesystem mellom gard, vårstøl og sommarstøl (fjellstøl), samt byggeskikk og kulturlandskap i stølsområdet gjennom fleire tidsperiodar. Dei ståande etterreformatoriske kulturminna (bygningar) knytt til stølsdrifta har middels kunnskapsverdi. Kulturminna i området har stor tidsdjupne og variasjon i type kulturminne, alle knytt opp til ulike sider ved intensiv bruk og hausting av utmarksressursane.




Opplevingsverdi: Dei mange tuftene og samlingane med kokegropar i området er godt synlege kulturminne med stor opplevingsverdi. Breidsete, med åtte førhistoriske tufter og over 60 kokegropar, utmerkar seg og har stor opplevingsverdi. Dei førreformatoriske fangstanleggga er vanskelege å oppdage utan kunnskap om kva ein skal sjå etter. Dette gjør at anlegga er trua av ubevisst hærverk, fordi barn og vaksne flytter steinar og bygger vardar i gamle fangstanlegg som er veldig sårbar for slike inngrep. I tillegg er dyregravene ofte attfylt etter at dei gjekk ut av bruk. Det kan vere eit behov for informasjon om, merking og formidling av desse anlegga. Breidsete er ein god lokalitet for skilting og formidling av førhistorisk beitedrift. Gjennom slik formidling kan spennande kulturhistorie gjerast levande for nye generasjonar.


Stølane står fram som idylliske bygningsmiljø i eit storslagent natur- og kulturlandskap. Minner og bevisstgjering om støslivet står sterkt i lokalbefolkinga. Stølane frå etterreformatorisk tid i Vigdalen er ikkje unike i regional eller nasjonal samanheng. Dei vurderast til å ha middels opplevingsverdi. Den omfattande samlinga kulturminne i Vigdalen vurderast til å ha stor opplevingsverdi.




Bruksverdi: Dei førreformatoriske kulturminna har ingen direkte bruksverdi. Dei ståande selva har stor bruksverdi knytt til næring og som fritidshus, mens fjøs og løer har mindre verdi. Nokre av stølane vert fortsett nytta i samband med beiting, og det kan tenkast ei framtidig utvikling der omfanget av husdyrhaldet ta seg opp att. Samla vurderast kulturminna til å ha middels bruksverdi.



Pedagogisk verdi: Kulturminna i Vigdalen famnar eit brent spekter av kulturminne og kulturmiljø over lang tidspenn, som med tilrettelegging vil ha stor pedagogisk verdi for næring knytt til turisme og friluftsliv.



Samla verdivurdering for kulturmiljøet i Vigdalen er **stor verdi**.



7.4 Kulturmiljø ved Høydal, Krosshøe og Sognefjellsvegen i Lom (C)

7.4.1 Overordna kulturmiljø

Det overordna kulturmiljøet omfattar kulturlandskapet knytt til Høydal med vatnet inn til Høyøyin, Krosshøe og Dumhø avgrensa av Storevatnet i vest og Sognefjellsvegen i aust i Lom kommune.

Høydal ligg sørvest for Bøverdalen og utgjer ein del av det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet i Bøverdalen. I fylgje sluttrapporten (Kulturhistorisk rapport nr 3 -2004) ligg ingen av dei registrerte kulturminna i det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet i Bøverdalen innanfor utgreiingsområdet. Sjølve vatnet ligg 905 moh. og er orientert aust-vest. Vatnet er omkransa av fjella Høyrokampen i sør og Blåhøe mot nord. På nordre side av vatnet ligg det to stølvollar; Nørdre og Søre Høydal. Det vert fortsett drive aktiv støling på Nørdre Høydalseter (geiter).

Delar av Sognefjellet avgrensa av Storevatnet i vest og Sognefjellsvegen i aust er teke med. Sognefjellsvegen med sine mange vardar er eit nasjonalt kulturminne, og er med i Statens vegvesen si verneplan "Vegvalg – Nasjonal verneplan for vegar, bruver og vegrelaterte kulturminner" frå 2002. Sommartid gjekk all ferdsel opp til Opptun og over Sognefjellet, men vintertid og tidleg på våren var den vanlegaste vegen frå Herva midt oppe på Sognefjellet om Høydal. Det er også mykje som tyder på at det fantes ei alternativ rute gjennom Høydal og opp Slampeløyfte og innpå fjellet ovanfor Krosshøe (Møyner, Sandodden, Thorsteinsen 2005).

7.4.2 Lokale kulturmiljø i Høydalen, Krosshøe og Sognefjellsvegen

Nr:	Lokalisering:	Skildring:	Enkeltobjekt/merknad:	Verneverdi*
C1	Høydalen	Stølar	2 stølar med bygningsmiljø og bygningar. S Høydalseter har 6 bygningar eldre enn 1900, derav 2 sel og 1 kvilebu frå 1800-talet og 3 uspesifiserte bygningar. N Høydalseter har 1 aurbu og 5 uspesifiserte. Kulturmiljø der bygningsstil, stølsmiljø og kulturlandskap er halde bra i hevd.	Middels
		Vegfar	Vinter- og tidleg vårrute gjekk Sognefjellsvegen frå Herva midt oppå Sognefjellet om Høydalen	Middels
		Dyregraver	3 lokalitatar med dyregraver for fangst av villrein	Stor
Samla verdi				Middels
C2	Krosshøe mot Spile	Dyregraver	3 lokalitatar med til saman 6 dyregraver for fangst av villrein kring Dyrhaugslågårn. Lausfunn av pilspiss og sølvspenne på vestsida av Storevatnet. Dyregraver sørvest for Kjerringhetta.	Stor
Samla verdi				Stor
C3	Sognefjellsvegen	Sognefjells-vegen frå Krossbu til Kammerherren	Fleire ulike ruter over fjellet. Nasjonal verdi.	Stor
Samla verdi				Stor

* Verdivurderinga er gjort på eit overordna nivå utan inngåande kjennskap til de enkelte områda.

7.4.3 Vurdering av verneverdi

Område er i liten grad kartlagt med omsyn på automatisk freda kulturminne. Kulturminne frå førreformatorisk tid (før 1537) er av nasjonal interesse og freda etter kulturminnelova, og er i dei aller flest tilfella av stor verdi.


Bygningsmiljøet på setervollane er relativt godt bevart med bygningar i hovudsak frå 1800- og 1900-talet. Ei lokal kjelde opplyser at dei fleste av bygningane er godt ivaretakne av eigarane. Bygningane er i liten grad modernisert og bygd ut i strid med den lokale byggeskikken. Det er også i liten grad bygd nye bygningar på stølane. Høydalstølane er ikkje vurdert som kulturmiljø i det nasjonale kulturlandskapet i Bøverdalen.

Kunnskapsverdi: Kulturminna/ kulturmiljøet er kjelde til kunnskap om kulturhistoria knytt til fangst av villrein i førhistorisk tid. Det er registrert fleire lokalitatar med dyregraver i området. Dyregravene som ligg i eit godt villreinsområde, har stor kunnskapsverdi. Der stort potensial for å finne fleire automatisk freda kulturminne i området.

Registreringar av kulturminne frå nyare tid viser byggeskikk og kulturlandskap i eit stølsområde. Dei bevarte etterreformatoriske kulturminna (bygningar) knytt til stølsdrift har middels kunnskapsverdi. Området som heilskap har liten tidsdjupne og variasjon i type kulturminne. Kulturminna er knytt opp til hausting av utmarksressursane. Dei vurderast til å ha liten til middels verdi.

Den gamle Sognefjellsvegen er eit nasjonalt kulturminne av stor verdi, og vegen og vardane gjev god kunnskap om tidligare tiders ferdsel.


Samla vurderast kulturminna til å ha stor kunnskapsverdi.



Opplevingsverdi: Dei førreformatoriske fangstanlegga er vanskelege å oppdage utan kunnskap om kva ein skal sjå etter. Minner og bevisstgjering om stølslivet står sterkt i lokalbefolkninga. Stølsanlegga ved Høydalsvatnet er ikkje unike i regional eller nasjonal samanheng. Dei vurderast til å ha middels opplevingsverdi.

Vegen over Sognefjellet kan ha gått i same trase i mange hundre år. Den gamle Sognefjellsvegen med vardane er godt synlege frå dagens Sognefjellsveg, og gjev eit godt inntrykk av ferdsel frå gammal tid. Sjølve vegen har stor opplevingsverdi.

Samla vurderast kulturminna til å ha stor opplevingsverdi.




Bruksverdi: Dei førreformatoriske kulturminna har ingen direkte bruksverdi. Bevarte bygningar nyttta til jakt og overnatting har stor bruksverdi knytt til oppsyn og moderne friluftsliv. Sela har stor bruksverdi som fritidshus, mens fjøs og løer har mindre verdi. Ein av stølane er fortsett i drift. Vegen utgjer fortsett ei viktig ferdsleåre mellom aust og vest, og vurderast å ha stor bruksverdi.


Samla vurderast kulturminna til å ha middels til stor bruksverdi.



Pedagogisk verdi: Spesielt Sognefjellsvegen kan med tilrettelegging ha stor pedagogisk verdi for næring knytt til turisme og friluftsliv.



Samla verdivurdering for kulturmiljøet i Høydalen, Krosshøe og Sognefjellsvegen er **stor verdi**:



7.5 Kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk (D)

7.5.1 Overordna kulturmiljø

Det overordna kulturmiljøet omfattar fleire av dalføra som bryt inn frå Skjåksida, derav Lundadalen frå Heimaste Lundadalseter i nord, Lundadalen til Lundadalsvatn i Skjåk kommune, Tundradalen frå Åmot i nord til Tundradalsbotn i sør, og Mysubytdalen inn til Slæom, Syrtbytdalen inn til Handspiken, og Røykjekskålvatnet innom Sota seter. Vi har vald å samle desse dalane då dei har like føresetnadar i høve til vurdering av verdiar.

Alle desse dalane er lange og trонge dalføre med bratte dalsider som skjær seg inn i høgfjellmassiva forma av isen, og avgrensa av høgfjell. Lundadalen strekk seg om lag 2,5 mil i sørvestleg retning frå Bismo i nord til Vesledalstinden i sør. Lundadalsvatnet ligg på 1149 moh. Elva Skjøli renn frå Lundadalsvatnet og ned til Ottaelva. Heimste Lundadalseter på ca 800 moh. er den einaste gjenvarande stølen i kulturmiljøet. Den ligg heilt på grensa av utgreiingsområdet. Tundradalen strekkjer seg i alt om lag to mil i sørvestleg retning frå Åmot i Ottadalen i nord til Tundradalsbotn i sør. Elva Tundra renn frå Tundradalstjørnin og ned til Ottaelva. Tundradalsetra er den einaste stølen i dette kulturmiljøet. Den ligg heilt på grensa av utgreiingsområdet. Mysubytdalen og Syrtbytdalen ligg på kvar si side av Tverreggen på grensa mot Luster og Sogn og Fjordane - Mysubytdalen mot nord og Syrtbytdalen mot sør. Røykjekålvatnet ligg mellom Mysubytdalen, Syrtbytdalen og Sota seter. Mysubyttvatnet ligg på 1048 moh og elva Mysubyta renn inn i Røykjekålvatnet som vidare renn inn i Liavatnet 733 moh. Syrtbyttvatnet og elva Syrtbyta renn og inn i Røykjekålvatnet frå sør. På nordsida av Mysubytdalen ligg Sekkebreen og fjellet Sekken, på søraustsida av Syrtbyta ligg Syrtbytti og Røykjekålhøi. Alle områda ligg i hovudsak over tregrensa på ca. 800 m. Det vekst bjørkeskog i dalbotnen og dalsidene i delar av området. I området sør for Røykjekålvatnet veks det furuskog.

Områda er undersøkt for eldre tids kulturminne knytt til jakt og fangst. Gjennom ulike registreringar i fjelldalane er det påvist fleire tufter, buplassar, hellarar, dyregraver (for både villrein og elg) og bogestelle. Mange av kulturminna ligg langsetter vatn og elvar. Ned mot Ottaelva er det funne store samlingar med fangstgraver for elg.

Kring Lundadalsvatnet er det registrert fleire fangstanlegg for villrein. Det største anlegget her har sju dyregraver. I Lundadalen er det i tillegg til fangstanlegga også registrert fleire steinbuer, hellarar og tufter. På ein av lokalitetane her er tuftene hesteskoforma, med innhegningar, noko som tyder på at dette kan vera stølstufter. Dei undersøkte hesteskotuftene i Øvste Stølsdalen og på Øvtestølen i fjellet ovanfor Fortun er datert til overgangen yngre jernalder og mellomalder. Bruken her er knytt til stølsdrift. På Reset i Lundadalen ligg også den særmerkte naturlege hellaren, "tunnel", som det er knytt tradisjon om hell og lykke til.

På det austre eidet mellom Fremste Sottjønn og Inste Sottjønn ligg det eit fangstanlegg med 21 bogestille. På Haukberget nordaust for lokaliteten ved Sottjønn ligg det eit fangstanlegg med fem dyregraver med ledegerde. Ved Ytste Gjelå i sørsida av Tundradalen ligg eit fangstanlegg med tre dyregraver med ledegerde og fem bogestille, medan det ved Herbergsgrove er registrert ei steinbu som har vore brukt som falkefangarbu. I dette området er også registrert fleire mindre lokalitar med dyregraver, tufter og hellarar/krypinn.

I Tundradalen, kring Gammelstulen og Inste Gjelå er det registrert steinbuer, fleire bogestille, ni dyregraver, tuft (falkefangarbu) og krypinn/hellar. På Råkakampen ligg det bogestille, og i fjellet nord for Skotåe ligg det eit krypinn/hellar. I ytste enden av Syrtbyttvatnet ligg det ei gammal jakt- og fiskebu.

Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i alle desse tre dalføra.

Bygningsmiljøet på stølane er relativt godt bevart med bygningar frå 1700- og 1800-tallet. I høve lokale kjelder er bygningane tekne godt vare på av eigarane.

Kulturmiljøet omfattar også gamle ferdslærer. Delar av vegane har røter langt attende i tid. Eit kart laga på grunnlag av registreringar av Sylfest Lykre viser fleire av dei gamle ferdslavegane. Også i nyare tid har det vore mykje ferdsel over fjellet.

7.5.2 Lokale kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk

Nr:	Lokalisering:	Skildring:	Enkeltobjekt/merknad:	Verneverdi*
D1	Lundadalen frå Heimste Lundadalseter til Trulsbu	Stol	Ein stol med bygningsmiljø og bygningar eldre enn 1900. Ei løe frå 1700-talet, fjøs og ruin frå 1800-talet og sel frå ca 1810 og 1840.	Middels
		Vegfar	Gamal ferdelsveg over fjellet frå Bismo til Luster.	Middels
		Steinbuer	Der er registrert fleire steinbuer i dalen, m.a. Isakbu og Grisbu.	Stor
		Tuftur	Det er registrert 8 lokalitetar med tufter i dalen. På ein av lokalitetane er tuftene hesteskoforma, med innhegningar, noko som tyder på at dette kan vera stølstuftur frå jernalder	Stor
		Hellarar	Det er registrert 6 hellarar i dalen med spor etter busetnad.	Stor
		Dyregraver	Kring Lundadalsvatnet er det registrert fleire dyregraver for fangst av villrein (14 lokalitetar). Det største anlegget her har sju dyregraver.	Stor
		Bogestelle	Det registrert ein lokalitet med bogestelle	Stor
		Tradisjon/ segn	Det er registrert ei stor steinblokk forma som ein tunell som skulle bringe hell og lykke til folk som skulle gjennom Lundadalen.	Stor
		Samla verdi		Stor
D2	Tundradalen frå Tundradalseter til Tundradalsbotnen og Sottjønn	Stol	Ein stol med bygningsmiljø og bygningar eldre enn 1900. Tre sel er frå 1700-talet, og ei løe frå ca 1820.	Middels
		Vegfar	Gamal ferdleveg over fjellet frå Dønfoss via Tundradalen til Fortunsdalen i Luster. Vegen til Sogn gjekk gjennom Tundradalen til Fortunsdalen.	Middels
		Steinbuer	Der er registrert fleire steinbuer i dalen.	Middels/ Stor
		Tuftur	Det er registrert 5 lokalitetar med tufter i dalen.	Stor
		Hellarar	Det ligg 2 hellarar med spor etter busetnad i dalen	Stor
		Dyregraver	Det er registrert 11 lokalitetar med dyregraver for fangst av villrein i dalføret.	Stor
		Bogestelle	I tillegg er her 4 lokalitetar med bogestelle. Det største anlegget med 21 bogestelle ligg ved Sottjønn.	Stor
		Falkefangstanlegg	Det er registrert eit falkefangstanlegg i dalen.	Stor
		Samla verdi		Stor
D3	Mysubyttdalen	Stolar	Stolar med bygningsmiljø og bygningar eldre enn 1900. Eit fjøs er frå siste del av 1700-talet, medan 4 sel, ei kvilebu, 2 fjøs og 2 uspesifiserte er frå 1800-talet	Middels
		Vegfar	Viktige ferdelsvegar i Skjåk i knytt til utgreiingsområde gjekk frå Åmot til Sota og Mysubytta med ei arm til Stryn og ei til Jostedalen. Stolsveg går truleg i same trasé. Jostedalen hadde ferdsel over breen til Nordfjord og over Handspikje til Skjåk. Også i nyare tid har det vore mykje ferdsel denne vegen. I førre århundre var det mange som tok denne vegen frå Skjåk når dei skulle til Bergen for å nå Amerikabåten. I dag vert ruta nytta som tursti.	Middels
		Tuftur	I ytste enden av Syrtbyttvatnet ligg det ei gammal jakt- og fiskebu.	Stor
Samla verdi			Middels	

* Verdivurderinga er gjort på eit overordna nivå utan inngåande kjennskap til dei einskilde områda.

7.5.3 Vurdering av verneverdi

Breheimen er godt kartlagt med høve til førreformatoriske kulturminne. Registreringar har avdekkja ei rekke automatisk freda kulturminne knytt til jakt/fangst, husdyrhald og anna bruk av utmarka. Kulturminna kastar lys over villreinfangsten i området og stølsbrukets utvikling frå førhistorisk tid til i dag. Nokre av lokalitetane er mellom dei største i utgreiingsområdet, t.d. fangstanlegget ved Sottjønn. Førreformatoriske kulturminne (før 1537) er av nasjonal interesse og automatisk freda etter kulturminnelova. Automatisk freda kulturminne er som oftast av stor verdi. Det er stort potensial for funn av fleire kulturminne i området.


Bygningsmiljøa på stølsvollane er relativt godt bevart med bygningar i hovudsak frå 1700- og 1800-talet. Lokal kjelder opplyser at bygningane er haldne i god stand av eigarane.

Vegfar er ei viktig gruppe kulturminne som vitnar om ferdsel over fjellet over lange avstandar i eit vanskeleg terren. Dei same traseane nyttast i dag til turstiar i fjellheimen.

Kunnskapsverdi: Kunnskapspotensialet for kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder ligg særleg i det å kunne vise utnytinga av jakt- og beiteressursane over lange tidsrom, samt å studere tilhøvet mellom busetnaden og dei tilgrensa fjellområda. Kulturminne og kulturmiljø er kjelde til viktig ny kunnskap om til kulturhistoria. I dette området gjeld det særleg kulturminne knytt til fangst av villrein, og i nokon grad fangst av elg, i førhistorisk tid. Dei automatisk freda kulturminna i området har stor kunnskapsverdi.

Registreringar av kulturminne frå nyare tid viser flyttesystem mellom gard og sommarstølar, gamle ferdselsvegar, samt byggeskikk og kulturlandskap. Dei bevarte etterreformatoriske kulturminna (bygningar), i all hovudsak knytt til stølsdrift, har middels kunnskapsverdi. Området som heilskap har stor tidsdjupne og variasjon i type kulturminne, alle knytt opp til ulike sider ved intensiv hausting av utmarksressursane. Dei gamle ferdselsvegane over fjellet frå Skjåk til Sogn og Fjordane gjev viktig kunnskap om tidligare tiders reiseverksem og datidas strabasiøse turar i dårleg ver og vanskeleg terren.


Samla vurderast kulturminna til å ha middels til stor kunnskapsverdi.




Opplevingsverdi: Dei førreformatoriske fangstanlegga er vanskelege å sjå utan kunnskap om kva ein skal sjå etter. Dette gjer at fleire av anlegga er trua av ubevisst hærverk fordi barn og vaksne flytter steinar og byggjer vardar i gamle fangstanlegg som er sårbare for slike inngrep. Mange av dyregravene er i tillegg gjenfylt etter at dei gjekk ut av bruk. Det er eit behov for merking og formidling av desse anlegga. Gjennom slik formidling kan spennande kulturhistorie gjerast levande for nye generasjoner. Dei automatisk freda kulturminna knytt til jakt og fangst, dei førhistoriske busetnadspora, samt staden med tradisjon er vurdert til å ha stor opplevingsverdi.

Stølane står fram som idylliske bygningsmiljø i eit storslaget natur- og kulturlandskap. På Mysubytta har de lokalt skilta med informasjon om bygningane, og Mysubytta og Sota er ein viktig innfallssport til Breheimen for mange turfolk. Minner og bevisstgjering om støslivet står sterkt i lokalbefolkinga. Seteranlegga er ikkje unike i regional eller nasjonal samanheng. Dei vurderast til å ha middels opplevingsverdi. Dei gamle vegtraseane nyttast i dag til turstiar, og gjev god oppleveling av mogleg ferdsel i fjellheimen.


Samla vurderast kulturminna til å ha middels til stor opplevingsverdi.




Bruksverdi: Dei førreformatoriske kulturminna har ingen direkte bruksverdi. Bevarte buer nyttar til jakt og overnatting har stor bruksverdi knytt til oppsyn og moderne friluftsliv. Sela har stor bruksverdi som fritidshus, mens fjøs og løer har mindre verdi. Dei gamle vegtraseane nyttast i dag som turstiar, og har difor stor nytteverdi. Samla vurderast kulturminna å ha middels til stor bruksverdi.



Pedagogisk verdi: Kulturminna i dalføra i Skjåk famnar eit brent spekter av kulturminne og kulturmiljø med stor tidsdjupne, som med tilrettelegging vil ha stor pedagogisk verdi for næring knytt til turisme og friluftsliv.



Samla verdivurdering for kulturmiljøet i fjelldalane i Skjåk er **middels til stor verdi**:



7.6 Kulturmiljø i Breheimenmassivet, Luster, Skjåk og Lom (E)

7.6.1 Overordna kulturmiljø

Det overordna kulturmiljøet omfattar heile Breheimenmassivet ned til om lag kote 900 mot dalføra. Området er avgrensa av føreslårte vernegrens med unntak av dalføra Vigdalen og Mørkridsdalen/Åsetevatnet i Luster, Høydalsvatnet i Lom, samt Lundadalen, Tundradalen og Mysubytdalen/Syrtbytdalen i Skjåk. Kulturmiljøet omfattar høgfjellsterreg over tregrensa.

Breheimen har ein dominante posisjon i landskapsbiletet, og har hatt ein mytisk dimensjon i folk si bevisstgjering gjennom historia. Breheimen har vore et kjerneområdet for jakt på villrein. Området er undersøkt ved fleire høve for kulturminne knytt til jakt og fangst, og det er gjennom desse registreringane avdekkja store mengder kulturminne; dyregraver for fangst av villrein, bogestelle, gamle buplassar, tufter og hellarar over store delar av fjellheimen. I tillegg er det registrert mange kulturminne knytt til stølsdrift og husdyrhald i fjellheimen. Desse kulturminna utgjer i denne samanheng fleire mindre kulturmiljø (sjå under). Dei eldste kulturminna i fjellheimen er spor etter busetnad i tufter og hellarar attende til eldre steinalder, t.d. groptuftene ved Heillstuguvatnet, hellarane ved Austdalsvatnet. Lausfunn fra steinalder er gjort fleire stader i fjellheimen, t.d. ved Ofsarvatn, Sultjønn og Lomseggen.

Gamle Strynefjellsveg ligg akkurat i grensa for verneområdet mot Stryn.

7.6.2 Lokale kulturmiljø i fjellmassivet i Breheimen

Nr:	Lokalisering:	Skildring:	Enkeltobjekt/merknad:	Verneverdi*
E1	Ofsarvatn, Luster	Tuftet	Det er registrert to tufter på sørsida av Ofsarvatnet.	Stor
		Bogestelle	Det er registrert to bogestelle på austsida av Ofsarvatnet.	Stor
Samla verdi				Stor

E2	Smørvevatn ned til Kringlevatn og Kongsdalen, Luster	Tuftet/stølsanlegg	På nordsida av vatnet ligg det to samlingar med tufter og kokegropes. Tufter frå desse lokalitetane har vore i bruk i overgangen mellom bronsealder og jernalder (ca 500 f.Kr.) og merovingartid (ca 700 e.Kr.). Det er funne i alt 20 tufter frå førhistorisk tid, desse representerar truleg stølsanlegg. Eit stølsanlegg med 7 tufter ligg ved sørrenden av vatnet. Desse er truleg frå nyare tid. På eidet mellom Smørvevatnet og Kringlevatnet ligg det ei samling med 8 tufter. Ei av tuftene her er datert til tidleg mellomalder (1100-talet). På vestre sida av nordenden av Kringlevatnet ligg ei samling med 8 tufter frå yngre jernalderen (ca 65 – 950 e.Kr.).	Stor
		Skålgroper	I tutfeområda/stølsanlegga på eidet sør for Smørvevatnet ligg det ein gropstein med 25 skålgroper. På Bjønnvollane ligg det 2 gropsteinar med til saman ca 20 skålgroper.	Stor
		Dyregraver	På Kongsdalsnosi på vestsida av Kongsdalen er det registrert 3 lokalitar med dyregraver for fangst av villrein.	Stor
		Kolgropes/kokegropes	Det er funne fleire lokalitar med kolgropes/kokegropes kring vatnet. Sør for Smørvevatnet er det registrert eit felt med 15 kokegropes. Ei av gropene er datert til folkevandringstid (ca 500 e.Kr.).	Middels/Stor
Samla verdi				Stor

E3	Bogestellenose, Luster	Bogestelle	Fangstanlegg for villrein med 13 bogestelle. Må sjåast i samanheng med fangstanlegget på Gravdalsbandet lenger sør der det er registrert eit stort anlegg med bogestille og dyregraver.	Stor
Samla verdi				Stor

E4	Geisdalsvatnet, Luster	Tuftet/stølsanlegg	Tre stader i Geisdalen er det registrert til saman 12 førhistoriske tufter. Ei tuft og eit kolflak ligg langs stien eit stykke inn i Geisdalen. På Tuftene, om lag midt mellom stølen Geisdalen og Geisdalsvatnet ligg ei samling med 10 tufter som er i bruk frå tidleg mellomalder og fram til svartedauden (1100 – 1350 e.Kr.).	Stor
		Dyregraver	Det er registrert 3 lokalitar med dyregraver nordaust for Geisdalsvatnet, heilt øvst i Geisdalen.	Stor
		Reinskve	300 m v for Geisdalsvatnet SV ende ligg eit reinskve.	Stor
		Bogestelle	Det er tre kjende lokalitar med bogestelle i Geisdalen. Eitt anlegg ligg NA for Geisdalsvatnet, medan to anlegg ligg på sørsida om lag halvveis opp i Geisdalen.	Stor
		Kolgropes/kokegropes	Det er funne fleire lokalitar med kolgropes/kokegropes i Geisdalen.	Middels/Stor
Samla verdi				Stor

E5	Sandhaugedalsvatnet, Luster	Dyregraver	Det er registrert dyregraver på begge sidene av vatnet.	Stor
		Hellar	Det er registrert ein hellar med busetnadspor i området.	Stor
		Tuftet	Det er registrert 3 lokalitar med tufter kring Sandhaugedalsvatnet. Ein tuftelokalitet ligg lengre nede i Sandhaugedalen.	Stor
Samla verdi				Stor

E6	Holmevatn og øvste del av Fagredalen, Luster	Dyregraver	Oppen ved Holmevatnet er det registrert 12 lokalitetar med dyregraver. Samla i området nord og aust for vatnet. Eit viktig reinstrekk gjekk på austsida av vatnet. Godt villreinområde. På den eine dyregrava går lange ledegjerder ut frå alle fire hjørne.	Stor
		Tuftar	Litt lengre nede i Fagredalen (Sætrehaug) ligg to tufter og eit kve som er grundig undersøkt (utgraving). Anlegget er datert til vikingtid/tidleg mellomalder. To lokalitetar til med tufter i området.	Stor
		Hellar	Ein hellar er registrert øvre del av Fagredalen.	Stor
		Drifteveg	Frå Fåberg i Jostedalen, nord om Spørteggbrean gjennom Martadalen mot Arentbu og Mørkridsdalen mot Skjolden i Luster.	Middels
Samla verdi			Stor	

E7	Vetlestølsdalen, Luster	Tuftar/stølsanlegg	2 lokalitetar med tufter er registrert nede i Vetlestølsdalen. På Øygarden er det tradisjon om at garden Fåberg ein gang skal ha lege.	Stor
		Dyregraver	Ein lokalitet med dyregraver er registrert ved Bymannfossen øvst i Vetlestølsdalen.	Stor
		Moselager	Det er registrert eit moselager øvst i Vetlestølsdalen.	Middels/Stor
Samla verdi			Stor	

E8	Martadalsnosi med Grendalen, Rausdalen og Martadalen, Luster	Tuftar	Det ligg tufter spreidde i heile området, m.a. ved Martadalsvatnet, Martadalsløyfti, Greinhaust og på austsida av Greindalsvatnet. I tillegg ligg det tufter på begge sider av Fremste Rausdalsvatnet, opp i sørhallinga på Torkjellsnosi og inst i Rausdalen.	Stor
		Dyregraver	Det er registrert 5 lokalitetar med dyregraver langs sørsida av Martadalsvatnet. Ein lokalitet ligg på austsida av Fremste Rausdalsvatnet.	Stor
		Drifteveg	Driftevegen fra Jostedalen til Skjolden gjekk gjennom området.	Middels
		Hellarar	Det er registrert oppmuringar i tilknyting til bergveggjar og hellarar i området.	Stor
		Lausfunn	Det er gjort lausfunn frå jernalderen ved Geisdøla vest for Geisdalsvatnet.	Middels
		Kleberbrot	Eit kleberbrot er registrert vest for Geisdalsvatnet.	Stor
Samla verdi			Stor	

E9	Sprongdalen, Luster	Tuftar	Det er registrert 4 lokalitetar med tufter i området.	Stor
		Kolgroper/kokegroper	Det er kjent tre felt med kolgroper/kokegroper i dalen.	Middels/Stor
		Hellarar	To hellarar med busetnadspor er registrert nede i dalen ved Sprongdøla.	Stor
		Dyregraver	Det finst fleire dyregraver for fangst av villrein i området. 5 lokalitetar er registrert innanfor det lokale kulturmiljøet. Lengre nede i Sprongdalen ligg det samla 6 lokalitetar med dyregraver. Dyregravene må sjåast i samanheng.	Stor
Samla verdi			Stor	

E10	Bord/Bjøllungshøi/Ståkåbakkan, Lom	Bogestelle	Ein lokalitet med bogestelle er registrert i området.	Stor
		Dyregraver	Det er registrert 6 lokalitetar med dyregraver i området Ståkåbakkan og opp til Bord/Bjøllungshøi.	Stor
		Lausfunn	Lausfunn frå jernalderen.	Middels/Stor
		Vassvegar	Deler av eit stort system av vassvegar frå høgfjellet og ned til gardane i dalføret.	Middels/Stor
Samla verdi			Stor	

				Samla verdi	Stor
E11	Sultjønn/ Sulbretjønne, Lom	Bogestelle	I området er det registrert 4 lokalitetar med bogestelle. To lokalitetar ligg i området ved tufta ved Sultjønn, medan to lokalitetar ligg ved austre enden av Sulbretjønne.	Stor	
		Dyregraver	Det er registrert 3 lokalitetar med dyregraver for fangst av villrein i området. Ein lokalitet ligg i området ved tufta ved nordaustlege ende av Sultjønn, medan to lokalitetar ligg ved austre enden av Sulbretjønne.	Stor	
		Tuft	Ei tuft ligg ved nordaustre enden av Sultjønn.	Stor	
		Lausfunn	Det er gjort lausfunn frå steinalderen ved Sultjønn	Middels/Stor	
		Vassvegar	Deler av eit stort system av vassvegar frå høgfjellet og ned til gardane i dalføret.	Middels/Stor	
				Samla verdi	Stor
E12	Lendbreen og Moldulhøi, Lom /Skjåk	Bogestelle	Det er registrert 7 lokalitetar med bogestelle i området. Eitt av anlegga er eit massefangstanlegg som ligg på Bandet ved Moldulhøi. Fangstanlegget ligg nesten 2000 m.o.h. og er samla i to konsentrasjonar med til saman 60 bogestelle. Dette er det største fangstanlegget i utgreiingsområdet.	Stor	
		Varderekke	Varderekke med 12 vardar på Eggja ved Lendbreen.	Stor	
		Dyregraver	Nord for Moldulhøi, og NA for Knarten ligg tre lokalitetar med dyregraver og ei tuft.	Stor	
		Lausfunn	Det er gjort mange lausfunn frå jernalderen i området, m.a. ved Lendholet. Trestavar datert til merovingartid, truleg brukt i flyttbart ledegiérde i samband med fangstanlegget på Moldulhøi. Det er også funne trespadar og trekjelke i dette området.	stor	
				Samla verdi	Stor
E13	Frelsareggen, Skjåk og Storiviln, Lom	Bogestelle	Eit stort massefangstanlegg er lokalisert på Frelsareggen i Skjåk. Dette består av ein kraftig V-forma steinmur som endar i eit gravkammer. Aust for muren ligg det 25 bogestelle. Aust for Storiviln ligg det også eit stort anlegg med 9 bogestelle. I tillegg er her fleire enklare anlegg.	Stor	
		Dyregraver	Ei dyregrav høyrer til masseangstanlegget på Frelsareggen. Det finst fleire dyregraver for fangst av villrein i området.	Stor	
				Samla verdi	Stor
E14	Høglunden/ Åndfjellet, Skjåk	Tuft	Det er registrert 11 tufter i området ved Åndfjellet og Høglunden. Tuftene kan vera knytt til både jakt og fangs, og til husdyrhald/stølsdrift.	Stor	
		Dyregraver	Det er kjent fire lokalitetar med dyregraver i området.	Stor	
		Vassvegar	Deler av eit stort system av vassvegar frå høgfjellet og ned til gardane i dalføret.	Middels/stor	
				Samla verdi	Stor
E15	Grjotåkampan, Skjåk	Dyregraver	Det er samla 7 lokalitetar med dyregraver for fangst av villrein i dette området.	Stor	
				Samla verdi	Stor
E16	Gjuvkampen med Gjuvtjørni og Kvitingсли, Skjåk	Bogestelle	Ein lokalitet med bogestelle ligg på bandet mellom Gjuvkampen og fjellet lengre aust.	Stor	
		Dyregraver	I området er det registrert 12 lokalitetar med dyregraver for fangst av villrein. To lokalitetar ligg ved Gjuvtjørni, medan	Stor	

		ein større konsentrasjon ligg i NA hellinga av Gjuvkampen. Ein lokalitet ligg aust for Dugurdshaugen, medan ein ligg aust for Skjellom.	
	Vassvegar	Deler av eit stort system av vassvegar frå høgfjellet og ned til gardane i dalføret.	Middels/stor
	Lausfunn	Det er gjort gjenstandsfunn frå jernalderen i området.	Middels/Stor
Samla verdi			Stor

E17	Rundhaugen, Skjåk	Tuftar	To lokalitar med tufter ligg på nordvestlege kant av Rundhaugen.	Stor
		Bogestelle	Det er registrert fire lokalitar med bogestelle i området. Strekker seg i frå Rundhaugen og vestover til Smulteren.	Stor
Samla verdi			Stor	

E18	Raudalsvatnet til Nedre og Ytste Leirvatn, Skjåk	Drifteveg	Over Kamperhamrane om garden Folvæn i Hjelldalen, inn Sunndalen, opp Kamperhamrane til Raudalen (Skjåk) langs øvre og nedre Leirvatn, Raudalsvatnet fram til Framrustsetra like nedanfor Raudberghalsen.	Middels
		Tuftar	3 tufter er registrert i området. Ei ligg på nordsida av vestre enden av Raudalsvatnet, medan to ligg på nordsida av Ytste Leirvatn.	Stor
		Hellarar	2 hellarar ligg langs driftevegen på nordsida av Nedre Leirvatn og aust for Ytste Leirvatn. Truleg brukt til overnatting i samband med jakt og ferdslle.	Stor
Samla verdi			Stor	

E19	Måradalen, Skjåk	Bogestelle	Det er registrert 3 lokalitar med bogestelle i dalen. Ein lokalitet ligg ved Vassvenda, medan to ligg ved eit tjern midt i dalen mellom Raudeggen og Skridulaupen.	Stor
		Dyregraver	4 lokalitar med dyregraver for fangst av villrein er registrert i området. To lokalitar ligg ned mot Vassvenda, ein på kvar side av dalen. To lokalitar ligg midt i dalen mellom Raudeggen og Skridulaupen.	Stor
Samla verdi			Stor	

E20	Heilstuguvatnet og austre enden av Langvass- eggen, Skjåk	Dyregraver	Ei dyregrav ligg ved austenden av Heilstuguvatnet, og ei ligg ved austre enden av Langvassseggen.	Stor
		Tuftar	Ei tuft er registrert i same området som graphusa ligg, i austre enden av Langvassseggen. Kan vera ei blestertuft. Ei tuft ligg nede i dalbotnen, ved austre enden av Heilstuguvatnet.	Stor
		Graphus	Det er registrert ei samling groptuftar som truleg har vore i bruk i steinalderen. Graphusa ligg i austre enden av Langvassseggi.	Stor
Samla verdi			Stor	

E21	Gamle Strynefjellsveg, Skjåk	Vegfar	Gamle Strynefjellsveg er eit nasjonalt kulturminne.	Stor
		Bogestelle	Det er registrert 3 lokalitar med bogestelle i dalen. Ein lokalitet ligg ved Vassvenda, medan to ligg ved eit tjern midt i dalen mellom Raudeggen og Skridulaupen.	Stor
		Gravrøys	Gravrøys ved Gamle Strynefjellsveg, Vassvenda.	Stor
		Heller	Vassvendingsherberge. Steinbu som ligg attmed Vassvenda der vasskilje mellom austland og vestland (Skjåk/Stryn).	Stor
		Ferdsleveg	Går opp frå sjølve Billingsdalen ved Bottsetrene, nordover Bottflya til Grotli og derifrå anten til Stryn via Heilstugu-	Middels

			vatnet, til Geiranger eller til Tafjord om Hamsedalen og Vien.	
				Samla verdi
E22	Øvstestølen og Øvste Stølsdalen, Luster (Ormelids utmark)	Hellar	Hellaren ligg på Øvstestølen. Undersøkt. Bruk datert attende til bronsealder og fram i nyare tid.	Stor
		Fossile dyrkingsspor	Eit stort tel fossile dyrkingsspor (åker, åkerreiner, bakkeburar, rydningsrøyser, m.m.) er undersøkt og datert i området. Dateringane spenner frå overgangen mellom steinalder til bronsealder og heilt fram i nyare tid. Hovudvekt på jernalder og mellomalder.	Stor
		Tuft	Hesteskotufter ligg både på Øvstestølen og i Øvste Stølsdalen. Undersøkt og datert til jernalder og mellomalder.	Stor
				Samla verdi
				Stor

* Verdivurderinga er gjort på eit overordna nivå utan inngåande kjennskap til dei einskilde områda.

7.6.3 Vurdering av verneverdi

Høgfjellet er i svært liten grad råka av moderne inngrep, og kulturminna kan opplevast i eit lite endra natur- og kulturlandskap. Ein del av kulturminna i fjellet er godt bevarte. Mange av dei ligg nær T-merka stiar og turisthytter, og dei må tilleggjast pedagogiske verdiar i denne samanheng, i tillegg til det reint opplevingsmessige. Mange av kulturminna har topografisk tilknyting til elvar og vatn, andre ligg lenger i frå, og kan vera knytt til mellom anna gode reinstrekks. Plasseringa av kulturminna i landskapet bidreg til å forklare ulike sider av ressursutnyttinga i fjellheimen, som til dømes ferdssel, jakt og fangst, og husdyrhald/beite. Kunnskapspotensialet for kulturminna frå forhistorisk tid og mellomalder ligg særleg i det å kunne kaste lys over utnyttinga av jakt- og beiteressursane gjennom lange tidsrom, samt å studere tilhøvet mellom busetnaden i bygdene og dei tilgrensa fjellområda. Når det gjeld nyare tid er vegsambandet og ferdsselsåra viktige.

Breheimen er godt kartlagt med høve til førreformatoriske kulturminne. Gjennom ulike registreringar er det avdekkja førreformatoriske fangstanlegg for villrein, gamle buplassar og tufter, hellarar, førhistoriske stølsanlegg, skålgrøpførekommstar, samt ei rekke lausfunn frå steinalder, bronsealder, jernalder og mellomalder. Det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i heile fjellheimen. Det er funne fleire falkefangstanlegg i området.


Kulturminne frå førreformatorisk tid (før 1537) er av nasjonal interesse og freda etter kulturminnelova, og er som regel av stor verdi. Sjølv om et er mange kulturminne av einskilde kulturminnetyper som t.d. tufter og fangstanlegg for villrein i området, er desse sett til stor verdi nettopp på grunn av at det er desse kulturminna som representerer særpreget i fjellheimen. Lokalitetar med kolgrøper/koegroper er sett lågare verdi på etter som dette er ei funngruppe vi kjenner godt over heile landet, og som ikkje er særeigen for Breheimen. Der felt med kolgrøper/koegroper inngår i ein større samanheng, t.d i eit tufteanlegg er verdien sett til stor.

Det er ingen bygningsmiljø i dette området, med unnatak av spreidde nyare tids allmenningshytter og overnattingsbuer (læger). Nokre av overnattingsbuene er/kan vere frå førreformatorisk tid, og desse er registrert under steinbu, tuft eller hellar i gjennomgangen av automatisk freda kulturminne.

Ei viktig gruppe kulturminne vitnar om tidlegare tiders ferdsel i vanskeleg høgfjellsterreng der klimatiske og topografiske tilhøve gjorde vegvala viktige. Gamle Strynefjellsveg er vurdert som eit nasjonalt vegkulturminne og har dermed høg status og verdi.

Kunnskapsverdi: Kulturminna/ kulturmiljøet gjev viktig kunnskap om kulturhistoria knytt til fangst av villrein i førreformatorisk tid og mellomalder. Den store førekommsten av kulturminne knytt til jakt og fangst gjer


området spesielt i nasjonal samanheng. Stølsanlegg, tufter, kolgropar/kokegropar, skålgrøpførekomstar og ferdslivegar bidreg til kunniskap om bruken av området i samband med stølsdrift og husdyrhaldet i førhistoria. I tillegg er det ei rekke kulturminne som vitnar om anna ressursbruk i utmarka, t.d. uttak av kleberstein. Fjellheimen er vurdert til å ha svært stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Samla vurderast kulturminna til å ha stor kunnskapsverdi.




Opplevingsverdi: Dei førreformatoriske fangstanlegga er vanskelege å oppdage utan kunniskap om kva ein skal sjå etter. Dette gjer at fleire av anlegga er trua av ubevisst hærverk fordi barn og vaksne flytter steinar og bygger vardar i gamle fangstanlegg som er sårbare for slike inngrep. I tillegg er fleire fangstanlegg attfylt etter at dei gjekk ut av bruk. Det kan vere eit stort behov for informasjon om, merking og formidling av eit utval av fangstanlegga. Gjennom slik formidling kan spanande kulturhistorie gjerast levende for nye generasjonar. For dei som driv aktiv jakt i dette området har kulturminna stor opplevingsverdi.

Minner og bevisstgjering om gammal ferdsel, villreinjakta og gamle reinstrekk står sterkt i lokalbefolkinga.


Gamle Strynefjellsveg vurderast til å ha ein stor opplevingsverdi, og på grunn av den vurderast kulturminna til samla å ha stor opplevingsverdi.




Bruksverdi: Dei førreformatoriske kulturminna har ingen direkte bruksverdi. Kulturminna knytt til jakt og fangst har likevel ein indirekte bruksverdi for jegerar i området. Kulturminna vitnar om gode villreinområde og trekkvegar. Ståande buer nytta til jakt og overnatting har stor bruksverdi knytt til oppsyn, jakt, og moderne friluftsliv. Gamle Strynefjellsveg vurderast til å ha stor verdi på sommartid. Samla vurderast kulturminna til å ha middels til stor bruksverdi.



Pedagogisk verdi: Kulturminna på høgfjellet famnar om eit brent spekter av kulturminne og kulturmiljø over eit langt tidspenn, som med tilrettelegging vil ha stor pedagogisk verdi for næringer knytt til turisme og friluftsliv.



Samla verdivurdering for kulturmiljøet i fjellmassivet i Breheimen er **stor verdi**:



8 VIRKNING OG KONSEKVENTS

I vurderingane av omfang og konsekvens er ei vurdering av kor sårbare kulturminna inkludert. Sårbarhet er eit mål på kulturmiljø og kulturminna si evne til å halde på grunnleggjande og verdifulle eigenskapar mot ulike typar påverknad. Påverknadene kan vere direkte eller indirekte, reversible eller irreversible, og kan skyldas fleire tilhøve; til dømes fysiske tiltak, klimatiske forhold og forureining, all slags ferdsel, og øydeleggingar som følgje av bevisste og ubevisste handlingar hos folk i området.

8.1 Vern generelt

Kommunane har gjennom strenge føresegner i eigne kommuneplanar beskytta utgreiingsområdet for mange ytre påverknadar som kan skade kulturminna og kulturmiljøa. Eit framtidig vern vil fange opp framtidige tiltak. Det er vanleg i konsekvensutgreiingar av vernetiltak å konkludere med at vernets største verknad ikkje rører ved dagens bruk, men moglegitetene for ny og endra bruk i framtida.

Endra status som følgje av vern (uansett vernekategori) kan og føre til auka oppmerksemd kring området, større trafikk og meir bruk. Meir trafikk og større slitasje på vegetasjon og stiar kan enkelte stader oppfattast som ein negativ verknad på landskapskvalitetane i utgreiingsområdet for vern. Eit verneområde vil også kunne føre til større aktivitet i randsonene som følgje av auka interesse for området, og ein satsing på reiselivet i regionen. Undersøkingar visar at oppmerksemda og besøket aukar i høve til vedtaket om vern og like etter, men det er usikkert kva trenden blir over tid.

8.2 Forskriftsmalar og alternative verneformer

Det skal nyttast tre sett med verneregler i utgreiinga; nasjonalpark-, landskapsvernombåde- og i nokre mindre område, naturreservatreglar.

Ut frå føresetnadane i utgreiingsprogrammet legg fylkesmennene opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreiast i dei ulike områda:

Alternativ 1A: Nasjonalpark (NP) som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernombåde (LVO) i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster, og naturreservat (NR) i følgjande område: Røykjeskålsvatnet i Skjåk, Høyrokampen i Lom og Mørkrid i Luster.

Alternativ 1B: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernombåde i følgjande områder: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom og Vigdalen i Luster.

Alternativ 2: Landskapsvernombåde i heile utgreiingsområdet.

8.3 0-alternativet

0-alternativet er ei skildring av forventa utvikling dersom det ikkje blir vern, og vil ikkje føre til større endring i kulturlandskapet. For dette alternativet vert dagens situasjon lagt til grunn, det vil seie dagens aktivitets-, plan- og vernestatus, jf. blant anna bruken av plan- og bygningslova.

Vurderinga av 0-alternativet er gjort med utgangspunkt i gjeldande kommuneplan for kvar av dei tre kommunane. Hovudtrekk i alle dei tre kommuneplanane er ein arealbruk som legg til rette for utbygging nede i dalane, og der høgareliggende område er LNF1-område. Innafor LNF-områda er det i sin heilskap forbod mot bygging som ikkje er knytt til primærnæringa.

Kommuneplanen for Luster er for tida ute på offentleg høyring (fram til 7. april 2008). I planen er Breheimen/ Mørkridsdalen bandlagt for vern i medhald av utgreiing i høve til framlegg om nasjonalpark/ landskapsvernområde. Øvre del av Mørkridsdalen er avsett som LNF-områda, sone 1, der spreidd utbygging ikkje er tillate. Det er planlagt to mindre hyttefelt i Mørkridsdalen som ligg i randsona til foreslått verneområde. Det er i ei eiga konsekvensutredning til kommuneplanarbeidet konkludert med at hyttefelta vil ha få negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø. I kommuneplanen for Lom for perioden 2003-2013 (vedtatt i 2003), er utgreiingsområde i sin heilskap avsett til LNF-område, sone 1, kor det er forbod mot bygging som ikkje er knytt til primærnæringa (i hovudsak landbruk). Område der det er særlege restriksjonar i høve til dei vanlege reglane for motorferdsel i utmark, er teikna inn på plankartet. Desse restriksjonane omfattar heile utgreiingsområdet med unntak av eit område ved Høydalsvatnet inn mot Tverrbytna, og eit område ved Dumhø og Krosshøe vest og nord for Sognefjellsvegen. Kommuneplanen for Skjåk er for perioden 2006-2016 (vedtatt i 2006). Utgreiingsområde er i sin heilskap avsett til LNF-område, sone 1. Mindre areal innafor LNF-område er avsett til område der naturvern er dominante. I område ved Huguvardtjønni og vest mot Skridulaupen er friluftsliv dominante.

Ut over kommuneplanane finst det nokre planer for ny aktivitet og utviding av eksisterande verksemder i utgreiingsområdet.

8.3.1 Eksisterande planar og trugsmål mot kulturminne/ kulturmiljø

8.3.1.1 Motorferdsel

Generelt seier alle tre kommunane at det i dag er lite motorferdsel i Breheimen, og at det meste av kjøringa på barmark om mogleg skal gå føre seg innafor vegar og kjørespor. Det er heller ikkje planar om å bygge nye vegar innan utgreiingsområdet. Situasjonen i 0-alternativet vil dermed bli uendra.

I Luster er det på vintertid noko transport av ved til hyttene og stølsområda, reparasjonar av buer og installasjonar, ettersyn av buer, samt utkjøring av saltsteinar i beiteområda. Kommunen har godkjend helikopterlandingsplass ved Osen i medhald av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Helikopter nyttast på nokre turar i året til større reparasjonar og vedlikehald av bygningar og installasjonar som bruar, samt i nokre få tilfeller til leiting etter sakna bufe. Helikoptertransport vert som regel samordna.

Skjåk kommune har utpeikt nokre få leigekøyrarar som kommunen vil skal brukast til å utføre nytttekjøring i området så langt som råd er, men dette fangar ikkje opp landbruksrelatert kjøring. På vinterføre er det utsetting av salt til bufe som beiter ved Lendfjellet, Lundadalen, Tundradalen, Raudalen, og til reparasjonar og ettersyn av buer og installasjonar. Helikopter nyttast til større reparasjonar av buer/ installasjonar, bringig av proviant til Trulsbu, samt til oppsyn og leiting etter dyr. Motorfartøy vert brukt i samband med ettersyn av bufe, samt salting og samling m.a. på Raudalsvatnet, Lundadalsvatnet, Glittervatnet og Liavatnet.

I Lom kommune er det vedteken ein kommunedelplan for motorferdsel. Det er vedteke eigne føresegner til planen som gjeld kjøring på barmark og vinter. Berre naudsynt person- og godstransport til og frå faste bustader og knytt til jordbruk, skogsbruk og reindriftsnæring er tillete (Skjerdal 2006).

Motorisert ferdsel på eksisterande vegnett og godkjende kjørespor utgjer inga fare for kulturminna, men barmarkskjøring utom vegane kan skade kulturminna uforvarande. Bygging av nye veger og

parkeringsplassar, eller utviding av eksisterande vegar, utgjer ein potensiell direkte og indirekte trussel mot kulturminne og miljø. I tillegg til fare for direkte skade vil også ein tett føring av ein vegtrase forbi eit kulturminne skjemme inntrykket og opplevinga av dette. Nye veger kan også bryte opp kulturhistoriske strukturer og samanhengar i form av gamle stiar og vegfar eller system av fangstanlegg. Til dømes trugar ny skogsbilveg i Geisdalen gamle kultuminne (Mons Kvamme, pers. kom. 2008). Uttak av grusmassar knytt til vegvedlikehald kan skade kulturminna. Førreformatoriske kulturminne er mest sårbare ovanfor slike inngrep. Stort omfang av trafikk med omfattande parkering av bilar mellom bygningane på stølane, vil kunne skjemme kulturmiljøa. Landing av helikopter utan restriksjonar kan uforvarande skade kulturminne som ikkje er så synlege i terrenget. Ein har opplysningar frå andre stadar at verdifulle kulturminne har vorte øydelagde av at folk med snøscooter har henta stein frå kulturminne som minne eller til byggetiltak på eiga tomt.

8.3.1.2 Jordbruk og stølsdrift

Det er ingen gardar i utgreiingsområdet, berre stølar. Det vert i dag fortsett drive noko jordbruk på stølane, i hovudsak i form av dyr på beite og fôrproduksjon. Beiting hindrar gjengroing av setervoller, noko som er positivt for å bevare kulturlandskapet. Særleg opplevingsverdien er knytt til kor synleg kulturminna er, og desse vert tekne vare på ved å oppretthalde den tradisjonelle beiteverksemda. Ny bruk av stølshusa til fritidsføremål har til no berre ført til ein liten grad av ombygging og modernisering av stølshusa og stølsvollane i området. I nokre tilfelle vert eigalarar av freda og verneverdige hus gjevne statlege midlar eller midlar gjeve over landsbruksoppgjeret (STILK) til istandsetting av stølshus på tradisjonell måte. Dette er med på å hindre at den lokale byggeskikken døyrt ut. I kommuneplanane er det sett krav til nye bygningar for å ta vare på preg og tradisjonar i stølsmiljøa.

Gjennom landsbrukskontoret i Lom er vi gjort kjent med at det er ynskeleg med ei modernisering av geitefjøsen i Nørdre Høydalseter. Og gjennom fylkesmannen i Sogn og fjordane er vi kjend med at Geir Vetti har godkjende planer for å setje i stand/bygge tre tradisjonelle stølshus på stølen Myrasete i Luster. Stølen skal drivast med ein kombinasjon av støling (mjølking og ysting) og reiseliv. Det er opplevinga av stølsdrifta som er reiselivsproduktet.

Nybygging på setervollane vil ikkje øydeleggje det opphavlege bygnings- og kulturmiljøet dersom dei nye bygningane vert tilpassa den lokale byggeskikken både med omsyn på utforming og storleik jf. dei respektive kommuneplanane for Skjåk og Luster. Eigalarar må vise aktsemd når nye tiltak skal førast opp, slik at dei ikkje uforvarande øydelegg t.d. gamle tufter. Med krav til aktsemd og utforming vil nye bygningar på stølane ha positiv virkning for stølsmiljøa.

8.3.1.3 Skogbruk

Det er lite produksjonsskog innanfor utgreiingsområdet, og berre ved Høydalsvatnet og ved Sota er det tatt ut små mengder tømmer til oppføring og vedlikehald av stølsbygningar eller ved. Denne situasjonen vil bli oppretthalde i 0-alternativet, og utgjer inga trussel for kulturminna.

8.3.1.4 Masseuttak grus

Innafor utgreiingsområdet er det i dag stølsvegar/ hyttevegar med tilhøyrande masseuttak av slitelagsgrus. I ein fagrappot om grusførekomensten til vegar i Breheimen sine randområde utarbeida av Tore Østeraas i Tiliatech (2007) er dei masseuttaka som er i drift eller som vert planlagt drive i området Liavatnet – Sota – Mysubytta, samt Høydalsvatnet skildra. Sjølv om førekomstane vert vurdert som gode og lettdrivne, vil uttaka føre til stygge terrenginngrep i sårbare kulturmiljø. Dette gjeld spesielt område som er direkte knytt til stølsmiljøa. Av same årsak vert det i fagrappotens rådd i frå uttak på nokre av førekomstane, m.a. ved Mysubytta. Et grusuttag her vil ha middels negativ virkning for kulturmiljøet.

8.3.1.5 Kraftressursar

I fagrappo om kraftressursar frå Miljøfaglig Utredning AS (2008) laga av Morten W. Melbye er det vist til konkrete planer som kan ha konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø innafor utgreiingsområdet:

Norsk Hydro har søkt om ytterligare regulering av Gravdalsvatnet vest for Nørstedalseter. Norsk Hydro har og planer om auka utnytting av reguleringsanlegga i Fortunsdalen, m.a. med etablering av nye bekkeinntak for overføring av vatn frå Harbardsbreen/ Fortunsalsbreen og over til Illvatnet. I tillegg vert det vurdert heving av magasinet i Illvatnet. Det er ikkje registrert kulturminne i desse områda, men det er opplysningar (frå gamle jegerar) om ei rekkje kulturminne knytt til fangst av villrein og buplassar (tufter/hellarar) i området kring Illvatnet (Sverre Fossen, pers. kom. 2008). I tillegg til konkrete opplysingar om kulturminne er det eit stort potensial for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne i dette området. Det er eit generelt stort potensial for funn av fleire kulturminne på både vestsida og austsida av Fortunsdalen. På austsida av Fortunsdalen, ikkje langt frå dei planlagde tiltaka ligg garden Øvre Ormeli med eit særegne bygningsmiljø. Det er starta opp fredingsak av kulturmiljøet her. Garden er ein av referansegardane i det tverrfaglege forskingsprosjektet "Den tradisjonelle Vestlandsgarden", der heile gardsvaldet er grundig undersøkt. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne i dette området.

8.3.1.6 Reiseliv/ friluftsliv

Tradisjonelle aktivitetar som jakt, fangst og fotturisme er aktivitetar som ikkje krev tilrettelegging og større anlegg i vesentlig grad. Dette er aktivitetar som opprettheld gamle tradisjonar, held stiar og vegfar opne, og som gir lokalbefolkninga og tilreisande hove til å oppleve kulturminne og kulturlandskap. Vidare bruk av gamle buer er positivt. Utan bruk vil interessa for å halde desse vedlike forsvinne.

Manglande kunnskap om og interesse for førreformatoriske kulturminne, som t.d. fangstanlegg, utgjer kanskje den største trusselen. Denne type kulturminne er veldig sårbar for inngrep i form av motorferdsel, flytting av stein, brenning av bål og slitasje ved leik og klatring eller liknande. Slike kulturminne må merkes og informasjon bør, i samarbeid med kulturminneforvaltninga i fylkeskommunane, settes opp der folk ferdes, slik at omfanget av denne type slitasje kan avgrensast mest mogleg. Ved tilrettelegginga av stiar bør desse leggast unna dei mest sårbara områda. Motorisert ferdsel utom eksisterande veger kan skade kulturminna. Særleg utsett er spor etter førreformatoriske kulturminne.

Gjennom fagrappo om "Kartlegging av reiseliv, friluftsliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkridsdalen" (Torunn Grut, Hogne Sataøen, Carlo Aall, Vestlandsforskning – VF-rapport 7/05) er vi gjort kjend med fleire eksisterande planer i utgreiingsområdet:

Selskapet Stryn Glacier Mountain AS har laga planer for eit stort skianlegg på Raudeggen, mellom Mårådalen og Gamle Strynefjellsveg. Planane er lagt fram for Skjåk kommune for konsekvensutgreiing. Ei realisering av det planlagde anlegget grip direkte inn i Breheimen. Eksisterande anlegget ligg utanfor utgreiingsområdet. Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne knytt jakt og fangst, og det er eit stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området.

Eit anna prosjekt om etablering av skianlegg i Bøverdalen er presentert for Lom kommunestyre. Prosjektideen er å utvikle ein vintersportsdestinasjon i Bøverdalen med to gondolbaner frå Galdesand. Den eine skiheisen - til Storhøe. Med tanke på den store mengda med kulturminne knytt til villreinfangsten i dette fjellområdet, er potensialet for nye funn i området stort. Utbygginga av skianlegga kan koma i konflikt med kulturminna i området og gje stor negativ virkning, men bruken av anlegget på vinter tid ventas ikkje ha noko negativ virkning for kulturminna (sjå og avsnittet om gondolbane i Lom).

For å få meir forteneste ut av jaktrettane sine har Skjåk Allmenning planer om å bruke nokre av fellingsløyva på villrein i eit meir *tilrettelagd jaktopplegg*, eventuelt med guiding og anna service. Buene i fjellet som kan brukast til overnatting i samband med jakt skal framleis ha enkel standard. Opplegget kan føre til større slitasje på kulturminna knytt til veidemannkulturen.

DNT ynskjer å byggje *hytte ved Illvatnet*. Det vil dele opp turen mellom Sota og Nørdstedalseter og gjere Breheimen – Mørkridsdalen meir attraktiv for folk som ikkje vil gå så lange turar. Ei hytte bygd i tradisjonell stil, og på ei tomt som ikkje kjem i konflikt med kulturminna, vil ikkje gjere skade.

Hyttefelt ved Osen er regulert til 40 hytter. Her er det eit stort hyttefelt frå før, og for kulturmiljøa sin del kan det å vere ein fordel å samle hytteutbygginga. Det same gjeld hyttebygginga ved Liavatnet. Med omsynet på kulturlandskapet bør ikkje dei einskilde hytteområda verte for store.

Hanspikvegen. Luster kommune har i mange år arbeidd, og går inn for, at det blir bygd ein veg over Handspiken til Skjåk. Dette er eit av delmåla i næringsutviklingsdelen i kommuneplanen for Luster. I dag er det ingen godkjend plan for dette. Skjåk kommune har vore negative til ei slik realisering. Om lag 1 km av vegtraseen over Handspiki vil ligge i Luster kommune sin del av utgreiingsområdet, medan kring 12 km vil ligge i utgreiingsområdet i Skjåk kommune. Ei vegutbygging her kjem i konflikt med dei automatisk freda kulturminna i området. Det også eit stort potensial for funn av fleire forminne i dette området.

Det er eit ynskje om *skilting og merking av stiar i randsona* til eit eventuelt verneområde. All skilting og merking bør skje samordna og i samarbeid med kulturminnestyresmaktene i fylkeskommunane for å unngå skjemming og slitasje på kulturminna.

Fra Lom kommune har vi fått vete at kommunen ynskjer å avklare spørsmål kring ei framtidig *gondolbane til Lomseggen* gjennom ein kommunedelplanprosess. Kommunestyret vedtok 13.02.08 eit justert arealplanprogram for Lom kommune. Tiltakshavar ser for seg gondolen som eit virkemiddel for å auke aktiviteten, spesielt kring Lom sentrum. Det er ikkje kjende kulturminne på sjølve Lomseggen. Næraste registrerte kulturminne er fangstanlegga på Frelsareggen, fangstanlegga aust for Storiviln og i området Bord/Bjøllungshøi. Med tanke på den store mengda med kulturminne knytt til villreinfangsten i dette fjellområdet, er potensialet for nye funn i området på og ved Lomseggen stort. Ved å frakte folk inn i fjellet på denne måten, kan slitasjen på både naturterren og dei nærliggande kulturminna bli langt større enn om Gondolbanen ikkje blir bygd. Spesielt om Gondolbanen opna for terrengsykling og/eller andre aktivitetar på barmark som til dels slit mykje på terrenget. Fangstanlegga er også sårbar i høve til plukking av stein.

8.3.1.7 Veidemannkulturen

Kulturminna og kulturmiljøa knytt til den gamle veidemannskulturen ligg i dag både tilgjengeleg og ubeskytta. Mange av dei gamle buene er sette i stand og er fortsett i bruk, noko som og er det beste vernet. Det at kulturminna ligg tilgjengeleg gjev stor kunnskapsverdi og opplevingsverdi, særleg i kombinasjon med skilting/formidling. Tilstanden på mange av kulturminna knytt til fangst av villrein er varierande. Dei fleste er prega av tidas tann, og det må eit trenauge til for å kunne sjå dei. I tillegg er ei rekke dyregraver attfylt etter at dei gjekk ut av bruk (pålegg). Fleire fangstanlegg og buplassar er oppdemde eller nedbygde i samband med vasskraftutbygginga i Breheimen. Dette gjeld særleg i området ved Austdalsvatnet i Luster og kring Raudalsvatnet i Skjåk. Ved 0-alternativet vil kulturspora etter veidemannskulturen i stor grad bli liggjande urørde. Manglande kunnskap om og interesse for førreformatoriske kulturminne utgjer kanskje den største trusselen. Denne type kulturminne er veldig


sårbare for inngrep i form av motorferdsel på barmark, flytting av stein, brenning av bål og slitasje ved leik og klatring, eller liknande.

8.3.1.8 Samla virkning og konsekvens av 0-alternativet

Strenge føresegner i kommuneplanane vil i stor grad kunne sikre kulturminne og kulturmiljø mot uheldige inngrep og tiltak i utgreiingsområdet. Nye føreslegne tiltak som skissert vil måtte vurderast i høve til kommuneplanane. Kulturminna vil då vere relativt godt beskytta.

Alle dei førreformatoriske kulturminne er i prinsippet juridisk beskytta gjennom kulturminnelova, som er ein særlov som kan overstyre plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova gir vern til kulturminna gjennom juridiske planar som kommune- og reguleringsplanar, men kommunane har anledning til å gje dispensasjoner til nye tiltak i regulerte områder. Det finns og mange tiltak knytt til landbruket som ikkje er søknadsplichtige i høve til lovverket. Det siste utgjer kanskje den største trusselen for kulturminna i området. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke ut om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne. Erfaring seier at dette er noko dei fleste ikkje gjer. Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området. Ut i frå dette kan ein konkludere med at 0-alternativet ikkje gjev god nok sikring av kulturminna i utgreiingsområdet.

Ved eventuelt løyve til gjennomføring av planlagde tiltak vil dette vere tiltak som vurderast å ha middels negativ virkning for kulturminne og kulturmiljø. Samla sett vurderas 0-alternativet å ha **liten negativ virkning**:



Vurdering av konsekvensar av 0-alternativet er ei sammenstilling mellom virkning av kulturminna og kulturmiljø og deira verdi:

- A. Mørkridsdalen, Luster: Stor verdi
- B. Vigdalen Luster: Stor verdi
- C. Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom: Stor verdi
- D. Fjelldalane i Skjåk: Middels til stor verdi
- E. Breheimenmassivet: Stor verdi

Liten negativ virkning samanhalde med stor verdi gir **liten negativ konsekvens (-)**.

8.4 Alternativ 1A

Ut frå føresegnene i utgreiingsprogrammet legg ein opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreiast i alternativ 1A: Nasjonalpark (NP) som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernområde (LVO) i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster, og Naturreservat (NR) i følgjande område: Røykjeskålvatnet i Skjåk, Mørkrid i Luster og Høyrokampen i Lom.

8.4.1 Nasjonalpark som hovudverneform:

"Formålet med oppretting av nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde
 - ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
 - ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen sør
 - ta vare på vassdragsnaturen i området
 - ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar frå istida og den vetele istida, klima, vegetasjon og landskap
 - ta vare på kulturminne og kulturlandskapsinnslag
- Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.”

Verneføresegna (§3) for utgreiingsområdet beskriv under punkt 1.1 Vern mot inngrep i landskapet:

”Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller foreløpige bygningar, anlegg og innreiingar, fråsetting av campingvogner, bobilar og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, opplag av båtar, gjerder og anlegg, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og frålegging av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossilar og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossilar, drenering og annen form for tørrlegging, nydyrkning, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleiingar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplinga er ikkje uttømmande.

1.2 Føresegna i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar og andre anlegg som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpasses landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje utvendig ombygging eller utviding.
- b) vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande
- c) merking av skiløyper i samsvar med forvaltningsplan
- d) plukking av mindre steinar

1.3 Forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til:

- a) ombygging og mindre utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) bygging av bruer og legging av klopper.
- d) oppsetting av skilt og merking av nye stiar.
- e) ombygging og oppsetting av nye gjerde, sanketrøer og liknande
- f) oppføring av bygningar og anlegg som er nødvendige for utøving av reindrift
- g) bruksendring av eksisterande bygningar) riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same størrelse og for same bruk
- i) oppsetting av kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn der det eksisterer kasser i dag, i samsvar med forvaltningsplan. Ombygging og utviding skal skje i samsvar med tradisjonell lokal byggeskikk og tilpasses landskapet.

Ombygging og utviding skal skje i samsvar med tradisjonell lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.”

Under paragraf 4 om kulturminne viser ein til at ”Kulturminne skal beskyttast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.” Forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

Under paragraf 5 om Ferdsel står det at ”All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.” Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmaktene legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper. Reglene i punkt 5 gjeld ikkje gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyringsmaktene.

Det skal i tilknyting til vernet lagast ein forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v.

8.4.1.1 Virkning - nasjonalpark som verneform

Veidemannkulturen

Eit vern etter forskrift for nasjonalpark vil ivareta og verne dei mange kulturminna og kulturmiljøa etter veidemannskulturen som finst i området, og sikre mot medvetne øydeleggningar. Forskrifta er derimot ikkje tydeleg i høve til tiltak for skjøtsel av fornminna gjennom ein skjøtselsplan eller verneplan.

Forvaltingstyremaktene kan gje opning for oppsetting av skilt – i dette vert det gjeve høve for ei eventuell framtidig skilting av kulturminna.

Den kanskje største trusselen er tiltak knytt til oppføring av nye bygg og anlegg som ikkje er søknadspliktige. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke ut om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne, men av erfaring ser ein at dette er noko dei fleste ikkje gjer. Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området. Det er derfor viktig at fylkesmennene viser omsyn til mulege konfliktområde når løyper gis.

Forskrifta gjev opning for vedlikehald av gamle buer av stein og av gamle tekniske anlegg som til dømes vassvegar. Gamle bygningar frå førreformasjonen er freda etter kulturminnelova, men etterreformatoriske bygningar frå 1600-og 1700-talet har stor verneverdi då dei er i eit fåtal, og det bør ikkje tillates riving til fordel av nye buer utan god grunngjeving. Eit vern etter forskrift for nasjonalpark har stor positiv virkning for spora etter veidemannkulturen.

Jordbruk og stølsdrift

Det ligg fleire stølar innanfor området som er aktuelle som nasjonalpark, men ingen av desse er i drift. Alle er høgareliggende stølar over 650 m.o.h. som vert nytta til gjeterbu og som hytte. For gamle hus er bruk det beste vernet, og forskriften for NP er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg som ikkje fører til bruksendring. Forvaltingstyremaktene kan òg gje løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar som vil ta vare på vidare bruk, og til oppføring av nye bygningar som er nødvendige til jordbruksformål. Ingen av desse opningane sjås som nokon stor trussel, så framt det skjer kontrollert i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk med tilpassing til både eksisterande miljø og landskap.

Gamle buer frå førreformasjonen er beskytta ved freding i høve til kulturminnelova. Etterreformatoriske bygningar frå 1600-og 1700-talet har stor verneverdi då dei er i eit fåtal, og det bør ikkje gje løyve til riving til fordel av nye buer utan god grunngjeving. Ein vegledar i byggeskikk knytt til vernet kan være eit middel til å kontrollere omfanget av nødvendige endringar av både miljøa og bygningane.

Det finns eit omfattande system av vassvegar frå fjellet ned i Ottadalen i Skjåk og Bøverdalen i Lom. Eit vern etter forskrift for nasjonalpark har stor positiv virkning for både spora etter stølane og vassvegane.

Ferdsel

Forskriften gjev opning for vedlikehald av gamle stiar og bruer i området slik at desse kan bevarast for framtida. Det manglar ei presisering om vedlikehald av eksisterande bilveger i samsvar med ein forvaltningsplan i høve til at spor etter gamle kløvvegar, og ikkje minst Gamle Sognefjellsveg ligg innafor og delvis i utgreiingsgrensa. Dersom eit framtidig vedlikehald av veg og vardar blir tydeliggjort i

forskriften vil eit vern etter forskrift for nasjonalpark ha stor positiv virkning for kulturminna som er knytt til ferdsel.

Motorferdsel


All kjøring utafor veger og kjørespor på barmark kan i prinsippet øydelegge kulturminna på bakken då dei ikkje alltid er så lett å oppdage. Motorferdsel er eit forstyrrende element som bryt med dei beskrivne kvalitetar innafor utreiingsområdet for vern. Et vern etter forskrift om nasjonalpark vil ikkje vere til hinder for nyttetrafikken som er ein naturleg føresetnad for å vidareføre dagens bruk av området. Samtidig sett forskriften et klar forbod til unødig motorisert ferdsel i området. Dette kan bidra til å forhindre uvettig kjøring i eit sårbart kulturlandskap. Et vern etter forskrift for nasjonalpark vil ha stor positiv virkning for kulturminne og kulturmiljø, spesielt gjennom eit forbod om barmarkskjøring.

Reiseliv/ turisme

Det er finns ein del overnatningshytter knytt til Den Norske Turistforeining innan utreiingsområdet som er bunde saman med eit stinett som omfattar DNT-hytter både innafor og utafor utreiingsområdet. Alle hyttane er bygd på 1900-talet, og fleire av stiane følgjer gamle ferdelsårar i område. Nokre av hyttene er av historisk verdi ut i frå alder. I og med at dei fleste er ombygde er det usikkert på i kor mykje av det autentiske preget som er att. Den største verdien har dei samla som ein del av DNT si historie.

Forvaltningsstyremaktene kan gje løyve til vedlikehald, ombygging og mindre utviding av bygningar for å tilpasse endring av bruk og behov, men det er ikkje tillede å byggje nye overnatningshytter/ fritidshus i verneområdet. Vernet vil hindre eller sette krav til nye tiltak som kan forårsake øydeleggingar av spesielt dei førreformatoriske kulturminna i området. Vernet kan og føre til auka turisttrafikk i Breheimen. Et vern etter forskrift for nasjonalpark vil ha stor positiv virkning for kulturminne og kulturmiljø knytt til reiseliv.

Samla vurdering virkning nasjonalpark:



8.4.2 Landskapsvernombåde som verneform

"Formålet med landskapsvernombåde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakker natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfold som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekommstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging."

Verneføresegna (§3) for utreiingsområdet beskriv under punkt 1.1 Inngrep i landskapet: "Området er vernet mot inngrep som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapets art eller karakter. Med de unntak som følgjer av forskriften punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller midlertidige bygningar, anlegg og innretningar, fråsetting av campingvogner, bobil og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossilar, drenering og annen form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeidning og

merking av stier, løyper o.l. Kulturminner skal beskyttast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Forvaltningsstyresmaktene avgjør i tvilstilfelle om et tiltak kan endre landskapets art eller karakter vesentlig.

1.2 Føresegna i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpasses landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje utvendig ombygging eller utviding.
- b) vedlikehald av eksisterande stier, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- c) merking av skiløyper i samsvar med forvaltningsplan
- d) vedlikehald av eksisterande veier i samsvar med forvaltningsplan.
- e) drift og vedlikehald av jordbruksareala i delområde....Retningsliner for drift fastsettes i forvaltningsplan.
- f) anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerding i delområde...
- g) drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og nødvendig istandsetting ved akutt utfall.
- h) oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.
- i) plukking av mindre steinar.

1.3 Forvaltningsstyresmaktene kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- c) oppføring av nye bygningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål i sone...
- d) riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same størrelse og for same bruk
- e) oppføring av bygningar og anlegg som er nødvendig for utøving av tamreindrift.
- f) bygging av bruer og legging av klopper
- g) oppsetting av skilt og merking av nye stier
- h) uttak av sand/ skjelsand til eiga bruk etter retningslinjer fastsett i forvaltningsplan
- i) oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje faller inn under § 3 punkt. 1.2 g)
- j) oppsetting av kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn der det eksisterer kasser frå før, i medhald av
forvaltningsplan.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpasses landskapet.”

Forskriften for landskapsvernområde er i hovudsak den same som for nasjonalparkar, men den første opnar for fleire dispensasjonar knytt til drift og vedlikehald. Punkta 1.2 a, b, c og i og 1.3 a, b, d, e, f, g og j er identiske i begge forskriftene. Punkt 4 om kulturminner og punkt 5 om ferdsel er identiske med forskrift for nasjonalpark. Motorferdsel til lands og på vatn er forbode, her under start og landing med luftfartøy. Forskriften for LVO opnar under punkt 6 om motorferdsel for fleire tiltak.

Det skal knytt til vernet lagast ein forvaltningsplan med nærmare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v.

8.4.2.1 Virkning - landskapsvernområde som verneform

Det er i hovudsak dalføra med seterlandskapet samt Gamle Strynefjellsveg som omfattast av LVO i alternativ 1A.

Jordbruk og stølsdrift

Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde tar i større grad vare på næringsinteressa knytt til landbruket i dalføra. Med utgangspunkt i ein forvaltningsplan for områda vil setermiljøa i større grad bli levedyktige gjennom vidare bruk. For gamle hus er bruk det beste vernet, og forskriften for LVO er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg som ikkje fører til bruksendring.

Forvaltingstyremaktene kan òg gje løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar som vil ta vare på vidare bruk, og til oppføring av nye bygningar som er nødvendige til jordbruksformål. Ingen av desse opningane sjås som nokon stor trussel, så framt det skjer i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk med tilpassing til både eksisterande miljø og landskap. Det finns tiltak knytt til landbruket som ikkje er søknadspliktige i høve til lovverket noko som utgjer ein trussel for kulturminna i området. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke ut om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne, men erfaring seier at dette er noko dei fleste ikkje gjer. Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området. Det er derfor viktig at fylkesmennene viser omsyn til mulege konfliktområde når løyper gis.

Gamle buer frå førreformasjonen er allereie beskytta freding i høve til kulturminnelova.

Etterreformatiske bygningar frå 1600-og 1700-talet har stor verneverdi då dei er i eit fåtal, og det bør ikkje gje løyve til riving til fordel av nye buer utan god grunngjeving. Ein vegledar i byggeskikk knytt til vernet kan være eit middel til å kontrollere omfanget av nødvendige endringar av både miljøa og bygningane.

Et vern etter forskrift for landskapsvernområde vil ha stor positiv virkning for spora etter stølslivet i dalføra.

Veidemannkulturen

Spora som finns i dalføra etter veidemannkulturen vil og langt på veg vere verna dersom landskapsvernområde blir verneform. Forvaltingstyremaktene kan gje opning for meir trafikk gjennom vedlikehald av eksisterande vegar, kraftanlegg/-liner, sanketrøer/ gjerder og jordbruksreal som igjen kan bidra til å øydeleggje eller skade kulturminna dersom dei ikkje er kjende. Det finns imidlertid mange tiltak knytt til landbruket som ikkje er søknadspliktige i høve til lovverket. Det siste utgjer kanskje den største trusselen for kulturminna i området. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke ut om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne. Erfaring seier at dette er noko dei fleste ikkje gjer. Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området.

Tilleggs punkta som forskrift om landskapsvernområde opnar i høve til motorferdsel synes heller ikkje å bidra til å øydeleggje kulturminna dersom all barmarkskjøring går i godkjende kjøretrasear eller på eksisterande vegar på barmark. Også barmarkferdsel knytt til vedhogst til egen bruk, drift/ reperasjoner av kraftlinjer og uttransport av sjuke dyr bør gå i kjende trasear der ein veit at det ikkje er kulturminner. Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde har middels til stor positiv virkning for spora etter veidemannkulturen i dalføra.

Ferdsel

Forskriften gjev opning for vedlikehald av eksisterande bilvegar i samsvar med forvaltningsplan slik at desse kan bevarast for framtida. Gamle Strynefjellsveg ligg i utkanten av utgreiingsområdet. Eit framtidig vedlikehald av vegen har ingen store negative konsekvensar for vegen som nasjonalt kulturminne. Vanleg vedlikehald av stølsvegar og lokale vegar i området har heller ikkje nokon negative konsekvensar for dalføra. Vedlikehald av stiar og bruer er også teke vare på i forskrifta. Verneforskrifta


gir ikkje anledning til å bygge nye veger i området. Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde vil difor ha stor positiv virkning for kulturminne knytt til ferdsel.

Reiseliv/ turisme

Det er oppført fleire overnattingshytter knytt til Den Norske Turistforening, berre Vigdalssstøl ligg innafor LVO-området. Vigdalsstøl er eit ombygd gamalt stølshus. Fleire av stiane følgjer gamle ferdelsårar i område. Forvaltingstyresmaktene kan gje løyve til ombygging og mindre utviding av desse bygningane.

Verneforskrifta gir ikkje anledning til bygging av nye hyttefelt i området. Bygging av nytt hytteområde i Mørkridsdalen er som del av kommuneplanen vurdert til å ha få konsekvensar for vern av området. Hytteområda må då tilpasse seg eksisterande byggeskikk og kulturlandskap. Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde vil difor ha stor positiv virkning for kulturminne knytt til reiseliv.

Samla vurdering virkning landskapsvernområde:



8.4.3 Naturreservatreglar

Røykjeskålvatnet i Skjåk:

"Føremålet med naturreservat er å taka vare på eit til dels urørt naturområde med sitt biologiske mangfold i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har ein særskilt verdi fordi det er relativt stort og godt arrondert, deler av områder har urskognær furuskog, samt at området har førekommstar av sjeldsynte og trua artar innan fleire artsgrupper."

Høyrokampen i Lom


"Formålet med naturreservat er å taka vare på eit spesielt naturområde med sitt biologiske mangfold i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har ein særskilt verdi som ein klassisk botanisk lokalitet med unike førekommstar av sjeldsynte og trua karplantar, lav, mosar og sopp, og er særsviktig som vitskapleg og pedagogisk referanseområde. Området har også stor variasjon i naturtypar, samt førekommstar av sjeldsynte geologiske formelement."

Mørkrid i Luster

"Formålet med naturreservatet er å taka vare på eit urørt/tilnærma urørt/spesielt (alternativ, kan og kombinerast)område (t.d. skog, våtmark, myr, eventuelt berre "naturområde") som økosystem med alt naturleg plante- og dyreliv. Spesielle kvalitetar er Området har særskilt pedagogisk/vitskapleg tyding som referanseområde/skil seg ut ved sin eigenart (alternativ, kan også kombinerast)."


Samla vurdering virkning naturreservatreglar:

Det er registrert få kulturminner i dei tre områda som er foreslått som naturreservat. I forskriften for naturreservat er det teke med løyve til vedlikehald/ skjøtsel av kulturminna, og til vedlikehald av Sognefjellsvegen, som vil bli liggande delvis innafor og delvis i ytterkanten av utgreiingsgrensa i aust ved Høyrokampen i Lom.



8.4.4 Samla omfang alternativ 1A

Samla sett vurderas alternativ 1A å ha **stor positiv virkning**:



Vurdering av konsekvensar av 0-alternativet er ei sammenstilling mellom omfang av kulturminna og kulturmiljø og deira verdi:

- A. Mørkridsdalen, Luster: Stor verdi
- B. Vigdalen Luster: Stor verdi
- C. Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom: Stor verdi
- D. Fjelldalane i Skjåk: Middels til stor verdi
- E. Breheimenmassivet: Stor verdi

Stor positiv virkning samanhilde med stor verdi gir **stor positiv konsekvens** (+++).

8.5 Alternativ 1B

Ut frå føresetnadene i utgreiingsprogrammet legg ein opp til at følgjande verneformer skal konsekvensutgreia i alternativ 1B: Nasjonalpark (NP) som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernombord (LVO) i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydal i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster.

8.5.1 Nasjonalpark som hovudverneform:

Alternativ 1B er lik alternativ 1A med unntak av at dei tre områda foreslått verna etter forskrift for naturreservat (NR); Røykjeskålvatnet i Skjåk, Høyrokampen i Lom og Mørkrid i Luster, foreslåas utgreia som nasjonalpark.

8.5.1.1 Virkning - nasjonalpark som verneform


Konsekvensane for eit vern etter forskrift for nasjonalpark vil vere lik alternativ 1A med dei to delområda Røykjeskålvatnet i Skjåk og Høyrokampen i Lom. Et vern etter forskrift for landskapsvernombord vil ha stor positiv konsekvens for kulturminne og kulturmiljø i fjellområda.

8.5.2 Landskapsvernombord som verneform:

Alternativ 1B er lik alternativ 1A, med eit lite område i Mørkrid i Luster i tillegg.

8.5.3 Samla omfang alternativ 1B

Samla sett vurderas alternativ B å ha **stor positiv virkning**:



Vurdering av konsekvensar av 0-alternativet er ei sammenstilling mellom omfang av kulturminna og kulturmiljø og deira verdi:

- A. Mørkridsdalen, Luster: Stor verdi
- B. Vigdalen Luster: Stor verdi
- C. Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom: Stor verdi
- D. Fjelldalane i Skjåk: Middels til stor verdi
- E. Breheimenmassivet: Stor verdi

Stor positiv virkning samanhilde med stor verdi gir **stor positiv konsekvens (+++)**.

8.6 Alternativ 2

I alternativ 2 inngår standard forskriftsmål for landskapsvernområde for heile utgreiingsområdet.

8.6.1 Landskapsvernområde som hovudverneform

"Formålet med landskapsvernområde er å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap med det biologiske mangfald som pregar landskapet.

Formålet er vidare å

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen sør
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar frå istida og den vetele istida, klima, vegetasjon og landskap
- ta vare på kulturminne og kulturlandskap

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging."

8.6.1.1 Virkning - landskapsvernområde som verneform

Heile utgreiingsområde omfattast av forskriftsmål for landskapsvernområde i alternativ 2.

Jordbruk og stølsdrift

Det ligg nokre stølar over tregrensa. Dei er ikkje i drift, men vert nytta til gjeterbuer og/eller hytter. Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde tar i større grad vare på næringsinteressa knytt til landbruket i dalføra. Med utgangspunkt i ein forvaltningsplan for områda vil setermiljøa i større grad bli levedyktige gjennom vidare bruk. For gamle hus er bruk det beste vernet, og forskriften for LVO er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg som ikkje fører til bruksendring.

Forvaltingstyremaktene kan og gje løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar som vil ta vare på vidare bruk, og til oppføring av nye bygningar som er nødvendige til jordbruksformål. Ingen av desse opningane sjås som nokon stor trussel, så framt det skjer i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk med tilpassing til både eksisterande miljø og landskap. Ein vegledar for byggeskikk knytt til vernet kan være eit middel til å kontrollere omfanget av nødvendige endringar av både miljøa og husa.

Forskrifta gjer og moglegheit for oppføring av nye bygningar og anlegg som er nødvendig for utøving av tamreindrift og landbruk. Nye bygningar og anlegg kan ha negative konsekvensar for dei førreformatiske kulturminna i fjellheimen dersom lokalisering, omfang og form ikkje styrast. Det ligg ein trussel i tiltak knytt til oppføring av nye bygg og anlegg som ikkje er søknadspliktige. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke ut om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne, men av erfaring ser ein at

dette er noko mange ikkje gjer. Verdifulle kulturminne kan av den grunn gå tapt uforvarande.

Forskrifta gjev opning for vedlikehald av gamle steinbuer og av gamle tekniske anlegg som til dømes vassvegar. Gamle bygningar frå førreformasjonen er freda etter kulturminnelova, men etterreformatoriske bygningar frå 1600-og 1700-talet har stor verneverdi då dei er i eit fåtal, og det bør ikkje tillates riving til fordel av nye buer utan god grunngjeving. Heller ikkje ombygging og/ eller påbygging av stort omfang.

Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde vil ha middels til stor positiv virkning for jordbruk og stølsliv i Breheimen.

Veidemannkulturen

Spora etter veidemannkulturen vil langt på veg vere verna dersom landskapsvernområde blir verneform. Forskrifta er derimot ikkje tydeleg nok i høve til tiltak for skjøtsel av forminna frå veidemannkulturen, med mindre dette tenkast ivaretatt gjennom ein forvaltingsplan. Forvaltingstyresmaktene kan gje opning for oppsetting av skilt – i dette gis også ein opning for ein eventuell framtidig skilting av kulturminna.

Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området. Det er derfor viktig at fylkesmennene viser omsyn til mulege konfliktområde når løyper til nye tiltak gis.

Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde har middels til stor positiv virkning for spora etter veidemannkulturen.

Ferdsel

Forskrifta gjev opning for vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med ein forvalningsplan, slik at vegane kan bevarast for framtida. Både Gamle Strynefjellsveg og Sognefjellsvegen ligg i utkanten av utgreiingsområdet. Eit framtidig vedlikehald av vegane har ingen store negative konsekvensar for vegane som nasjonale kulturminne. Verneforskrift for LVO gir ikkje anledning til å bygge nye veger i området, men forskrifta gjev opning for vedlikehald av gamle stølsvegar, kløvvegar, stiar og bruar slik at desse kan bevarast for framtida. Eit vern etter forskrift for landskapsvernområde har stor positiv virkning for kulturminne knytt til ferdsel.

Motorferdsel

Forvaltingstyresmaktene kan gje opning for meir motorferdsel gjennom vedlikehald av eksisterande vegar, kraftanlegg/-liner, sanketrøer/ gjerder og jordbruksreal som igjen kan bidra til å øydeleggje eller skade kulturminna dersom dei ikkje er kjende. Tilleggspunkta som forskrift om landskapsvernområde opnar i høve til motorferdsel treng ikkje å øydeleggje kulturminna dersom all barmarkskjøring går i godkjende kjøretrasear eller på eksisterande, godkjende vegrar på barmark.


Reiseliv/ turisme

Vernet kan og føre til auka turisttrafikk i Breheimen. Det er oppført fleire overnattingshytter knytt til Den Norske Turistforeining. Alle hyttene er bygd på 1900-talet, og fleire av stiane følgjer gamle ferdelsårar i området. Forvaltingstyresmaktene kan gje løyve til vedlikehald, ombygging og mindre utviding av desse bygningane.

Verneforskrifta gir ikkje anledning til bygging av nye hyttefelt i området. Bygging av nytt hytteområde i Mørkridsdalen er som del av kommuneplanen vurdert til å ha få konsekvensar for vern av området. Hytteområda må tilpasse seg eksisterande byggeskikk og kulturlandskap.

8.6.2 Samla virkning alternativ 2

Samla sett vurderas alternativ å ha **middels til stor positiv virkning**:



Vurdering av konsekvensar av 0-alternativet er ei sammenstilling mellom omfang av kulturminna og kulturmiljø og deira verdi:

- A. Mørkridsdalen, Luster: Stor verdi
- B. Vigdalen Luster: Stor verdi
- C. Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom: Stor verdi
- D. Fjelldalane i Skjåk: Middels til stor verdi
- E. Breheimenmassivet: Stor verdi

Middels til stor positiv virkning samanhilde med stor verdi gir **middels til stor positiv konsekvens** (++ / +++).

8.7 Samla konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø

Lokalitet	0-alternativet	Alternativ 1A	Alternativ 1B	Alternativ 2
A. Mørkridsdalen, Luster	Liten negativ konsekvens (-)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)
B. Vigdalen Luster	Liten negativ konsekvens (-)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)
C. Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen, Lom	Liten negativ konsekvens (-)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)
D. Fjelldalane i Skjåk	Ingen til liten negativ konsekvens (0/ -)	Stor positiv konsekvens (+++)	Middels til stor positiv konsekvens (++/+++)	Middels positiv konsekvens (++)
E. Breheimenmassivet	Liten negativ konsekvens (-)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)
Samla konsekvensvurdering	Liten negativ konsekvens (-)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Stor positiv konsekvens (+++)
Rangering		2	1	3

- - - Svært store negative konsekvensar
- - Store negative konsekvensar
- - Middels negative konsekvensar
- Små negative konsekvensar
- 0 Ubetydelige/ ingen konsekvensar

- + Små positive konsekvensar
- ++ Middels positive konsekvensar
- +++ Store positive konsekvensar
- ++++ Svært store positive konsekvensar

9 AVBØTANDE TILTAK

9.1 Skjøtsel/ restaurering/ tilrettelegging

- Det må vurderast om det som del av forvaltningsplanen skal lagast ein skjøtselsplan for dei mange kulturminna knytt til fangstkulturen og til stølsdrift.
- Det anbefalast å foreta skilting av valde kulturminne/ kulturmiljø. Dette vil fungere preventivt i høve til slitasje og skader. Skilting må skje i samråd med kulturminnestyresmaktene.
- For å ivareta den lokale byggeskikken i stølsdalane vert det rådd til å få utarbeidd ein eigen vegledar for byggeskikk, både med omsyn på restaurering av eksisterande bygg og nybygging. Vegledaren må utarbeidast i samråd med kulturminnestyresmaktene.
- Det foreslåas at stiane som har størst ferdsel vurderast særleg med tanke på slitasje og skade på kjende og til no ikkje kjende kulturminne og kulturmiljø.
- Særleg viktige stolar og fangstanlegg bør leggjast inn på eit konfliktkart for å vise dei områda der det må visast særskild aktsemd ved nye tiltak.

9.2 Justering av vernegrense

I områda ved Geisdalen, Fåberg, Vigdalen, Breidsete og Dalsdalen bør ein vurdere å flytte vernegrensene slik at desse viktige kulturmiljøa kjem innanfor vernegrensene. Dette gjeld likeins for stølsområda til Ormelid (Øvstestølen og Øvste Stølsdalen) i Fortunsdalen. Her bør ein også vurdere om vernegrensene bør justerast slik at fjellgarden Øvre Ormelid, med det heilt særegne bygningsmiljøet og tradisjonelle kulturlandskapet, vert liggande innanfor plangrensene.

Dei store elgfangstanlegga i Skjåk og Lom ligg utanfor vernegrensene. Det hadde vore ein kvalitet for vernet av Breheimen - Mørkridsdalen at nokre av dei store elgfangstanlegga vart liggande innanfor vernegrensa, særleg med omsyn på formidling og reiseliv. Ein bør vurdere ei justering av vernegrensene for å fange inn nokre av dei store anlegga.

10 VURDERING AV GRUNNLAGSMATERIALE OG BEHOV FOR VIDARE ARBEID

Forslag til ramme for handlingsplan

Dei registrerte kulturminna som er nytta som grunnlag for denne utgreiinga, gjev ikkje eit komplett bilet av førekomensten av kulturminne i Breheimen - Mørkridsdalen. Potensialet for funn av hittil uregistrerte kulturminne er stort i alle delar av Breheimen. Dei fjelldalane og fjellområda som vender ned mot Jostedalen, og som vart registrert og undersøkt i samband med kraftutbygginga på 80-talet, er dei best kartlagde områda innanfor utgreiingsområdet. Men også her er potensialet for funn av nye kulturminne stort. I utgreiingsområdet er det berre kulturminne knytt til kraftutbygginga som har vore gjenstand for ei grundigare arkeologisk undersøking.

Mølmen, Dagsgård, Ese og Fossen sine registreringar har ikkje resultert i vidare arkeologiske undersøkingar. Vi har difor lite kunnskap om kulturminna i desse registreringane, både med omsyn på type kulturminne og alder. Vi får likevel eit visst bilet over tidsdjupna på anlegga gjennom Randers sine undersøkingar. Særleg gjeld dette dyregravene som her er datert til eldre og yngre jernalder, men også busetnadspora, som viser at menneska har hatt tilhald her gjennom heile førhistoria, frå eldre steinalder og fram til i dag.

Dei seinare åra er det utført fleire større arkeologiske undersøkingar av førhistoriske fangstanlegg, busetnadspor og jernvinna (t.d. Gråfjell, Rødsmoen), og ei rekke mindre undersøkingar. Alle desse prosjekta har vore knytt til større og mindre utbyggingsprosjekt. Det har ikkje vore undersøkingar av kulturminne innanfor utgreiingsområdet i dei seinare åra.

I arbeidet med å samle/skaffe eit oversyn over registreringane av automatisk freda kulturminne i Breheimenområdet går det klart fram at det er trong for ei meir nøyaktig og fullstendig oppmåling av kulturminna. Eit utval av kulturminna er lagt inn i Askeladden, men dei fleste er lagt inn utan ny, eksakt innmåling i felt.

Den største trusselen for kulturminna i Breheimen er mest truleg den därlege kartfestinga. Dette kan skape uheldige situasjoner der kulturminne går tapt i samband med nye tiltak i Breheimenområdet, som til dømes hyttebygging, kraftutbygging, vegbygging, men også landbruksrelaterte tiltak.

Det bør difor lagast ein eigen handlingsplan for å samle og registrere alle kulturminna som finst i dette området, og sikre desse uansett vern eller ikkje. Vårt forslag til handlingsplan er tredelt.

Aktuelle tiltak i handlingsplan

Utom den samlinga av registreringar og kartfesting som denne utgreiinga viser, er det nødvendig å sette i verk fleire tiltak for å få eit komplett bilet av kulturminna i området. Følgjande tiltak må gjennomførast:

- Det bør utførast eit omfattande feltarbeid der alle kjende kulturminne i Breheimen vert kartfesta med bruk av GPS, fotodokumentert, og der ein gjer ei vurdering av tilstanden for kulturminna, for så å legge dette samla inn i Askeladden. Gjennom dette feltarbeid vil ein også kunne avdekke og registrere nye funn i området. Skjåk kommune er ein av kommunane i Riksantikvaren sitt Miljøovervåkingsprosjekt (2008 – 2014). Prosjektet har som føremål å redusere tapet av automatisk freda kulturminne.

- I samband med synfaringa bør også tilstanden på kulturminna vurderast. Ved ei tilstandsvurdering vil ein fanga opp om der er område eller kulturspor som er i ferd med å forsvinne eller er truga må annan måte. Tilstandsvurderinga bør ende opp i ein skjøtselsplan for kulturminna i Breheimen – Mørkridsdalen.
- Særleg viktige stolar og fangstanlegg bør leggjast inn på eit konfliktkart for å vise dei områda der det må visast særskild aktsemd ved nye tiltak. Utgangspunktet for konfliktkartet kan til dømes vera dei lokale kulturmiljøa som er med i denne konsekvensutgreiinga. Desse fangar opp dei viktigaste lokalitetane.

Antatt tidsforbruk gjennomføring

Det gjenstår med andre ord ganske mykje arbeid med å få eit komplett bilet av førekomsten av kulturminna i Breheimen – Mørkridsdalen. Berre ca 30 av vel 1000 lokalitetar er per i dag lagt inn i Askeladden. Ingen av desse er kartfestet med GPS.

Grovt regna kan handlingsplanen gjennomføres innafor følgende tidsramme:

Oppgåve	Innhald	Ukeverk
Førebuing	Plan for registrering av ulike områder, oppdeling i bolker, logistikk i gjennomføring av registreringane og transport etc.	2 ukeverk
Feltarbeide	Registrering og vurdering av tilstand (tidsforbruk vil avhenge av tilgang av effektiv transport som t.d. helikopter).	8-12 ukeverk
Etterarbeid	Innlegging av data på Askeladden	14 ukeverk
Skjøtselsplan og konfliktkart	Vurdering av tilstand, prioriteringer og skriving av planen	6 dagsverk

Då arbeidet er omfattande i tid, og Breheimen snøfri berre ein månad i året, må arbeidet gjerast over fleire sesongar.

KJELDER

Anne Mette Haugen, 2006. Fersel og kommunikasjon i Jostedalen. Upublisert hovedoppgåve i Arkeologi. Universitetet i Bergen.

Ann Katrine Sivertsen. Jordbruks- og busettadsutvikling i Jostedalen. Upublisert hovedoppgåve i arkeologi. Universitetet i Bergen. 2006.

Asbjørn Rune Aa og Eivind Sønstegaard. Breheimen – Mørkridsdalen Geologi og landformer. 2006.

Bernt Rundberget (red). Jernvinna i Gråfjellsområdet. Gråfjellprosjektet Bind I. Varia 63. Kulturhistorisk Museum, Fornminneseksjonen. Universitetet i Oslo. Oslo 2007.

Bjørn Dalen, Skjåk – fotografiar.

Dag Myklebust (redaktør). Bevaring av kulturminner i Norge. Kulturarv og vern. Riksantikvaren. Universitetsforlaget 1988.

Den Norske turistforening – www.turistforeningen.no

Einar Ese – Gamle fangstanlegg for villrein i fjellområda langs Jostedalen. Jostedal skule- og bygdeavis.

"Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001", Luster kommune 2000.

Fylkeskonservatoren i Oppland; Registrering av faste kulturminne i Norge – Skjåk. Lillehammer 1984.

"Gamle hus nå og da" Status for Sefrak-registrerte bygg i Sjåk kommune. Oppland fylkeskommune 2002.

Geografisk innsyn Innlandet www.innlandsgis.no

Gerd Bolstad, Mons Kvamme. Kulturhistoriske registreringar i Breheimen 1980. Arkeologiske rapporter 1 Historisk museum, universitetet i Bergen. 1980.

Harald Jakobsen, Jørn-R. Follum; "Kulturminner og skogsbruk". Skogbrukets kursinstitutt 1997

Ingunn B. Skjerdal; "Registrering av landbruket i samband med verneplanarbeid for Breheimen – Mørkridsdalen". Aurland Naturverkstad BA – Rapport nr 3 – 2006.

Jorun Gjære. Konsekvensutgreiing. Verneplan Breheimen – Mørkridsdalen, Samferdsle. Asplan Viak AS. 2008.

Julshamn, Bade, Valvik & Larsen. Vestlandsgården – fire arkeologiske undersøkelser. Havrå – Grinde – Lee – Ormelid. Arkeologiske avhandlinger og rapporter. Universitetet i Bergen, Bergen 2002.

Kari Møyner, Irene Skauen Sandodden, Cathrine Thorsteinsen; "Varderekken over Sognefjellet"

Registreringar 2005. Kulturhistorisk rapport 2005-1. Oppland fylkeskommune, kulturvern. ISSN 1500-5399.

Lars Erik Narmo. Jernvinna i Valdres og Gausdal – et fragment av middelalderens økonomi. Varia 38. Universitetets Oldsaksamling. Universitetet i Oslo. Oslo 1996.

Lee – Ormelid. Arkeologiske avhandlingar og rapporter. Universitetet i Bergen, Bergen 2002.

Kjetil Bevanger, Frank Hansen, Per Jordhøy; "Villreinen i Ottaområdet". NINA Rapport 227 - 2007.

Kleppa H., Sperle, S. 2000/2001: Gjetarhytta på Viva, Jostedal skule og bydeavis. Nr. 44, 1/2000/2001, Artikkel

Kåre Øvregard; "Stølar og Stølsliv i Luster kommune" 1999

L. Lervik 1999

Lil Gustafson. Arkeologiske registreringar i Mørkri-, Utla- og Feigumvassdraget, Verneplan for vassdrag – 10 års vernede vassdrag. Arkeologiske rapporter nr. 4 Historisk museum, universitetet i Bergen. 1982.

Lom Tamreinlag ved Bjørn Dalen, kontaktperson i miljø og næringsetaten, Sjåk kommune

Mons Kvamme og Kjersti Randers. Breheimenundersøkelsene 1981. Arkeologiske rapporter nr. 3 Historisk museum, universitetet i Bergen. 1982.

Morten W. Melbye 2008 Konsekvensutgreiing Verneplan Breheimen – Mørkridsdalen, Kraftressursar. Miljøfaglig Utredning AS 2008.

Mølmen, Øystein; "Jakt- og fangstkulturen i Sjåk og Finndalsfjellet". Sjåk kommune 1988.

Mølmen, Øystein; "Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen. Felt 2. Fangst og jakt på villrein". 1976.

Mølmen, Øystein; "Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen. Felt 1, 3, 4 og 5. Fangst og jakt på villrein". 1977.

NOU 1983: 43 "Kulturminner og vassdragsvern" (objekt nr 26 Mørkri).

Olav Svestad – Jon Kolden "Vassvegar i Lom". Lom Heimbygdslag 1996

Randers K, Kvamme M. Breheimundersøkelsene 1982-1984. I: Høyfjellet. Arkeologiske rapporter 10, Historisk museum, universitetet i Bergen. 1992.

Randers K, Kvamme M. Breheimundersøkelsene 1982-1984 II: Stølsområdene. Arkeologiske rapporter 15, Historisk museum, universitetet i Bergen. 1992.

Rapport 2-2008: Stølane i Mørkridsdalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Foto: Vatne Vision.

Sametinget ved Bjørn Berg, Saemien Sijtie, Snåsa

Skjåk bygdebok bind 1: Historia fram til 1537 av Hans P. Hosar (Sjåk kommune 1994)

SPOR nr 2 / 1991 "Jakt og fangst"

Statens vegvesen; Vegvalg. Nasjonal verneplan. Veger – bruer – vegrealterte kulturminner. 2002

Stein Grjotheim; "Setra og bygda 1850-1940, omlegginga av seterbruket i Sjåk sett i ljós av utviklinga i bygda". Hovudoppgåve i historie. Universitetet i Trondheim våren 1978.

Steen, S. 1942: Ferd og fest. Reiseliv i Norsk sagatid og Middelalder. Oslo.

Sverre Fossen. Kartfestingar av fangstminne i Jostedalsfjella (tre kartskisser).

Sverre saga = Norges Kongesagaer, bn. 2. Jubileumsutgave 1979. Oslo.

Tina Amundsen (red). Elgfangst og Bosetting i Gråfjellsområdet. Gråfjellprosjektet Bind II. Varia 64. Kulturhistorisk Museum, Fornminneseksjonen. Universitetet i Oslo. Oslo 2007.

Topografisk Arkiv. De Kulturhistoriske samlinger. Bergen Museum. Universitetet i Bergen.

Torunn Grut, Hogne Sataøen, Carlo Aall; "Kartlegging av reiseliv, friluftsliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkridsdalen". Vestlandsforskning – VF-rapport 7/05.

Tore Østeraas 2007 Konsekvensutgreiing Verneplan Breheimen – Mørkridsdalen, fagrappoert om grusforekomsten til vegar i Breheimen sine randområder. Tiliatech 2007.

www.fylkesarkiv.no og www.fylkesatlas.no Sogn og fjordane

"Vatnet – kulturhistori frå Skjåk" av Gregor Kummen. Sjåk Historielag 1983

Munnlege kjelder:

Bjørn Berg, Saemien Sijtie Snåsa

Bjørn Dalen, Skjåk kommune

Einar Ese, Luster

Erling Dagsgård, Skjåk kommune

Eva Moberg, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Irene Skauen Sandodden, Oppland fylkeskommune

Jørn Karlsen, Fylkesmannen i Oppland

Kjersti Randers, Riksantikvaren

Knut Åland, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kristine Sørli, Lom kommune

Mons Kvamme, Bergen

Morten W. Melby, Miljøfaglig utredning

Per Dagsgård, Skjåk kommune

Sander Sælthun, Lom kommune

Sverre Fossen, Leikanger

Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

VEDLEGG

- 1. TEMA KART KULTURMINNER OG KULTURMILJØ**
- 2. LISTE OVER KULTURMINNE FRA ELDRE TID**